



Kulturstatistikk 2020

TAL

SOM FORTEL

STATISTISKE ANALYSAR / STATISTICAL ANALYSES

168



I serien Statistiske analysar vert det publisert analyser av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske tilhøve til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at publikasjonane òg kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller tilverkingssmetodar.

© Statistisk sentralbyrå

Forsidebilde: Colourbox

Publisert 10. desember 2021

Retter 14. desember 2021, side 28 og 24. januar 2022: side 26.

ISBN 978-82-587-1434-4 (trykt)

ISBN 978-82-587-1435-1 (elektronisk)

ISSN 804-3221

Standardtegn i tabeller	Symbol
Ikke mulig å oppgi tall Tall finnes ikke på dette tidspunktet fordi kategorien ikke var i bruk da tallene ble samlet inn.	.
Tallgrunnlag mangler Tall er ikke kommet inn i våre databaser eller er for usikre til å publiseres.	..
Vises ikke av konfidensialitetshensyn Tall publiseres ikke for å unngå å identifisere personer eller virksomheter.	:
Desimaltegn	,

Forord

Kulturstatistikk 2020 gjev i tekst, figurar og tabellar eit hovudbilete av ulike kulturområde, tal for offentlege utgifter, informasjon om sysselsetjing og føretaksdemografi i kulturnæringa samt oversikt over deltaking i ulike kulturelle aktivitetar. Føremålet med publikasjonen er å skildre og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg. 2020 var eit spesielt år som var prega av den verdsomspennande covid-19-pandemien. Påverknaden som pandemien har hatt på kulturlivet reflekterast i mange av tala.

Kulturstatistikk er ein årleg publikasjon som frå 1975 til 2008 har vore publisert i serien Noregs offisielle statistikk, unntatte frå åra 2004 og 2005 då den vart publisert i serien Statistiske analysar. Alle utgåver er digitalt tilgjengelege på Statistisk sentralbyrå sine nettsider. Frå 2009 har publikasjonen Kulturstatistikk vore publisert i serien Statistiske analysar, og den er tilgjengeleg i pdf-format under adressa: <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk>

Publikasjonen er utarbeidd ved Seksjon for utdannings- og kulturstatistikk. Line Gjermshusengen har vore koordinator for publikasjonen. Fam Vivian Bekkengen, Elin Såheim Bjørkli, Øyvind Solli Bolsgård, Carl Franklin Corneil, Hilde Sofie Frydenberg, Elisabeth Haraldsrud, Hossein Moafi, Emma Castillo Schiro, Per Torstein Tuhus og Andreas Østhus har vore medforfattarar.

Statistisk sentralbyrå har eit godt samarbeid med fleire offentlege institusjonar og interesseorganisasjonar som leverer datagrunnlag. Talmaterialet byggjer òg på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Publikasjonen er finansiert av Kulturdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 9. desember 2021

Ann-Kristin Brændvang

Samandrag

Denne publikasjonen presenterer oppdaterte tal og statistikk for ulike område relatert til kultur. Føremålet med publikasjonen er å skildre og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg. Dette er nokre av hovudresultata for 2020 innanfor temaområda i publikasjonen:

Offentlege utgifter til kultur

Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementet sitt budsjett i 2020 var på over 23 milliardar kroner, noko som var ein auke med 10,2 millionar frå 2019. Dei fylkeskommunale kulturutgiftene var på 2 milliardar kroner, og dei kommunale kulturutgiftene var på 14,3 milliardar kroner.

Sysseletjing og føretak i kulturnæringa

I 2020 hadde 3 prosent av dei sysselsette i Noreg hovudjobben sin i kulturell og kreativ næring. Fylka som omfattar dei største byane, det vil seie Oslo, Vestland, Trøndelag og Nordland, sysselset til saman 64 prosent av totalen. Den høgaste delen sysselsette innanfor kulturnæringa hadde Oslo, der 7 prosent av alle sysselsette hadde hovudjobben sin i ei kulturnæring i 2020.

Kulturelle tiltak og vederlag

I 2020 vart det løyva over 1 milliard kroner frå Norsk kulturfond til ulike kulturføremål, ein auke på 3 prosent frå 2019. Musikkføremål var det største hovudområdet under kulturfondet og utgjorde 39 prosent. Statens kunstnarstipend delte ut 2 429 stipend i 2020, 695 fleire enn året før. Biletkunstnarar var den desidert største gruppa og tok imot 684 stipend.

Musikk og scenekunst

Musikkinstitusjonane som rapporterer sine aktivitetar til Kulturrådet, hadde til saman 950 arrangement for nær 172 700 besøkjande i 2020, ein nedgang på høvesvis 37 prosent og 76 prosent frå 2019. Scenekunstinstitusjonane som rapporterer sine aktivitetar til Kulturrådet hadde til saman 8 500 arrangement med litt over 774 800 besøkjande, ein nedgang på høvesvis 45 prosent og 64 prosent.

Museum

I 2020 var storleiken på samlingane i norske museum på 62,9 millionar objekt og fotografi. Samla vart det registrert over 5,1 millionar besøk i musea i Noreg, litt under halvparten så mange som i 2019. I 2020 var det totalt 2 420 utstillingar i musea, 244 færre enn i 2019.

Bibliotek

Det vart lånt ut 9,7 millionar bøker frå folkebiblioteka i 2020, ein nedgang på 20 prosent frå 2019. Utlån av bøker utgjorde i gjennomsnitt 1,8 bøker per innbyggjar. Nær 16 millionar besøk vart talt opp i 2020, mot nær 26 millionar besøk i 2019. Det var om lag 30 600 arrangement i folkebiblioteka i 2020, mot 64 000 arrangement i 2019.

Film og kino

I alt var det 4,9 millionar selde kinobilletter i 2020 mot 11,3 millionar i 2019. Det er ein nedgang i kinobesøket på om lag 57 prosent frå 2019. Bygdekinoane hadde òg lågare besøkstal, med om lag 63 000 selde billetter, ein nedgang på 43 prosent frå 2019.

Lyd og bilete

I 2020 høyrde 49 prosent av befolkninga på radio ein gjennomsnittsdag. Dette er ein marginal auke frå 2019, då det var 48 prosent. Delen som såg vanleg lineær tv på ein gjennomsnittsdag var på same nivå i 2020 som i 2019, med 48 prosent.

Idrett

Ved utgangen av 2020 var det drygt 1,75 millionar ordinære medlemskap i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Dette er ein nedgang på 9 prosent frå 2019. Det var 58 300 idrettsanlegg i drift i 2020, ein auke på 810 anlegg frå 2019.

Kulturskular og Den kulturelle skulesekken

I 2020 var 13 prosent av alle born mellom 6 og 15 år elevar på kommunale kulturskular, det same som året før. I samband med Den kulturelle skulesekken var det 33 300 einskildarrangement i grunnskulen, 13 000 færre enn året før. I den vidaregåande skulen var det 2 500 einskildarrangement i 2020, mot 3 900 året før.

Abstract

This publication provides updated figures and information on culture. The main purpose of the publication is to present an overview of available statistics on various aspects of culture in Norway. A selection of some main results within culture in this publication is given below.

Public expenditure

Governmental expenditure on cultural purposes in the Ministry of Culture's budget for 2020 was NOK 23 billion. This was NOK 10.2 million more than in 2019. The corresponding figure in the county authorities and local authorities was NOK 2.0 billion and NOK 14.3 billion respectively.

Employment and enterprises in cultural industries

A total of 3 percent of all employed persons in Norway had their main job within the cultural industries in 2020. Oslo has the largest share of employed persons with their main job in the cultural industries, with 7 per cent.

Cultural policy instruments

In 2020, Arts Council Norway allocated NOK 1 billion from the Norwegian Cultural Fund to several cultural purposes. This was a 3 percent rise from 2019. Music received the majority; 39 per cent of the Norwegian Cultural Fund. In 2020, visual artists made up the largest group of recipients under the Government Grants for Artists scheme, receiving 684 grants, out of a total of 2 429 grants.

Music and theatre

In 2020, the music institutions which report to the Arts Council Norway held over 950 concerts for a total of 172 700 audience members. This was a decrease in concerts and visitors of respectively 37 and 76 per cent from 2019. A total of 774 800 people went to the 8 500 arrangements in the theatre- and/or opera-institutions which report to the Arts Council Norway. This was a decrease of respectively 45 and 64 per cent from 2019.

Museums

Norwegian museums had a total of about 62.9 million objects in 2020. About 5.1 million people visited Norwegian museums, half the number of visitors in 2019. There was a total of 2 420 exhibitions in the museums, 244 fewer exhibitions than in 2019.

Libraries

In 2020, a total of 9.7 million books were loaned from public libraries, a decrease of 20 per cent from 2019. This was an average of 1.8 loans per capita. The libraries had close to 16 million registered visits and 30 600 arrangements. The numbers for 2019 was 26 million visitors and 64 000 arrangements.

Films and cinemas

In 2020, a total of 4.9 million cinema visits were registered. This was a decrease of 57 per cent from 2019, when 11.3 million cinema visits were registered. The cinema visits correspond to 0.9 per capita.

Sound and vision

On an average day, the share of the population who listened to the radio in 2020 was 49 per cent, slightly more than in 2019 when it was 48 per cent. The share of the population who watched ordinary TV was 48 per cent, the same as in 2019.

Sports

At the end of 2020, 1.75 million memberships were registered with the Norwegian Olympic and Paralympic Committee and Confederation of Sports. This was a decrease of 9 per cent compared to 2019. There were 58 300 sport facilities, an increase of 810 from 2019.

Culture Schools and the Cultural School Bag

In 2020, 13 per cent of all children aged 6-15 were pupils at culture schools, the same percentage as in 2019. In connection with the Cultural School Bag, 33 300 events were held at primary and lower secondary schools, while upper secondary schools hosted 2 500 events.

Innhald

Forord	3
Samandrag	4
Abstract	5
1. Offentlege utgifter	8
1.1. Nokre resultat.....	8
1.2. Offentlege utgifter – stat.....	8
1.3. Offentlege utgifter – fylkeskommunar.....	10
1.4. Offentlege utgifter – kommunar.....	13
1.5. Om statistikken.....	16
2. Friviljug innsats	25
2.1. Nokre resultat.....	25
2.2. Gratisarbeid for idrettslag og friluftorganisasjonar.....	25
2.3. Kommunale tilskot til friviljuge lag og foreningar.....	26
2.4. Friviljug innsats.....	26
2.5. Om statistikken.....	27
3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk	39
3.1. Nokre resultat.....	39
3.2. Sysselsetjing.....	39
3.3. Føretak.....	43
3.4. Om statistikken.....	45
4. Kulturelle tiltak og vederlag	67
4.1. Nokre resultat.....	67
4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane.....	71
5. Musikk og scenekunst	80
5.1. Talet på aktivitetar innanfor musikk og scenekunst frå institusjonar som rapporterer til Kulturrådet.....	80
5.2. Kor, korps og Norsk Scenekunstbruk.....	82
5.3. Statlege driftsutgifter til musikk- og scenekunsthøremål.....	84
5.4. Om statistikken og dei ulike musikk- og scenekunstorganisasjonane.....	86
6. Museum og samlingar	93
6.1. Samlingar.....	93
6.2. Utstillingar og andre aktivitetar.....	94
6.3. Besøk.....	95
6.4. Universell utforming.....	97
6.5. Økonomi og drift.....	97
6.6. Om museumsstatistikken.....	99
7. Bibliotek	109
7.1. Nokre resultat.....	109
7.2. Bibliotekbruk.....	109
7.3. Pliktavlevering.....	114
7.4. Om statistikken.....	115
8. Arkiv i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum	126
8.1. Total bestand i hyllemeter.....	126
8.2. Privatarkiv i hyllemeter.....	126
8.3. Digitalt skapte arkiv.....	127
8.4. Tilrettelegging for bruk.....	127
8.5. Digitalisering.....	128
8.6. Arkivbruk og besøk på nett og lesesal.....	129
8.7. Om statistikken.....	129
9. Bøker	134
9.1. Utgjevingar.....	134
9.2. Språk.....	134
9.3. Omsetnad.....	135
9.4. Opphavspersonar.....	137
9.5. Lesing.....	138
9.6. Om statistikken.....	138
10. Aviser, vekepresse og fagpresse	148
10.1. Aviser.....	148
10.2. Vekepresse.....	150

10.3. Fagpresse	150
10.4. Lesing av aviser	151
10.5. Om statistikken.....	152
11. Film og kino.....	159
11.1. Nokre resultat.....	159
11.2. Kinobesøk og framsyningar	159
11.3. Kinodrift.....	163
11.4. Produksjon og forvaltning av film, seriar og dataspel	163
11.5. Om statistikken.....	165
12. Lyd, video og allmennkringkasting.....	171
12.1. Nokre resultat.....	171
12.2. Bruk av lyd- og videomedium	171
12.3. Allmennkringkastarane: Radio og fjernsyn	173
12.4. Radio.....	173
12.5. Fjernsyn	174
12.6. Kringkastingskrav.....	176
12.7. Om statistikken.....	177
13. Idrett og friluftsliv	186
13.1. Medlemskap.....	186
13.2. Friluftsliv og aktivitet.....	187
13.3. Idrettsanlegg og friluftslivområder	188
13.4. Finansiering	189
13.5. Om statistikken.....	189
14. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja	197
14.1. Nokre resultat.....	197
14.2. Om statistikken.....	202
15. Kulturskular og Den kulturelle skulesekken	210
15.1. Kulturskular	210
15.2. Den kulturelle skulesekken	211
15.3. Om statistikken.....	212
Figurregister	219
Tabellregister.....	221


1. Offentlege utgifter

1.1. Nokre resultat

Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets (KUD) budsjett omfattar utgifter til kulturføremål, friviljuge føremål, medieføremål og løyvingar til likestilling og ikkje-diskriminering. I 2020 var desse utgiftene over budsjettet til saman på over 23 milliardar kroner, som var ein auke på 10,2 milliardar kroner i høve til året før. Auka i 2020 kan forklarast med avviklinga av kringkastingsavgifta og finansiering av NRK over statsbudsjettet, samt ekstra tilskot og tilpassa støtteordningar grunna koronapandemien. Beløpet til kultur utgjorde 1,6 prosent av dei totale statlege midlane, som var ein større del enn i 2019 då delen var på 0,9 prosent.

Dei fylkeskommunale driftsutgiftene til kulturføremål gjekk noko ned frå 2014 til 2017, men frå 2018 har desse auka. Slik var det òg i 2020 og driftsutgiftene til kulturføremål ende på 2 milliardar kroner. Kommunane sine netto driftsutgifter til kultur har auka jamt dei siste åra og for 2020 beløp dei seg til 14,3 milliardar kroner.

Figur 1.1. Offentlege utgifter til kultur¹



¹ Utgifter til Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn er ikkje medrekna her. Løyvingane til likestilling og ikkje-diskriminering vart overført til Kulturdepartementet frå Barne- og familiedepartementet frå 1. mai 2019. Kjelde: Kulturdepartementet og Statistisk sentralbyrå.

1.2. Offentlege utgifter – stat

1,6 prosent av tildelingane over statsbudsjettet gjekk til kultur

Løyvingane til ulike føremål innanfor kulturbudsjettet var til saman på 23 milliardar kroner i 2020 og KUDs samla utgifter utgjorde dermed 1,6 prosent av dei samla statlege utgiftene. Det er ein auke i høve til året før, sjå tabell 1.1.1. Mykje av auken kan tilskrivas avviklinga av tv-lisensen og som følge av restriksjonar grunna koronapandemien har det vore gjeve ulike tilskot og kompensasjonsordningar gjennom heile 2020. Detaljar kring dei ulike ekstra tilskot og kompensasjonsordningar finst på KUD sin nettstad, <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/tidslinje-koronatiltak-underr-kulturdepartementet/id2828012/>.

8 milliardar kroner til film- og mediaføremål

I 2020 var film og media føremålet som fekk størst del av løyvingane, med 8 milliardar kroner. Dette utgjorde ein tredjedel av dei totale utgiftene. Det vart gjeve 3,4 milliardar kroner til allmenne kulturføremål, medan musikk- og scenekunst fekk 3,1 milliardar kroner i 2020, høvesvis 15 og 13 prosent av dei totale utgiftene. I kategorien allmenne kulturføremål vart det løyva ti gonger så mykje som i 2019, noko som skyldast at kompensasjons- og stimuleringsordningar for arrangørar på kultur-, friviljugs- og idrettsfeltet som følge av pandemien inngjekk i kategorien. Det vart i 2020 utbetalt kompensasjons- og stimuleringsmidlar på i alt 3 milliardar kroner. Løyvingane til museumsføremål og visuell kunst ende på 2,4 milliardar kroner eller 10 prosent av midlane, medan friviljuge føremål fekk 2 milliardar kroner i tilskot som var ein del på 9 prosent. Av løyvingane i 2020 gjekk 1,3 milliardar kroner til Norsk kulturråd, som inkluderer avsetninga til Norsk kulturfond. Løyvinga utgjorde 5 prosent av dei totale utgiftene over Kulturdepartementets budsjett.

Området likestilling og ikkje-diskriminering vart overført frå Barne- og familiedepartementet til Kulturdepartementet frå 1. mai 2019 og inngår no i tabellane i dette kapitlet. Løyvingane til likestilling og ikkje-diskriminering var på 404 millionar kroner i 2019 og dei auka til 430 millionar kroner i 2020, sjå tabell 1.1.1. Frå 1. mai 2019 vart områda trus- og livssynssamfunn og Dnk overført til Barne- og familiedepartementet og tala er ikkje lenger ein del av dette kapitlet. Sjå kapittel 14 Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja for tal på dette området.

Over halvparten av spelemidlane til idrettsføremål går til idrettsanlegg

Speleoverskotet frå Norsk Tipping AS vert fordelt til kultur- og idrettsføremål, og til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar (Norsk Tipping, 2021). I 2020 gjekk 2,9 milliardar kroner til idrettsføremål. Det er same beløp som året før. Overføringane av spelemidlane til idrettssektoren har auka kvart år sidan 2008 fram til 2019 og det er idrettsanlegga som får den største delen av tilskota. Omlag halvparten av midlane har gått til idrettsanlegg og dei siste fire åra ser vi at det har stabilisert seg på rundt 55 prosent. Tilskotet til idrettsanlegga ende på 1,5 milliardar kroner i 2020 og utgjorde 53 prosent av alle spelemidlane som vart delt ut til idrettssektoren, sjå tabell 1.1.2.

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) fekk i åra mellom 2010 og 2014 godt over 30 prosent av midlane, medan dei siste åra har delen vorte gradvis mindre. I 2019 låg delen på 25 prosent medan delen auka marginalt til 26 prosent i 2020, noko som utgjorde 730 millionar kroner av spelemidlane. Føremåla som hadde størst auke var nasjonalanlegg/spesielle anlegg og spesielle aktivitetar. Nasjonalanlegga fekk 55 millionar kroner i 2020, det var 28 millionar kroner meir i høve til året før. Spesielle aktivitetar, som omfattar blant anna antidopingarbeid og fysisk aktivitet og inkludering i idrettslag, fekk til saman 145 millionar kroner og var 22 millionar kroner meir enn i 2019. For 2020 var òg arrangementstilskot inkludert i spesielle aktivitetar.

Over 800 millionar kroner frå spelemidlane gjekk til kulturføremål

Kultursektoren og dei ulike føremåla fekk tildelt 805 millionar kroner frå spelemidlane i 2020 og det var same beløp som året før. Som i 2019 gjekk den største delen til Den kulturelle skulesekken (DKS) med 285 millionar kroner. Frifond fordelar midlane vidare til born og unge som driv med friviljuge aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar. Frifond fekk tildelt 197 millionar kroner til sine føremål i 2020, eit noko mindre beløp i høve til dei tre føregåande åra da beløpet var 199,3 millionar kroner.


1.3. Offentlege utgifter – fylkeskommunar

373 kroner per innbyggjar til kulturføremål i fylkeskommunane

Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane var på 2 milliardar kroner i 2020 ifølgje KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Samanlikna med 2019 gir det ein auke på 176 millionar kroner eller 10 prosent. Det vart brukt i snitt 373 kroner per innbyggjar til ulike kulturføremål i fylkeskommunane i 2020 og det er 30 kroner meir per innbyggjar enn året før, sjå tabell 1.2.4. Dei tre fylkeskommunane som brukte mest per innbyggjar i 2020 var Troms og Finnmark, Innlandet samt Vestfold og Telemark med høvesvis 747, 614 og 603 kroner per innbyggjar.

I 2020, så vel som i 2019, gjekk største delen av netto driftsutgifter til kulturføremål til museum med 488 millionar kroner, sjølv om beløpet var 57 millionar kroner mindre enn året før. Nest høgaste delen gjekk til idrett som fekk 398 millionar kroner. Det var heile 317 millionar kroner i auke frå 2019 og 2020 – midlane var dei høgaste nokon gong til idrett, sjå tabell 1.2.1. Auken skyldast at to fylkeskommunar har hatt markant større overføringar til kommunane enn tidlegare.


Figur 1.2. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane. 2020



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


Det var berre idrett og kunstproduksjon som opplevde ein auke frå 2019 til 2020, dei andre føremåla fekk ein reduksjon i midlane. Kunstformidling gjekk mest ned, med 115 millionar kroner og ende med 333 millionar kroner i 2020.

Utviklinga dei siste tre åra viser at netto driftsutgifter har auka. Det har tidlegare òg vore auke, men med fleire år med reduksjon innimellom. Til dømes var det i åra frå 2014 til 2017 ein reduksjon i netto driftsutgifter kvart år og totalt med 137 millionar kroner. Dei ulike føremåla har hatt ulik utvikling i desse åra og figur 1.3 viser at områdene idrett og andre kulturaktivitetar har hatt dei største svingingane.

Figur 1.3. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Frå og med 2020 er det ny kommune- og fylkesinndeling i Noreg og rekneskapstal på kommune- og fylkeskommunenivå vil ikkje fullt ut kunne samanliknast med tidlegare år. Les meir om dette i Om statistikken. I 2020 var det Innlandet fylkeskommune som var den fylkeskommunen med størst del til kultur. Der gjekk 4,6 prosent av dei totale netto driftsutgiftene til kultur, sjå tabell 1.2.4. Deretter følgde Rogaland med 4,2 prosent. Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av utgiftene til kultur då Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer som begge delar. Sjølv om det kan vere uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbeltr rapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo, kan det vere nyttig å leggje saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene.

Figur 1.4. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane¹. 2020

¹ Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av utgiftene til kultur då Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer som begge delar. Oslo er difor ikkje med i denne figuren.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Kartdata: Kartverket.

Fordelinga til dei ulike føremåla eller funksjonar i fylkeskommunane varierer ein del. I nokre fylke viser tala at netto driftsutgifter til idrett var på minussida. Det vil seie at desse fylkeskommunane hadde større inntekter i høve til utgifter på denne funksjonen. I 2020 hadde Vestland dei største netto driftsutgiftene til kulturføremål med 327 millionar kroner, og av dei var om lag ein tredjedel til andre kulturaktivitetar, sjå tabell 1.2.1. Viken hadde dei nest høgaste netto driftsutgifter til kulturføremål med 280 millionar kroner, og der gjekk mest til kunstproduksjon, 93 millionar kroner eller nær 33 prosent av midlane.


Fylkeskommunanes brutto investeringsutgifter til kulturføremål i 2020 var 2,9 millionar kroner, ein markant nedgang på 4,3 millionar frå året før. Det er de facto det lågaste nivået på investeringsutgiftene i statistikken, sjå tabell 1.2.3. Investeringsnivået for 2009 og 2012 skil seg ut som særst høge med høvesvis 168 og 114 millionar kroner. Ser ein på snittet i 2020, har fylkeskommunane til saman brukt 4,8 millionar kroner til brutto investeringsutgifter.

1.4. Offentlege utgifter – kommunar

4,1 prosent til kultur i kommunane

Tala for utgiftene i kommunane er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rekneskapsåret 2020 viser at netto driftsutgifter til kultur i kommunane låg på 14,3 milliardar kroner. Oslo er inkludert og tala gjeld kommunen som konsern, sjå delkapittel 1.5. Sjå òg i avsnittet Omgrep og definisjonar, rekneskapsomfang. Auken i netto driftsutgifter til kultur frå 2019 var på 152 millionar, eller 1 prosent. Delen av dei totale netto driftsutgiftene som gjekk til kultur var 4,1 prosent i 2020 mot 4,2 prosent året før, sjå tabell 1.3.1.

Figur 1.5. Netto driftsutgifter til kultur for kommuneconsern. 2020




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Idrett var, som i tidlegare år, den høgaste kulturutgifta i kommunane samla sett i 2020. Kommunane brukte totalt 4,8 milliardar kroner til idrett, og ligg omtrent på same nivå samanlikna med 2019, sjå tabell 1.3.2. Netto driftsutgifter til idrett utgjorde 34 prosent av utgiftene til kultur, sjå tabell 1.3.3 og figur 1.5.

Posten andre kulturaktivitetar var føremålet med nest høgaste utgifter i 2020, slik det òg var i 2019. Det gjekk med 3,3 milliardar kroner, ein nedgang på 117 millionar, eller 3 prosent frå året før. Vidare ser vi frå tabell 1.3.2 at 1,6 milliardar kulturkroner gjekk til folkebibliotek, ein reduksjon med 29 millionar, eller 2 prosent, samanlikna med 2019. Kulturskular fekk 1,6 milliardar, og dei opplevde òg ein liten nedgang på 19 millionar, eller 1 prosent, samanlikna med året før. Det føremålet som hadde minst del av midlane var kino, samstundes var det kino som var det føremålet som hadde størst auke relativt sett. 124 millionar kroner gjekk til kino i 2020. Det var 67 millionar meir enn i 2019, altså over dobbelt så mykje, sjå tabell 1.3.2.

Vi ser av figur 1.6 at delen som går til dei ulike kulturføremåla har vore ganske stabil sidan 2010, med noko større endringar dei siste åra på delane som går til idrett, kunstformidling og andre kulturaktivitetar, sjå òg tabell 1.3.3.


Figur 1.6. Netto driftsutgifter til kultur for kommuneconsern. 2020

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

2 644 kroner per innbyggjar til kultur

I snitt brukte kommunane 2 644 kroner per innbyggjar til kulturføremål i 2020, noko som var 17 kroner meir enn året før. Oslo var den kommunen som brukte flest kroner per innbyggjar i 2020, med 3 418 kroner. Deretter kommer kommunane i Rogaland der det vart det brukt 2 924 kroner, medan Nordlands-kommunane hadde eit snitt på 2 875 kroner per innbyggjar. Kommunane i Møre og Romsdal, samt i Viken brukte minst til kultur i 2020, med respektive 2 028 og 2 264 kroner per innbyggjar.

Figur 1.7. Netto driftsutgifter til kultur for kommuneconsern, etter fylke. 2020




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Kartdata: Kartverket.

4,1 prosent av totale utgifter til kulturføremål

Som nemnt over brukte kommunane i Noreg 4,1 prosent av totale utgifter til kulturføremål i 2020. Det var fire fylker der kommunane brukte over gjennomsnittet til kultur, nærare bestemt Oslo, Agder, Rogaland og Trøndelag. Kommunane i Rogaland brukte mest pengar på kultur målt i prosent av totale netto driftsutgifter, med 4,8 prosent, sjå figur 1.8 og tabell 1.3.1. Oslo brukte nest mest pengar, med 4,7 prosent av dei totale netto driftsutgiftene. Kommunane i det nye fylket Vestland brukte akkurat på snittet, altså 4,1 prosent, medan kommunane i Møre og Romsdal brukte minst del til kultur i 2020, med 3,1 prosent av midlane.

Figur 1.8. Netto driftsutgifter til kultur for kommuneconsern, etter fylke. Prosent av totale netto driftsutgifter



¹Grunna samanslåinga av kommunar og fylkeskommunar frå 1. januar 2020 er prosentandelar for 2018 og 2019 i dei nye fylkene eit berekna gjennomsnitt av dei gamle fylkene. Nokre kommunar høyrer òg til nytt fylke frå og med 1. januar 2020. Tala er difor ikkje fullt ut samanliknbare.
Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

1.5. Om statistikken

Dei statlege utgiftene viser i hovudsak utgifter over Kulturdepartementet sitt budsjett slik det går fram av proposisjonen til Stortinget som vert lagt fram i oktober kvart år. Fylkeskommunale og kommunale utgifter tek utgangspunkt i rekneskapane deira som kvart år vert handsama av KOSTRA-systemet. Tala vert publiserte hos SSB på www.ssb.no på KOSTRA-sidene og i Statistikkbanken.

KOSTRA (kommune-stat-rapportering)

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om fylkeskommunal og kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde vert registrert og samanstilt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gjeve grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er nådde. KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane og fylkeskommunane til staten ved at data berre vert rapporterte ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike føremål. All rapportering frå kommunane og fylkeskommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling. SSB publiserer ureviderte tal for kommunane og fylkeskommunane 15. mars og retta tal 15. juni. I nøkkeltala vert data sette saman, både tal som vert rapporterte direkte frå kommunane og fylkeskommunane til SSB og tal henta frå nasjonale register utanfor SSB. Før publiseringa 15. juni har kommunane og fylkeskommunane hatt høve til å rette feil og manglar i sine data og SSB har gjennomført kvalitetskontrollar og revisjon av datamaterialet. Dei ureviderte nøkkeltala per 15. mars kan innehalde feil.

Omgrep og definisjonar

Spelemidlane Kwart år sidan 1948 har speleoverskotet i Norsk Tipping AS gått til samfunnsnyttige føremål. For speleoverskotet i 2020 frå Norsk Tipping gjaldt følgjande fordelingsnøkkel: 78 prosent gjekk til idrettsføremål og 22 prosent til kulturføremål (Norsk Tipping, 2021). Spelemidlane til idrettsføremål og kulturføremål utanfor statsbudsjettet vart fordelte av Kongen. Midlane til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar vart fordelte etter forskrift 12. juni 2009 nr. 640 (Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping, 2009). Sjå tabellane 1.1.2 og 1.1.3 for fordeling av tippemidlane i 2020.

Rekneskapsomfang og omkonsern i KOSTRA Føremålet med publiseringa i KOSTRA er å vise ressursbruken og tenesteproduksjonen uavhengig av korleis denne er organisert i den enkelte (fylkes)kommune. I tillegg til å produsere tenesta sjølv kan (fylkes)kommunen velje å organisere heile eller delar av tenesteproduksjonen innanfor dei enkelte sektorane/tenesteområda i eigne organisatoriske einingar (særbedrifter). Desse særbedriftene fører eigne rekneskapar. For å rette seg etter den aukande graden av utskiljing av tenesteproduksjonen i eigne einingar, er det difor nødvendig å etablere konserntal for alle tenesteområda i KOSTRA-publiseringa.

Konsern i KOSTRA omfattar dei organisatoriske einingane som juridisk sett er definerte innanfor (fylkes)kommunen som juridisk person. Det vil seie at (fylkes)kommunerekneskapen, (fylkes)kommunale føretak (KF/FKF), samt i tillegg desse som ikkje er ein del av (fylkes)kommunen: inter(fylkes)kommunale selskap (IKS) og inter(fylkes)kommunale samarbeid etter kommunelova § 27, fører særrekneskap.

Særrekneskapane vert rapporterte enkeltvis til SSB og konsolideringa til konsern vert gjort av SSB. Mellom (fylkes)kommunen og KF/FKF er eigarforholdet alltid ein-til-ein, mens fleire kommunar/fylkeskommunar eig IKS saman. Den enkelte (fylkes)kommune sin eigardel i IKS vert fordelt etter registrerte eigardelar i Føretaksregisteret i Brønnøysund. § 27-einingane vert behandla likt med kommunale føretak. (Fylkes)kommunale verksemd som er organisert, som aksjeselskap og stiftingar, inngår ikkje i konsernomgrepet.

Netto driftsutgifter totalt Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene medrekna avskrivningar etter at driftsinntektene, som blant anna inneheld øyremerkte tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten med vidare. Netto driftsutgifter vil vise fylkets, eller kommunens, prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

Brutto driftsutgifter Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene medrekna avskrivningar korrigererte for dobbeltføringar som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp med vidare. Brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter skal ikkje vere lik netto driftsutgifter. På funksjon/tenesteområde kjem dette av at brutto driftsutgifter vert korrigererte for artane A710 sjukelønsrefusjon og AD729 kompensasjon mva. tillagde i driftsrekneskapen. Tilsvarande korreksjonar vert ikkje gjorde i brutto driftsinntekter. Netto driftsutgifter vert korrigererte for art AI729 kompensasjon mva. tillagde i investeringsrekneskapen. For nærare informasjon, sjå fagleg rettleiing på nettsidene til KOSTRA, <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>.

Brutto investeringsutgifter Brutto investeringsutgifter viser investeringsutgifter korrigererte for fordelte utgifter og internalsal. For å syne prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar vert det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar.

For fleire definisjonar brukt i KOSTRA, sjå fagleg rettleiing på <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>.

Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – fylkeskommunar

- 740 Bibliotek
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling¹
- 722 Kunstproduksjon²
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar³

Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – kommunar

- 231 Aktivitetstilbod til born og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (ny i 2008)
- 383 Kommunale kulturskular
- 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg⁴
- 386 Kommunale kulturbygg (ny i 2008)

I tabellane er funksjon 381 slått saman med funksjon 380 idrett og funksjon 386 er slått saman med funksjon 385 andre kulturaktivitetar. Årsaka til samanslåinga er at det har vore dårleg rapportering på desse funksjonane etter at dei vart innførte i kommunerekneskapen frå 2008.

Samanlikningar

Samanlikningar over tid og stad

KOSTRA-tala omfattar tal frå 1999, då kommunane kom med i KOSTRA. Frå og med 2001 er alle kommunane pålagde rapportering til KOSTRA. Både i sjølve prosjektperioden og i ettertid har det vore ein god del endringar i statistikk-opplegget. Ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift innført frå 1. januar 2004 kan føre til brot i tidsserien frå 2003 til 2004. Ordninga vil kunne innebere brot i nokre sentrale rekneskapsomgrep. For nærare forklaring viser ein til fagleg rettleiing til KOSTRA, kapitla 2B–2E. Større brot i tidsseriar kan finst. Tala i tabellane frå 2007 gjeld kommunekonsern. Tal i Statistikkbanken på ssb.no kan avvike frå eldre tal i tabellar i kapittelet, dette har si årsak i oppdateringar av eldre tal i Statistikkbanken.

KOSTRA-statistikkane vart i stor grad råka av endringane i kommune- og fylkesinndelinga frå 1. januar 2020. Samanslåinga av kommunar og fylkeskommunar vil innebere brot i tidsseriane i ein stor del av KOSTRA-tabellane.

Samanheng med annan statistikk

I kvart enkelt kapittel vil det verte gjeve informasjon om ein eventuell samanheng mellom førebelse og endelege tal. Det vil òg gjelde samanheng mellom korttidsstatistikk og årsstatistikk, samt høve til å samanlikne med annan statistikk innanfor same område.

¹ Utgifter og inntekter knytt til formidling av kunst og kultur til skuleverket og andre.

² Støtte til produksjon av profesjonell kunst innanfor teater, musikk, biletkunst, litteratur, i knutepunkts- og landsdelsinstitusjonar og andre institusjonar.

³ Andre kulturaktivitetar (f790 fylke) omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utoverretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane. Omfattar samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nærkringkasting eller anna lokal medieverksemd.

⁴ Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg (f 385 kommune) omfattar i hovudsak tilskot til organisasjonar, aktivitetar, markeringar, kultur dagar og hendingar som vert drivne av eller er baserte på friviljug medverknad.

Referansar

KOSTRA, offentlig sektor: <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>

KOSTRA, kultur: https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/kultur_kostra

Kulturdepartementet. (2020). *For budsjettåret 2021 -- Utgiftskapitler: 200–292 og 2410 Inntektskapitler: 3200–3292, 5310 og 5617*. (Prop. 1 S KUD (2020-2021)).

Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20202021/id2768541/?ch=1>

Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping. (2009). Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping (FOR-2018-05-04-678). Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-05-04-678?q=tilskudd%20til%20samfunnsnyttige%20og%20humanit%C3%A6re>

Norsk Tipping. (2021). *Års- og samfunnsrapport 2020*. Henta frå

<https://2020.norsk-tipping.no/>

Meir informasjon

Kulturdepartementet, ekstra tilskot og kompensasjonsordningar:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/tidslinje-koronatiltak-under-kulturdepartementet/id2828012/>

Frivilligregisteret: <https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/registrering-i-frivillighetsregisteret/>

Medietilsynet: <https://medietilsynet.no/>

Norsk Tipping: <https://www.norsk-tipping.no/selskapet>

Tabell 1.1.1. Utgifter over Kulturdepartementets budsjett. Rekneskapstal, løyvingar. Millionar kroner og prosent

	Millionar kroner						Prosent					
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2015	2016	2017	2018	2019	2020
I alt¹	10 523	10 865	10 947	11 537	12 974	23 206	100	100	100	100	100	100,0
Administrasjon m.m.	139	144	166	174	175	177	1,3	1,3	1,5	1,5	1,3	0,8
Friviljuge føremål	1 770	1 755	1 597	1 820	1 966	2 077	16,8	16,2	14,6	15,8	15,2	9,0
Kulturføremål i alt	7 373	7 672	7 884	8 177	8 901	12 561	70,1	70,6	72,0	70,9	68,6	54,1
Allmenne kulturføremål	261	324	481	477	363	3 387	2,5	3,0	4,4	4,1	2,8	14,6
Norsk kulturråd/Norsk kulturfond	960	1 069	1 100	1 178	1 229	1 254	9,1	9,8	10,0	10,2	9,5	5,4
Kunstnarføremål	467	491	507	526	555	678	4,4	4,5	4,6	4,6	4,3	2,9
Bygg og offentlege rom ²	316	309	233	215	509	351	3,0	2,8	2,1	1,9	3,9	1,5
Musikk- og scenekunsthøremål	2 826	2 799	2 709	2 825	2 927	3 052	26,9	25,8	24,7	24,5	22,6	13,2
Språk, litteratur og bibliotekføremål	717	735	807	826	891	929	6,8	6,8	7,4	7,2	6,9	4,0
Nidaros domkyrkjes restaureringsarbeid mv.	64	64	77	81	112	90	0,6	0,6	0,7	0,7	0,9	0,4
Museumsføremål og visuell kunst ³	1 387	1 483	1 566	1 623	1 885	2 376	13,2	13,6	14,3	14,1	14,5	10,2
Arkivføremål	375	398	404	426	430	444	3,6	3,7	3,7	3,7	3,3	1,9
Film og media m.m.	1 241	1 294	1 300	1 366	1 528	7 961	11,8	11,9	11,9	11,8	11,8	34,3
Likestilling og ikkje-diskriminering⁴					404	430	3,1	1,9
Prosent av statlege midlar i alt⁵	0,8	0,8	0,8	0,8	0,9	1,6

¹ Inkluderer ikkje tala for Den norske kyrkja og andre trus- og livssynsammfunn. ² Frå og med rekneskapsåret 2017 er tilskot til nasjonale kulturbygg teken inn under kapittel bygg og offentlege rom. ³ Frå og med rekneskapsåret 2017 er tilskotet til Nasjonalmuseet teken inn under kapittel museum og visuell kunst.

⁴ Området var overført til Kulturdepartementet frå Barne- og familiedepartementet frå 1. mai 2019. ⁵ Prosenten er rekna av statsbudsjettets samla utgifter i alt medrekna folketrygda.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. Millionar kroner

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
I alt	1 418	1 558	1 559	1 559	1 564	1 641	1 860	2 263	2 423	2 597	2 825	2 861	2 861
Idrettsanlegg	690	688	750	736	757	801	929	1 131	1 275	1 440	1 566	1 589	1 525
Nasjonalanlegg/spesielle anlegg	20	26	27	29	13	17	44	82	60	16	34	27	55
Forsknings- og utviklingsarbeid	20	10	20	20	20	21	23	27	26	28	31	34	34
Spesielle aktivitetar ¹	41	48	50	51	52	57	62	94	87	93	116	123	145
Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	354	354	556	566	566	580	593	636	660	684	711	716	730
Tilskot til lokale lag og foreningar	125	125	156	156	156	164	209	294	315	337	367	372	372
Overgangsmidlar	168	308	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-

¹ Spesielle aktivitetar omfattar antidopingarbeid, fysisk aktivitet og inkludering i idrettslag og friluftstiltak for born og ungdom, og for 2020 arrangementstilskot.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultur. Millionar kroner

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
I alt	416,7	416,7	416,7	416,7	416,7	500,1	494,8	636,5	681,4	730,5	794,4	804,8	804,8
Den kulturelle skulesekken (DKS)	167,0	167,0	167,0	167,0	167,0	200,0	197,9	210,2	210,2	270,0	285,0	288,3	285
Frifond ¹	125,0	125,0	125,0	125,0	125,0	150,0	148,4	148,4	180,9	199,3	199,3	199,3	197
Kulturbygg i alt	124,7	124,7	124,7	124,7	124,7	135,1	133,0	102,5	63,7	47,0	51,7	56,4	55
Den kulturelle spaserstokken ²	-	-	-	-	-	14,9	15,4	-	-	-	-	-	-
Arkiv-, bibliotek- og museumsføremål ³								78,8	83,8	84,8	86,8	86,8	85,7
Musikkføremål ⁴								63,0	66,0	74,9	75,4	89,3	97,4
Seglskipa ⁵								22,2	22,6	23,0			
Gaveforsterkingsordninga ⁶											79,6	70	70
Andre kulturføremål								11,4	54,2	31,5	16,6	14,7	14,7

¹ Frifond er midlar frå overskotet i Norsk Tipping AS og gjeve til born og ungdom som driv med friviljuge aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar.

² Ordninga med Den kulturelle spaserstokken er frå 2015 vidareført gjennom ein auke i fylkeskommunanes frie inntekter. ³ Tilskot til prosjekter som fordelast av Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og Norsk kulturråd. ⁴ Omfattar tilskot til Musikkutstyrsordninga, ordninga for kjøp av musikkinstrument for skulekorps og barne- og ungdomsorkester, landsomfattande musikkorganisasjonar og aktivitetsmidlar for kor. ⁵ Tilskot til seglskipet Statsraad Lehmkühl, skuleskipet Christian Radich og fullriggaren Sørlandet. ⁶ Gaveforsterkingsordninga ble finansiert over statsbudsjettet i åra 2014-2017.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Millionar kroner

	Netto driftsutgifter i alt	Bibliotek	Museum	Kunstformidling	Kunstproduksjon	Idrett	Andre kulturaktivitetar
2006	873,8	116,5	230,1	262,8	47,0	85,9	131,5
2007	943,7	124,4	264,9	268,7	56,0	59,9	169,8
2008	972,6	118,5	242,2	249,5	62,9	89,1	210,5
2009 ¹	1 022,3	126,6	306,7	280,8	59,0	-8,3	257,5
2010	1 127,2	132,3	316,9	325,0	70,0	60,4	222,7
2011	1 218,6	164,3	328,6	334,2	95,0	67,0	229,4
2012	1 257,5	142,7	354,3	365,7	94,0	82,4	218,3
2013	1 327,9	148,5	375,1	361,9	104,6	103,8	234,1
2014	1 587,2	147,5	386,0	399,2	116,3	250,2	288,0
2015	1 499,9	141,9	400,9	396,1	167,9	157,1	236,1
2016	1 481,2	145,6	432,9	426,3	164,4	11,0	301,1
2017	1 449,8	152,2	448,2	414,1	216,5	23,8	194,9
2018	1 643,0	150,5	452,8	407,4	212,5	97,4	322,5
2019	1 837,1	156,4	545,3	448,2	235,6	81,0	370,5
2020	2 013,5	131,2	487,9	332,9	329,7	397,7	334,1
2020							
Viken	280,0	25,0	58,8	26,3	92,9	13,5	63,6
Oslo	-59,2	-0,3	0,0	0,0	0,0	-58,9	0,0
Innlandet	227,5	12,3	69,2	10,7	52,2	54,1	28,9
Vestfold og Telemark	254,5	12,3	58,6	14,8	13,5	126,3	29,1
Agder	116,2	7,6	37,4	50,1	0,0	6,0	15,0
Rogaland	245,8	8,5	47,8	10,8	51,0	119,0	8,7
Vestland	326,9	11,8	75,0	58,5	0,0	69,6	111,9
Møre og Romsdal	108,8	6,1	25,2	43,4	18,3	8,7	7,1
Trøndelag - Trööndelag	212,4	16,3	69,5	89,4	0,7	9,7	26,9
Nordland - Nordlännda	119,9	13,5	24,4	12,2	46,1	4,6	19,0
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	180,9	18,1	22,0	16,5	55,0	45,3	23,8

¹ Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 12064.

Tabell 1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Prosent

	Bibliotek	Museum	Kunstformidling	Kunstproduksjon	Idrett	Andre kulturaktivitetar
2006	13,3	26,3	30,1	5,4	9,8	15,0
2007	13,2	28,1	28,5	5,9	6,3	18,0
2008	12,2	24,9	25,7	6,5	9,2	21,6
2009 ¹	12,4	30,0	27,5	5,8	-0,8	25,2
2010	11,7	28,1	28,8	6,2	5,4	19,8
2011	13,5	27,0	27,4	7,8	5,5	18,8
2012	11,3	28,2	29,1	7,5	6,6	17,4
2013	11,2	28,2	27,3	7,9	7,8	17,6
2014	9,3	24,3	25,2	7,3	15,8	18,1
2015	9,5	26,7	26,4	11,2	10,5	15,7
2016	9,8	29,2	28,8	11,1	0,7	20,3
2017	10,5	30,9	28,6	14,9	1,6	13,4
2018	9,2	27,6	24,8	12,9	5,9	19,6
2019	8,5	29,7	24,4	12,8	4,4	20,2
2020	6,5	24,2	16,5	16,4	19,8	16,6
2020						
Viken	1,2	2,9	1,3	4,6	0,7	3,2
Oslo	0,0	0,0	0,0	0,0	-2,9	0,0
Innlandet	0,6	3,4	0,5	2,6	2,7	1,4
Vestfold og Telemark	0,6	2,9	0,7	0,7	6,3	1,4
Agder	0,4	1,9	2,5	0,0	0,3	0,7
Rogaland	0,4	2,4	0,5	2,5	5,9	0,4
Vestland	0,6	3,7	2,9	0,0	3,5	5,6
Møre og Romsdal	0,3	1,3	2,2	0,9	0,4	0,4
Trøndelag - Trööndelag	0,8	3,5	4,4	0,0	0,5	1,3
Nordland - Nordlännda	0,7	1,2	0,6	2,3	0,2	0,9
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	0,9	1,1	0,8	2,7	2,2	1,2

¹ Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 12064 omrekna til prosent av totale netto driftsutgifter til kulturføremål.

Tabell 1.2.3. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturføremål. Fylkeskommunar. Millionar kroner

	Netto driftsutgifter	Brutto driftsutgifter	Brutto investeringsutgifter
2003	781,7	1 639,3	38,4
2004	788,8	1 624,3	44,0
2005	735,1	1 625,5	56,7
2006	873,8	1 772,2	38,4
2007	943,7	1 856,9	15,5
2008	972,6	1 920,0	64,5
2009 ¹	1 022,3	2 290,0	168,3
2010	1 127,2	2 271,0	64,3
2011	1 218,6	2 362,5	62,1
2012	1 257,5	2 477,1	114,2
2013	1 327,9	2 663,7	65,4
2014	1 587,2	3 056,8	25,0
2015	1 499,9	3 140,8	5,6
2016	1 481,2	3 287,2	30,7
2017	1 449,8	3 264,4	12,3
2018	1 643,0	3 611,9	4,3
2019	1 837,1	3 890,5	7,2
2020	2 013,5	4 088,2	2,9

Gjennomsnitt² 2020

Heile landet	1 831,2	3 863,5	4,8
--------------	---------	---------	-----

¹ Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane. ²Grunna samanslåinga av kommunar og fylkeskommunar frå 1. januar 2020 vil det ikkje verte rekna gjennomsnitt bakover i tid.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 12064.

Tabell 1.2.4. Netto driftsutgifter for fylkeskommunar til kultur, etter fylke

	Netto driftsutgifter Millionar kroner		Kroner per innbyggjar		Endring 2019/2020 ¹ Kroner per innbyggjar	Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter	
	2019	2020	2019	2020		2019	2020
I alt	1 837	2 014	343	373	30	1,7	1,7
Viken	.	280	.	224	0	.	1,9
Oslo ²	119	-59	187	-85	-272	1,8	-0,1
Innlandet	.	227	.	614	.	.	4,6
Vestfold og Telemark	.	255	.	603	.	.	5
Agder	.	116	.	376	.	.	2,9
Rogaland	92	246	324	509	185	2,9	4,2
Vestland	.	327	.	512	.	.	3,3
Møre og Romsdal	62	109	357	410	53	2,9	2,3
Trøndelag - Trööndelaga	53	212	445	451	6	3,4	3,1
Nordland - Nordlännda	97	120	514	499	-15	4	2,4
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	.	181	.	747	.	.	3,5

¹Grunna samanslåinga av kommunar og fylkeskommunar frå 1. januar 2020 vil det ikkje verte rekna endring frå 2019 til 2020 for dei fylkeskommunane som er nye i 2020. Tala er likevel ikkje fullt ut samanliknbare då nokre kommunar høyrer til nytt fylke frå og med 1. januar 2020. ² Oslo rapporterte både som kommune og som fylkeskommune. For å få totale netto driftsutgifter bør dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene leggast saman.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.1. Netto driftsutgifter for kommuneconsern til kultur, etter fylke

	Netto driftsutgifter Millionar kroner		Kroner per innbyggjar		Endring 2019/2020 ¹ Kroner per innbyggjar	Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter	
	2019	2020	2019	2020		2019	2020
I alt	14 102	14 254	2 627	2 644	17	4,2	4,1
Viken	.	2 835	.	2 264	.	.	3,8
Oslo	2 190	2 382	2 417	3 418	1 001	4,7	4,7
Innlandet	.	933	.	2 517	.	.	3,8
Vestfold og Telemark	.	980	.	2 323	.	.	3,8
Agder	.	832	.	2 693	.	.	4,2
Rogaland	1 459	1 411	3 041	2 924	-117	5,1	4,8
Vestland	.	1 708	.	2 674	.	.	4,1
Møre og Romsdal	635	539	2 391	2 028	-363	3,6	3,1
Trøndelag - Trööndelaga	1 215	1 252	2 602	2 658	56	4,3	4,4
Nordland	662	691	2 732	2 875	143	3,9	4,0
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	.	691	.	2 853	.	.	3,9

¹Grunna samanslåinga av kommunar og fylkeskommunar frå 1. januar 2020 vil det ikkje verte rekna endring frå 2019 til 2020 for dei fylkeskommunane som er nye i 2020. Tala elles er likevel ikkje fullt ut samanliknbare då nokre kommunar høyrer til nytt fylke frå og med 1. januar 2020.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.2. Netto driftsutgifter for kommune-konsern til kulturføremål, etter fylke. Millionar kroner

	Kultur i alt	Aktivitetstilbud for born og unge	Folke- bibliotek ¹	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett ²	Kultur- skular	Andre kultur- aktivitetar ³
2008	7 452,0	861,1	1 177,5	60,6	273,0	423,2	2 035,5	1 022,7	1 598,4
2009	7 694,9	895,0	1 188,2	48,8	290,4	416,6	2 155,6	1 071,9	1 628,4
2010	8 517,1	948,9	1 237,9	77,7	299,1	422,9	2 598,1	1 105,5	1 827,0
2011	8 916,6	962,7	1 291,4	76,5	344,4	446,6	2 664,4	1 154,5	1 976,1
2012	9 393,8	983,2	1 364,5	49,8	383,1	510,6	2 864,0	1 241,7	1 996,8
2013	9 814,1	1 009,1	1 390,6	38,9	392,0	469,7	3 081,8	1 334,0	2 097,9
2014	10 377,5	1 027,7	1 424,0	65,1	379,1	494,5	3 249,3	1 424,1	2 313,8
2015	10 584,7	1 008,6	1 406,7	34,2	395,0	501,5	3 371,4	1 366,0	2 501,3
2016	11 297,4	1 054,7	1 452,7	8,9	442,0	557,1	3 714,7	1 412,4	2 654,8
2017	12 164,6	1 081,8	1 490,3	41,6	447,2	580,3	4 130,3	1 450,7	2 941,2
2018	12 937,7	1 183,5	1 576,0	39,3	509,1	732,6	4 290,2	1 546,8	3 060,2
2019	14 101,5	1 260,0	1 657,2	56,7	619,6	771,2	4 750,6	1 611,2	3 375,1
2020	14 254,3	1 233,7	1 628,4	123,8	606,2	981,1	4 830,5	1 592,1	3 258,5

2020

Viken	2 835,35	244,77	351,60	16,76	56,06	98,50	1 021,73	325,28	720,65
Oslo	2 382,16	445,61	245,05	-	226,01	280,61	762,54	88,32	334,02
Innlandet	932,93	49,44	127,17	17,40	16,12	27,50	303,60	128,95	262,75
Vestfold og Telemark	980,20	57,64	143,79	17,68	28,12	14,72	293,44	111,60	313,20
Agder	831,58	57,03	95,98	9,55	43,58	65,11	235,80	85,55	298,99
2016	263 067	115 493	78 297	37 197	15 152	16 514	4 310	64 845	46 753	.
2017	271 490	123 138	86 442	36 696	15 813	15 543	4 020	71 427	41 549	.
2018	287 796	130 770	92 323	38 446	15 710	15 738	3 940	84 444	37 195	.
2019	299 738	134 110	97 096	37 014	15 713	16 406	3 420	94 950	35 137	.
2020	386 847	147 260	110 168	37 092	16 740	16 293	3 020	103 525	32 109	67 900
2020										
Biletkunstnarar	135 294	35 984	28 510	7 473	4 140	6 648	.	49 271	23 251	16 000
Kunsthåndverkarar	47 243	16 885	12 456	4 428	1 691	726	.	21 313	4 428	2 200
Musikarar, songarar og dirigentar	31 282	13 009	9 411	3 598	1 600	892	.	4 705	276	10 800
Skjønnlitterære forfattarar	31 193	16 054	12 456	3 598	1 451	0	.	8 304	1 384	4 000
Dansekunstnarar	21 717	9 134	4 428	4 705	979	3 369	.	4 428	1 107	2 700
Populærkomponistar	16 410	6 643	5 259	1 384	660	0	.	1 107	0	8 000
Skodespelarar og dokkespelarar	14 567	7 196	4 428	2 768	968	2 066	.	1 937	0	2 400
Andre kunstnargrupper	13 910	6 643	4 982	1 660	430	0	.	1 937	0	4 900
Filmkunstnarar	12 500	6 089	4 705	1 384	883	1 198	.	830	0	3 500
Komponistar	12 045	4 152	3 044	1 107	480	892	.	2 768	553	3 200
Fotografar	10 361	5 536	4 705	830	744	90	.	1 384	1 107	1 500
Barne- og ungdomslitterære forfattarar	8 603	4 152	3 321	830	560	0	.	2 491	0	1 400
Dramatikarar	7 007	4 152	3 321	830	425	0	.	830	0	1 600
Faglitterære forfattarar og omsetjarar	4 977	1 384	1 384	0	240	0	.	553	0	2 800
Kritikarar	4 395	3 598	3 321	276	197	0	.	0	0	600
Skjønnlitterære omsetjarar	3 394	1 660	1 384	276	381	0	.	553	0	800
Sceneinstruktørar	3 283	1 660	830	830	235	235	.	553	0	600
Scenografar og kostymedesignarar	2 747	1 384	1 107	276	233	177	.	553	0	400
Folkekunstnarar	2 641	1 937	1 107	830	204	0	.	0	0	500
Arkitektar	65	0	0	0	65	0	.	0	0	0
Interiørarkitektar	65	0	0	0	65	0	.	0	0	0
Journalistar	58	0	0	0	58	0	.	0	0	0
Teatermedarbeidarar	51	0	0	0	51	0	.	0	0	0

¹ Beløpa inkluderer stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive. ² Stipend for eldre fortente kunstnarar fasast ut og nye stipend vert ikkje tildelt.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Tabell 4.8. Statens kunstnarstipend. Tal på stipend, etter stipendtype og kunstnargruppe

	Arbeidsstipend ¹				Diverse- stipend	Diverse- stipend for nyutdanna kunstnarar	Stipend for eldre fortente kunst- narar ^{1,2}	Stipend for etablerte kunst- narar og senior- kunst- narar ¹	Garanti- inntekt ¹	Førebels stipend- ordning Covid-19
	I alt	Arbeids- stipend i alt	Arbeids- stipend	Arbeids- stipend, yngre/ nyetablerte kunstnarar						
2000	1 531	342	.	.	363	.	281	.	545	.
2001	1 601	355	.	.	420	.	281	.	545	.
2002	1 594	350	.	.	419	.	281	.	544	.
2003	1 606	362	.	.	426	.	281	.	537	.
2004	1 560	372	.	.	393	.	281	.	514	.
2005	1 582	382	.	.	412	.	281	.	507	.
2006	1 608	386	219	167	434	.	281	.	507	.
2007	1 598	388	221	167	424	.	281	.	505	.
2008	1 608	388	221	167	432	.	281	.	507	.
2009	1 609	403	236	167	422	.	281	.	503	.
2010	1 651	423	256	167	444	.	281	.	503	.
2011	1 656	434	267	167	442	.	281	.	499	.
2012	1 689	453	286	167	466	.	281	.	489	.
2013	1 747	479	312	167	441	74	265	.	453	.
2014	1 802	494	327	167	474	88	243	53	429	.
2015	1 814	495	328	167	404	203	230	220	262	.
2016	1 822	503	341	162	362	255	218	278	206	.
2017	1 798	500	351	149	376	237	201	307	177	.
2018	1 761	500	353	147	366	214	197	336	148	.
2019	1 734	500	362	138	339	239	171	354	131	.
2020	2 429	532	398	134	344	233	151	374	116	679
2020										
Biletkunstnarar	684	130	103	27	56	76	.	178	84	160
Musikarar, songarar og dirigentar	220	47	34	13	37	10	.	17	1	108
Kunsthandverkarar	212	61	45	16	25	11	.	77	16	22
Dansekunstnarar	161	33	16	17	20	61	.	16	4	27
Skjønnlitterære forfattarar	158	58	45	13	25	0	.	30	5	40
Populærkomponistar	129	24	19	5	21	0	.	4	0	80
Skodespelarar og dokkespelarar	118	26	16	10	28	33	.	7	0	24
Filmkunstnarar	102	22	17	5	24	18	.	3	0	35
Andre kunstnargrupper	89	24	18	6	9	0	.	7	0	49
Komponistar	88	15	11	4	13	16	.	10	2	32
Fotografar	56	20	17	3	11	1	.	5	4	15
Dramatikarar	48	15	12	3	14	0	.	3	0	16
Barne- og ungdomslitterære forfattarar	46	15	12	3	8	0	.	9	0	14
Faglitterære forfattarar og omsetjarar	41	5	5	0	6	0	.	2	0	28
Skjønnlitterære omsetjarar	27	6	5	1	11	0	.	2	0	8
Kritikarar	26	13	12	1	7	0	.	0	0	6
Sceneinstruktørar	24	6	3	3	6	4	.	2	0	6
Folkekunstnarar	20	7	4	3	8	0	.	0	0	5
Scenografar og kostymedesignarar	19	5	4	1	5	3	.	2	0	4
Interiørarkitektar	4	0	0	0	4	0	.	0	0	0
Arkitektar	2	0	0	0	2	0	.	0	0	0
Journalistar	2	0	0	0	2	0	.	0	0	0
Teatermedarbeidarar	2	0	0	0	2	0	.	0	0	0

¹ Tala inkluderer stipend tildelte tidlegare år som framleis var aktive. ² Stipend for eldre fortente kunstnarar fasast ut og nye stipend vert ikkje tildelt.

Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Tabell 4.9. Opphavsrett. Innkravde og utbetalte vederlag, etter organisasjon¹. 1 000 kroner

	I alt ²	BONO ³	TONO ⁴	Kopinor ⁵	Norwaco ^{5,6}	Gramo ⁵	FONO
Innkravde vederlag							
2002	631 589	4 886	223 010	204 638	112 312	83 462	1 257
2003	666 087	4 315	245 761	194 622	115 236	101 653	1 315
2004	694 219	7 561	258 025	197 502	117 575	109 452	1 334
2005	717 496	6 581	266 619	194 809	143 411	101 885	1 421
2006	734 815	6 029	282 493	173 051	150 140	119 646	1 456
2007	820 836	12 798	291 601	222 686	162 508	127 368	1 622
2008	853 399	11 488	304 728	222 046	178 650	130 700	1 959
2009	963 471	10 424	359 152	233 994	221 251	135 200	1 883
2010	1 002 331	9 349	385 806	238 540	228 258	138 460	1 918
2011	995 057	10 545	409 574	240 823	184 823	146 661	2 631
2012	1 053 527	10 591	429 991	275 326	196 361	139 005	2 253
2013	1 102 590	11 848	464 087	288 761	188 441	146 265	3 188
2014	1 148 433	12 454	490 955	290 244	193 072	158 492	3 216
2015	1 323 417	10 388	582 207	312 548	248 933	166 042	3 299
2016	1 305 701	11 508	531 876	328 484	257 898	172 723	3 212
2017	1 470 974	11 142	652 086	348 994	280 806	173 786	4 160
2018	1 554 411	14 397	697 426	372 955	292 097	173 355	4 181
2019	1 631 719	14 196	757 739	382 097	306 587	166 965	4 135
2020	1 570 041	18 591	704 642	392 528	290 550	159 446	4 284
Utbetalte vederlag							
2002	574 710	3 811	184 532	215 295	119 266	48 880	1 006
2003	569 939	3 285	186 408	177 647	124 229	74 414	1 052
2004	561 585	5 524	219 497	182 882	113 072	36 984	1 067
2005	593 899	4 921	210 229	183 223	106 042	85 862	1 065
2006	581 667	4 482	240 981	142 996	123 927	66 390	1 091
2007	681 138	9 218	247 642	174 154	164 881	81 834	1 298
2008	733 153	8 193	247 400	207 454	162 920	102 000	1 567
2009	760 334	7 607	257 144	204 770	188 305	99 600	1 507
2010	866 588	6 783	313 080	203 188	195 503	146 500	1 534
2011	859 472	7 343	342 524	204 951	172 244	130 305	2 105
2012	810 265	7 421	357 312	207 191	119 976	116 875	1 802
2013	867 573	8 155	360 750	262 188	131 107	102 823	2 550
2014	850 254	8 792	362 821	255 125	103 920	117 026	2 570
2015	1 154 495	7 231	391 765	254 708	392 921	105 231	2 639
2016	1 106 201	7 853	461 763	269 342	249 352	115 322	2 569
2017	1 123 825	7 802	504 738	280 243	229 922	97 792	3 328
2018	1 246 459	10 161	527 531	298 186	275 284	132 930	2 367
2019	1 312 930	10 221	613 445	317 622	253 241	115 093	3 308
2020	1 485 631	13 568	711 420	353 021	282 595	121 600	3 427

¹ Alle beløp er oppgjeve i løypande kroner. ² Totalbeløpet inkluderer òg andre institusjonar enn nemnt i tabellen. ³ Auken frå 2006 til 2007 i utbetalte vederlag kjem av at BONO f.o.m. 2007 forvaltar den såkalla følgjerettsordninga i Noreg; eit prosentvis vederlag som vert betalt når opphavsrettsleg verna kunst vert vidareselet. ⁴ Innkravde vederlag er ekskl. finansinntekter og mekaniske rettskrav, men medrekna 2 prosent komponistfond og utland. ⁵ I summene er utlandet medrekna. ⁶ Norwaco sender midlar til TONO, difor er ikkje summen av innkravde vederlag summen av organisasjonane innkravde vederlag. Det same gjeld utbetalte vederlag.

Kjelde: Dei einiskilde organisasjonane.

5. Musikk og scenekunst

2020 vart eit annleis år òg for verksemdar innanfor musikk og scenekunst. Dei fleste tala som vert presentert i dette kapitlet tyder på eit lågare aktivitetsnivå innanfor desse kulturområda i 2020 enn tidlegare år. Dette er i all hovudsak som følgje av koronarestriksjonar.

5.1. Talet på aktivitetar innanfor musikk og scenekunst frå institusjonar som rapporterer til Kulturrådet

Fleire aktørar innanfor musikk- og scenekunst som mottar offentleg driftstilskot, og av den grunn rapporterer aktivitetane sine til Kulturrådet, driv både med musikk og scenekunst. Difor har vi valt fyrst å presentere tala på desse institusjonane saman for deretter å presentere tal på musikk- og scenekunstinstitusjonane kvar for seg. Vi gjer dessutan lesaren merksame på at ved samarbeid mellom institusjonane kan tal inkludere dubletter, det vil seie at det kan førekome doble rapporteringar.

Sjølv om det i tidlegare utgåver av denne publikasjonen vart presentert tal på musikk og scenekunst på ein annan måte, er det likevel til ei viss grad mogleg å kunne samanlikne tal for 2020 med tilsvarende tal for tidlegare år.

Tabell 5.1 viser tal for arrangement og besøkjande for 42 musikk- og scenekunstinstitusjonar. Institusjonane mottar offentleg støtte til gjennomføring av arrangement for publikum innan musikk og scenekunst. Det er mange delar av det offentlege som gir tilskot og difor er populasjonen i denne tabellen avgrensa til institusjonar som mottar ein form for driftsstøtte. Institusjonar som berre er med i einskilde år, er ikkje inkludert (Kulturrådet, 2021).

Omgrepet arrangement i dette delkapitlet omfattar framsyningar, konsertar, formidlingsaktivitetar og andre type arrangement, medan omgrepet besøkjande omfattar tilhøyrarar, publikummarar og besøkjande på desse arrangementa.

Kraftig nedgang i talet på tilhøyrarar og besøkjande

Til saman hadde desse 42 musikk- og scenekunstinstitusjonane i underkant av 950 000 besøkjande på sine 9 500 arrangement i 2020. Det var ein nedgang på heile 67 prosent når det gjeld talet på besøkjande og 44 prosent i talet på arrangement samanlikna med året før, sjå tabell 5.1.

I 2020 hadde dei same musikk- og scenekunstinstitusjonane i gjennomsnitt 100 besøkjande per arrangement, 70 færre enn i 2019.

32 prosent av alle arrangementa var retta mot born og unge. Institusjonane hadde i alt omlag 3 100 arrangement med 262 300 besøkjande retta mot born og unge i 2020. Samanlikna med året før var det 1 800 færre arrangement og 603 200 færre besøkjande på desse arrangementa, ifølgje tal frå Kulturrådet. Nedgangen i talet på arrangement retta mot born og unge og besøkjande på desse arrangementa var på høvesvis 37 og 70 prosent i 2020 samanlikna med 2019.

På arrangementa som ovannemnte institusjonar hadde i samarbeid med Kultur-tanken om Den kulturelle skulesekken (DKS), var det til saman 65 900 besøkjande, 103 500 færre enn i 2019. Meir om verksemdar i regi av DKS kan lesast i kapittel 15 i denne publikasjonen.

2 500 arrangement på turné

Talet på arrangement på turné gjekk ned frå om lag 4 600 i 2019 til 2 500 i 2020, ein nedgang på 45 prosent. Det var 194 500 besøkjande på desse arrangementa, det vil seie 508 800 færre enn året før. Dette er ein nedgang på heile 72 prosent,

hovudsakleg grunna utbrotet av koronapandemien og nedstenginga av skular i 2020.


Musikkinstitusjonar

76 prosent nedgang i talet på besøkjande

Musikkinstitusjonane arrangerte til saman 950 konsertar med nær 172 700 besøkjande i 2020, mot 1 498 konsertar med nær 714 800 besøkjande i 2019. Dette viser 37 prosent nedgang i talet på konsertar og 76 prosent nedgang i talet på besøkjande frå 2019 til 2020.

Musikkinstitusjonane hadde til saman ein gjennomsnitt på 179 besøkjande per arrangement. Av alle musikkinstitusjonane som rapporterer sin verksemd til Kulturrådet, var det Musikkelskapet Harmonien som hadde flest besøkjande i gjennomsnitt i 2020, med 380. Det norske Solistkor og Oslo Filharmonien hadde høvesvis 287 og 258, sjå figur 5.1 og tabell 5.1.

Figur 5.1. Besøkjande i gjennomsnitt per konsert, hjå utvalde musikkinstitusjonar som rapporterer sine aktivitetar til Kulturrådet. 2019-2020



Kjelde: Kulturrådet.

179 konsertar for born og unge

179 konsertar var retta mot born og unge og like mange konsertar var turné-konsertar. Det var 37 400 besøkjande på dei førstnemnte og om lag 21 500 besøkjande på dei sistnemnte konsertane/arrangementa i regi av musikkinstitusjonane som får offentlege tilskot.

Vi ønskjer å presisere nok ein gong at ein god del av konsertane kan vere samproduksjonar, difor kan talet inkludere dubletter, det vil seie dobbelrapporteringar. Dessutan er både institusjonane og deira aktivitetar og format særskilte. Ei direkte samanlikning mellom institusjonar kan difor gjeve eit noko skeivt bilete. Dessutan er det viktig å nemne at det er mykje profesjonell musikkaktivitet som ikkje er omfatta av denne statistikken. Det profesjonelle musikklivet er meir enn det som vert rapportert til Kulturrådet.


Scenekunstinstitusjonar

8 500 framsyningar og formidlingsaktivitetar

Tabell 5.1 viser òg verksemdene til 30 av dei scenekunstinstitusjonane som får offentlege tilskot og rapporterer sine tal til Kulturrådet. I 2020 hadde desse institusjonane til saman 8 500 arrangement, 7 000 færre i høve til året før. Dei hadde til saman over 774 800 besøkjande ved arrangementa. Samanlikna med 2019 var talet på besøkjande 1,4 millionar lågare, ein nedgang tilsvarande 64 prosent, i 2020.

Det var i gjennomsnitt 95 besøkjande per arrangement. Teater Manu hadde høgast tal på besøkjande i snitt, 291 besøkjande, medan Oslo Nye Teater hadde eit snitt på 247 besøkjande per arrangement. Figur 5.2 viser besøkstala i einsskilte scenekunst-institusjonar i åra 2019 og 2020.

Figur 5.2. Publikummar per arrangement/framsyningar/formidlingsaktivitetar, hjå utvalde scenekunstinstitusjonar som rapporterer sine aktivitetar til Kulturrådet. 2019-2020



Kjelde: Kulturrådet.

2 900 arrangement retta mot born og unge

I alt vart det sett opp 2 900 oppsetjingar med 224 900 besøkjande for born og unge i 2020, mot høvesvis 4 500 oppsetjingar med 684 800 besøkjande i 2019.

Talet på turnéarrangement gjekk ned, frå 4 233 i 2019 til 2 327 framsyningar og formidlingsaktivitetar i 2020. Med andre ord var det 1 906 færre turnéframsyningar i 2020 enn i året før, ein nedgang på 45 prosent.

5.2. Kor, korps og Norsk Scenekunstbruk


Fire kororganisasjonar hadde 1 600 kor med 46 300 korsongarar

Berre fire av kororganisasjonane i Noreg rapporterte sine tal på kor og korsongarar i 2020 til SSB (sjå tabell 5.2). Desse kororganisasjonane rapporterte til saman 1 600 kor med 46 300 songarar i 2020. Norges Korforbund (Norges Korforbund, u.å.) hadde 1 040 kor med 30 100 korsongarar, det vil seie at forbundet framleis er den største kororganisasjonen i Noreg. Talet på kor og korsongarar som er organiserte hjå Norges Korforbund utgjorde 65 prosent av alle kor og like stor del av alle korsongarar i 2020 som vart rapportert til SSB.

I tillegg til tala for kora vi presenterer her og dei andre organiserte kora som ikkje rapporterte sine tal for 2020, finst det òg ein del uorganiserte kor, mellom anna i form av skulekor, verksemdskor og liknande. Desse kora har vi ikkje oversikt over.

Ung i kor organiserte omlag 10 300 songarar i 291 kor, medan Acta – Barn og unge i Normisjon hadde nær 4 900 songarar i 220 kor. Songarane i desse to organisasjonane til saman utgjorde 32 prosent av alle organiserte kor og 33 prosent av alle registrerte korsongarar i 2020. Kor og korsongarar som var organiserte hjå Søndagsskolen i Norge utgjorde høvesvis 3 og 2 prosent av alle kor og korsongarar i 2020 som var rapporterte til SSB.

Figur 5.3. Talet på kor i fem kororganisasjonar, fordelt på organisasjonane. 2020



Kjelde: Dei einskilde organisasjonane


I gjennomsnitt var det 29 songarar per kor. Ung i kor hadde høgast gjennomsnitt med 35 songarar, medan Acta – Barn og unge i Normisjon hadde lågast gjennomsnitt med 22 songarar per kor.

Tre av dei fire organisasjonane som leverte tal for 2020, hadde òg fordelt talet på kor og korsongarar etter fylke (sjå tabell 5.3). Flest korsongarar finn ein i Oslo, følgd av Viken og Rogaland.

*Over 36 000 medlemmer
i musikkorps*

Ifølgje tal frå Norges Musikkorps Forbund (Årsrapport 2020, s.26-29) var det til saman 1 625 korps med i alt 56 000 medlemmer i skulekorps og amatørkorps i 2020. Det vil seie at det i 2020 var 4 færre korps og 3 300 færre medlemmer samanlikna med 2019. Over 47 800 eller 85 prosent av medlemmene var utøvande medlemmer, medan 25 prosent var andre medlemmer. Andre medlemmer er i hovudsak støttemedlemmer og føresette til utøvande born og unge. Tala på alle og utøvande medlemmer både i skulekorps og amatørkorps har vore relativt stabile dei siste åra, sjå figur 5.4.

Figur 5.4. Medlemmer i Norges Musikkorps Forbund



Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Ifølgje tal frå Norges Musikkorps Forbund, var det 1 022 skulekorps i Noreg i 2020. Det vil seie 6 færre korps enn året før. Samstundes var det 603 amatørkorps, 2 fleire enn i 2019, sjå tabell 5.4.

87 000 færre tilskodarar under pandemien

Norsk Scenekunstbruk formidlar fri profesjonell scenekunst og er òg den nasjonale aktøren i formidlinga av scenekunst i DKS (Norsk Scenekunstbruk, u.å.). Norsk Scenekunstbruk hadde 51 unike produksjonar på speleplanen i 2020 med til saman 1 541 framsyningar og 126 100 tilskodarar. Samanlikna med året før, formidla Norsk Scenekunstbruk 18 færre produksjonar, 469 færre framsyningar og nær 87 000 færre tilskodarar i 2020, sjå tabell 5.5. Tala på produksjonar i alt i tabell 5.5 viser unike produksjonar. Difor avviker det frå summen av dei fylkesvise produksjonstala.

5.3. Statlege driftsutgifter til musikk- og scenekunsthøremål

I tidlegare publikasjonar vart økonomiske nøkkeltal for orkester- og musikk-institusjonar og teaterinstitusjonar omtalt kvar for seg, sjå tabell 5.10 og 5.12 i tidlegare publikasjonar av Kulturstatistikk (SSB, 2020, s. 89-90). Sidan dei statlege løyvingane til desse institusjonane blir fordelte over same kapittel i statsbudsjettet (kap. 323, post 70), vil dei frå no av bli omtalte under eitt, sjå tabell 5.7. I tillegg til orkester- og musikk-institusjonar og teaterinstitusjonar får òg distrikts- og regionoperaene statleg tilskot over kapittel 323, post 70 i statsbudsjettet då nokon operaverksemdar er slått saman med regionale orkester rundt om.

2,4 milliardar statlege kroner til musikk- og scenekunsthøremål


Musikk- og scenekunstinstitusjonar hadde til saman 3,24 milliardar kroner i driftsinntekter i 2020. Av dette var 2,4 milliardar driftstilskot frå staten, i underkant av 400 millionar regionale driftstilskot og 433 millionar andre inntekter som inkluderer òg statlege ad-hoc midlar, sjå tabell 5.7. Det vil seie at driftstilskotet frå staten utgjorde 74 prosent, medan regionale driftsutgifter og andre inntekter utgjorde høvesvis 12 og 13 prosent.

Ser vi på dei einskilde institusjonane, hadde Den norske Opera & Ballett størst driftsinntekt på 720 millionar kroner. Derneft finn vi Nationaltheatret med ein samla inntekt på 260 millionar kroner. Statstilskotet utgjorde 91 prosent av

driftsinntektene til Den norske Opera & Ballett, medan Nationaltheatret dekte 81 prosent av driftsinntektene sine med statstilskotet, sjå figur 5.5.

På andre sida av skalaen finn vi distrikts- og regionoperaene Opera Rogaland og Operaen i Kristiansund som fekk dekt høvesvis 42 og 45 prosent av driftsinntektene sine med statstilskot. Statstilskotet dekte 46 prosent av driftsinntektene til Det Vestnorske Teateret, tidlegare Hordaland Teater, i 2020.

Figur 5.5. Del statstilskot av samla driftsinntekter til musikk- og scenekunstinstitusjonar. 2020



Kjelde: Kulturdepartementet.

Opera Rogaland og Opera Østfold dekte 48 prosent av driftsutgiftene sine med regionale driftstilskot, og dermed var dei to dei institusjonane med størst del regionale driftstilskot. Desse to institusjonane hadde høvesvis 3,8 og 13,7 millionar kroner i samla driftsinntekter.

2 689 årsverk Tilsette i musikk- og scenekunstinstitusjonar utførte til saman 2 689 årsverk i 2020. Tilsette ved Den Norske Opera & Ballett og Det Norske Teatret utførte høvesvis 605 og 248 årsverk. Dernest finner vi Kilden Teater og Konserthus for Sørlandet og Nationaltheatret med høvesvis 237 og 218 årsverk, sjå tabell 5.7.

158 millionar kroner
i tilskot til festivalar

Tabell 5.8 gjev ei oversikt over utdelingar til festivalar gjennom Kulturrådet/Norsk kulturfond det siste året. Tala i denne tabellen kan ikkje samanliknast med tal i tilsvarende tabell i publikasjonar tidlegare enn 2018, då dette var det første året kor midlar frå dei tidlegare knutepunktfestivalane for musikk vart lagt til i avsetninga.

I 2020 fekk 180 festivalar tilskot på til saman 158 millionar kroner. Kategorien fleire sjangrar musikk fekk med sine 24 festivalar høgast tilskot på om lag 54 millionar kroner, medan kategorien klassisk musikk/kammer-/samtidsmusikk var registrert med 49 festivalar og 30 millionar kroner i tilskot.

Det var flest festivalar innanfor sjangeren populærmusikk, 64 festivalar som utgjorde 36 prosent av alle festivalane. Festivalar i denne sjangeren fekk til saman 21 millionar kroner i statstilskot, noko som tilsvara 14 prosent av statstilskotet til alle festivalar i 2020.

5.4. Om statistikken og dei ulike musikk- og scenekunstorganisasjonane

Endringar i
framstillinga av
grunnlagstala

I tidlegare utgåver av denne publikasjonen vart tala for musikk- og scenekunstinstitusjonar som rapporterer aktivitetane sine til Kulturrådet framstilt og omtalt kvar for seg, sjå tabell 5-1 og 5-6 samt delkapitla 5.1 og 5.2 i tidlegare publikasjonar av Kulturstatistikk (SSB, 2020, s. 85&87). I Kulturstatistikk 2021 er tabell 5.1 og 5.6 slått saman i den nye tabell 5.1, og nøkkeltala er presentert i delkapittel 5.1. Grunnen til dette er at fleire aktørar innanfor musikk- og scenekunst som rapporterer aktivitetane sine til Kulturrådet, driv både med musikk og scenekunst. Vi gjer dessutan lesaren merksam på at ved samarbeid mellom institusjonane kan tal inkludere dubletter, det vil seie at det kan førekome doble rapporteringar. Dei einskilde institusjonane i tabell 5.1 er utvalde institusjonar som mottar statleg tilskot og har rapportert til Kulturrådet. Det finst fleire musikk- og scenekunstinstitusjonar, men vi har vald å ta med desse då det finst tal for tidlegare år og difor mogleggjer ein tidsserie i tabellen.

Dei statlege løyvingane til musikk- og scenekunstinstitusjonar blir fordelte over same kapittel i statsbudsjettet, nemleg kapittel 323, post 70. Vi har difor slått saman tabell 5.10 og 5.12 i tidlegare publikasjonar til den nye tabellen 5.7. Dessutan er tala for distrikts- og regionoperaene for fyrste gong inkludert i tabellen.

Omgrepet
arrangement

Omgrepet arrangement i dette kapittelet omfattar framsyningar, konsertar, formidlingsaktivitetar og andre type arrangement. Omgrepet omfattar ikkje digitale arrangement, men det tas atterhald om at nokre institusjonar kan ha rapportert digitale arrangement.

Omgrepet besøkjande

Omgrepet besøkjande i dette kapitelet omfattar tilhøyrarar, publikummarar og besøkjande på desse arrangementa.

Norges Musikkorps
Forbund

Norges Musikkorps Forbund (NMF) er ein paraplyorganisasjon for korpsa i Noreg og jobbar med å leggje til rette for at kvart enkelt korps vert styrka. Det skjer gjennom å stimulere til fagleg kvalitet, målretta arbeid og vekst i kvart enkelt korps. Det blir særleg jobba innanfor kjerneområda kompetanseutvikling, medlemservice og rammevilkår.

Alle korps er ikkje medlem av NMF. Vi har ikkje tal på korps som ikkje er medlem av NMF.

Norsk Scenekunstbruk Norsk Scenekunstbruk AS er den største og viktigaste landsdekkjande formidlaren av scenekunst for aldersgruppa 0-20 år. Norsk Scenekunstbruk er òg den største aktøren i formidling av scenekunst i Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken. Norsk Scenekunstbruk har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Det vert lagt stor vekt på aktive og medverkande arrangørar for å auke kompetansen og interessa for scenekunst lokalt.

Tala på produksjonar i alt i tabell 5.5. viser unike produksjonar. Difor avviker det frå summen av dei fylkesvise produksjonstala.

Norsk kulturfond – musikkfestivalar Kulturrådet forvaltar gjennom tilskotsordningar midlar til musikkføremål. Tilskot vert mellom anna gjeve til musikkfestivalar som vert arrangerte årleg eller anna-kvart år, som går over minst to dagar, og som får offentlege tilskot frå eigen region. Tilskotsordninga har som føremål å halde i gang og vidareutvikle festivalar på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå, gjere sitt for at musikk kan verte tilgjengeleg for eit breitt publikum, stimulere til kunstnarisk fornying, fremje bruken av samtidsmusikk og formidle musikk til born og unge (Kulturrådet).

Tabell 5.8. gjev oversikt over talet på festivalar som får tilskot det einsskilde året, samt totalt tilskotsbeløp for kvar sjanger-/kategorisamansetnad. Tal frå 2017 er ikkje samanliknbare med tal frå tidlegare år då tala inkluderer både «tidlegare tilsegn», «løyvingar» og «tidlegare tilsegn – ikkje søkt til denne runde». Det har dei siste åra ikkje vore ein fast kategorisamansetnad. Ifølgje Kulturrådet vart det for 2015 reduksjon av talet på moglege sjangrar i samband med innføring av digital søknadsprosess. Dette gjev både samanslåingar og oppdelingar av sjangrar som var nytta tidlegare. Samstundes er òg oppgåva med å definere kva for ein sjanger ein festival høyrer til vorte flytta frå administrasjon til søkjar.

Knutepunktordninga for festivalar vart avvikla i 2015 og 12 festivalar på musikk og festspel vart overførte til Norsk kulturfond frå og med 2016.

Referansar

Kulturrådet. (2021, 28. juni). 67 prosent færre besøk til musikk- og scenekunstarrangementer i 2020. <https://www.kulturradet.no/musikk/vis-artikkel/-/67-prosent-faerre-besok-til-musikk-og-scenekunstarrangementer-i-2020>.

Norges Korforbund. (u.å.). Om Norges Korforbund. Henta frå <https://www.kor.no/>

Norges Musikkorps Forbund. (2021). *Årsrapport 2020*. Henta frå <https://musikkorps.no/wp-content/uploads/2021/09/Arsrapport-2020-endelig.pdf>

Norsk Scenekunstbruk. (u.å.). Hva er scenekunstbruket?. Henta frå <https://www.scenekunstbruket.no/om-scenekunstbruket>

Statistisk Sentralbyrå (SSB). (2020, 11. desember). *Kulturstatistikk 2019*. Henta frå: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/attachment/440118?ts=17a54b73e08>

Meir informasjon

Kulturrådets dokumentasjon til musikk- og scenekunststatistikken 2020: <https://www.kulturradet.no/documents/10157/c2361681-0351-4979-9b54-ac31e1d5c115>

Norsk musikkråd: <http://www.musikk.no>

Norsk teater- og orkesterforening (NTO): <http://www.nto.no/>

Tabell 5.1. Talet på arrangement (konsertar, framсыningar og formidlingsaktivitetar) samt besøkjande¹ ved musikk og scenekunstinstitusjonar som rapporterer til Kulturrådet

	Konsertar, framсыningar og formidlingsaktivitetar			Tilskodarar og besøkjande på konsertar, framсыningar og formidlingsaktivitetar				Tilskodarar og besøkjande per konsert/framсыning/formidlingsakt.	
	I alt	Derav retta mot born og ungdom	Derav turné-framсыningar ²	I alt	Derav på framсыningar og akt. retta mot born og ungdom	Derav på DKS framсыningar	Derav på turné-framсыningar	I alt	På framсыningar og akt. retta mot born og ungdom
2018	16 405	4 331	4 456	2 716 789	740 473	172 247	584 394	166	171
2019	17 001	4 884	4 587	2 894 295	865 507	169 415	703 267	170	177
2020	9 474	3 078	2 506	947 507	262 333	65 900	194 506	100	85
2020									
Musikk									
Arktisk Filharmonii	162	30	25	19 821	5 019	3 269	4 536	122	167
Barokkanerne	25	1	9	3 162	64	126	64
Det Norske Blåseensemble anno 1734	48	10	31	5 311	500	-	439	111	50
Det Norske Kammerorkester, Stiftelsen	51	12	..	4 214	1129	..	-	83	94
Det Norske Solistkor	15	-	15	4 310	4	-	4310	287	..
Edvard Grieg Kor A/S	35	10	..	8 651	5703	-	-	247	570
Musikkselskapet Harmonien	81	20	2	30 812	3172	1560	822	380	159
Oslo-Filharmonien	148	55	7	38 154	10 825	-	6 859	258	197
Riksscenen - scene for folkemusikk og folkedans	82	7 198	958	88	..
Stavanger Symfoniorkester	176	11	80	25 030	1600	-	3 675	142	145
Stiftelsen BIT20 Ensemble	25	15	1	1 622	1378	353	..	65	92
Trondheim Symfoniorkester & Opera	102	15	9	24 454	7 092	2 755	824	240	473
Scenekunst									
Akershus Teater, Stiftelsen	548	548	319	21 352	21 352	10 335	14 973	39	39
Beaivváš Sámi Násunálateáhter	94	89	57	5 625	5 190	1 634	4 302	60	58
Bergen Internasjonale Teater (BIT) - Teatergarasjen	115	..	-	3 785	-	-	-	33	..
Bergen Nasjonale Opera	28	9	-	2 141	915	915	-	76	102
Black Box Teater AS	179	4	123	7 245	1 301	600	6 543	40	325
Brageteatret AS - Regionteater for Buskerud	214	214	157	19 906	19 906	12 805	15 519	93	93
Carte Blanche AS	197	41	18	7 466	686	440	1 342	38	17
Dansens Hus AS	260	191	75	6 900	1 365	..	3 004	27	7
Den Nationale Scene A/S	455	..	-	46 720	11 345	-	-	103	..
Den Norske Opera & Ballett as	1 543	306	76	100 545	4 959	1 411	9 948	65	16
Det Norske Teatret	559	92	75	103 018	31580	999	16 094	184	343
Det Vestnorske Teateret AS	121	45	18	13 172	2 369	1 298	1 190	109	53
Haugesund Teater AS	35	..	-	6 105	259	-	-	174	..
Hålogaland Teater	268	122	70	19 450	8 133	522	3 447	73	67
Kilden Teater- og Konserthus for Sørlandet	331	97	23	36 678	5 929	1 659	1 732	111	61
Nationaltheatret	535	72	-	65 690	6 542	2 741	-	123	91
Nordland Teater AS	288	90	107	23 277	6 041	1 072	8 295	81	67
Oslo Nye Teater	217	..	109	53 548	24 506	247	..
Riksteatret	269	126	230	41 705	16 947	250	35 057	155	135
Rogaland Teater AS	478	136	..	42 893	13 887	98	..	90	102
Teater Avant Garden	267	110	136	18 723	4 873	4 265	10 466	70	44
Teater Ibsen - Telemark og Vestfold Regionteater AS	175	100	79	9 132	4 792	1 497	3 759	52	48
Teater Innlandet AS	169	25	124	10 448	1 940	6 041	6 777	62	78
Teater Manu	33	1	20	9 600	900	-	1 512	291	900
Teater Vestland AS	140	36	82	9 427	2 171	2 350	5 959	67	60
Teatret Vårt - AS									
Regionteateret i Møre og Romsdal	308	149	104	26 141	10 107	4 212	8 410		
Trøndelag Teater AS	287	4	-	43 793	3 210	2 819	-	85	68
Turnéteatret i Trøndelag	343	288	274	17 620	13 358	-	12 978	51	46
Årjehlsaemien Teatere	22	3	19	1 406	315	-	704	64	105
Østfoldteatret	46	1	32	1 257	11	-	1 030	27	11

¹ Deltakarar på arrangement, konsertar, framсыningar og formidlingsaktivitetar er inkludert i tala for besøkjande. Det tas atterhald om at nokre institusjonar kan ha rapportert digitale arrangement. ² Medrekna turnear i utlandet.

Kjelde: Kulturrådet.

Tabell 5.2. Talet på kor¹ og korsongarar, etter organisasjonar

	2018		2019		2020 ¹	
	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar
I alt	2 720	77 550	2 601	74 426	1 594	46 327
Norges Korforbund	1 026	30 428	1 037	30 528	1 040	30 092
Norsk sangerforum	378	10 537	376	10 755
Ung i Kor	283	10 386	275	10 368	291	10 259
Ung Kirkesang	342	9 207	315	7 893
Norges kirkesangforbund	149	3 540	147	3 505
KFUM-KFUK	220	4 570	194	4 410
Acta - Barn og unge i Normisjon	227	6 068	206	5 846	220	4 874
Norsk Sangerforbund	43	1 181	51	1 121
Søndagsskolen i Norge	52	1 633	43	1 102

¹ Talet på kor og korsongarar i 2020 kan ikkje samanliknast med tidlegare år grunna manglande rapportering frå fleire organisasjonar.

Kjelde: Dei einsskildre organisasjonane.

Tabell 5.3. Talet på kor og korsongarar etter fylke¹

	2018		2019		2020 ²	
	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar	Talet på kor	Talet på songarar
I alt	2 720	77 550	2 568	73 303	554	16 235
Viken	656	20 490	435	12 603	83	2 461
Oslo	139	4 007	342	11 394	114	4 495
Innlandet	214	5 617	196	5 164	22	604
Vestfold og Telemark	134	4 189	139	4 065	43	719
Agder	123	3 310	133	3 999	49	1 404
Rogaland	226	7 007	202	6 156	72	1 982
Vestland	436	11 299	401	10 605	73	1 762
Møre og Romsdal	167	4 998	157	4 640	24	697
Trøndelag - Trööndelaga	273	8 082	285	7 938	56	1 720
Nordland - Nordlännda	185	4 727	154	3 763	6	85
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	167	3 824	124	2 976	12	306

¹ Fylkesvise tal er ikkje fullt ut samanliknbare då nokre kommunar høyrer til nytt fylke frå og med 1. januar 2020. ² Talet på kor og korsongarar i 2020 kan ikkje samanliknast med tidlegare år grunna manglande rapportering frå fleire organisasjonar.

Kjelde: Dei einsskildre organisasjonane.

Tabell 5.4. Norges Musikkorps Forbund. Korps og medlemmer

	Skulekorps/generasjonskorps				Amatørkorps			
	Talet på korps	Talet på medlemmer i alt	Utøvande medlemmer	Andre medlemmer	Talet på korps	Talet på medlemmer i alt	Utøvande medlemmer	Andre medlemmer
1999	1 150	47 612	41 119	6 493	613	20 146	19 376	770
2000	1 132	46 949	40 475	6 474	607	19 881	19 180	701
2001	1 131	48 173	41 610	6 563	586	19 446	18 764	682
2002	1 119	49 997	43 392	6 605	584	18 851	18 234	617
2003	1 128	50 311	43 783	6 528	584	20 007	19 366	641
2004	1 128	50 003	43 476	6 527	583	20 304	19 697	607
2005	1 117	49 579	43 101	6 478	583	18 726	18 054	672
2006	1 118	47 522	40 090	7 432	585	20 511	19 723	788
2007	1 115	46 235	39 819	6 416	590	20 883	20 118	765
2008	1 107	45 542	38 553	6 989	589	20 813	19 977	836
2009	1 076	45 342	38 151	7 191	583	20 773	19 875	898
2010	1 068	44 092	36 819	7 273	581	20 643	19 686	957
2011	1 049	42 451	35 243	7 208	567	20 310	19 299	1 011
2012	1 047	40 445	33 695	6 750	565	19 830	18 608	1 222
2013	1 044	39 725	33 225	6 500	569	19 731	18 423	1 308
2014	1 044	38 960	32 655	6 305	579	19 696	18 316	1 380
2015	1 044	39 566	33 517	6 049	586	19 902	18 532	1 370
2016	1 042	38 982	33 183	5 799	586	20 102	18 708	1 394
2017	1 057	38 145	32 579	5 566	593	19 948	18 555	1 393
2018	1 036	38 460	32 135	6 325	600	20 403	18 937	1 466
2019	1 028	38 965	32 185	6 780	601	20 418	18 959	1 459
2020	1 022	36 150	29 446	6 704	603	19 902	18 384	1 518

Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Tabell 5.5. Norsk Scenekunstbruk. Produksjonar i deira speleplan. Framsyningar og tilskodarar

	Produksjonar	Framsyningar	Tilskodarar
2002	..	902	87 258
2004	53	1 946	190 519
2006	57	2 350	228 383
2008	65	2 649	243 159
2010	64	2 911	269 518
2011	62	2 636	263 898
2012	68	2 887	272 202
2013	56	2 462	251 623
2014	64	2 444	243 169
2015	62	2 500	245 339
2016	123	2 471	221 906
2017	71	2 341	212 871
2018	77	2 609	238 257
2019	69	2 010	212 868
2020	51	1 541	126 144
2020			
Viken	9	116	9 545
Oslo	13	146	10 799
Innlandet	10	58	3 743
Vestfold og Telemark	17	275	20 746
Agder	3	47	4 660
Rogaland	7	191	17 983
Vestland	6	59	7 293
Møre og Romsdal	13	231	20 727
Trøndelag - Tröndelage	12	194	15 375
Nordland - Nordlännda	4	97	6 417
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	11	127	8 856

Kjelde: Norsk Scenekunstbruk.

Tabell 5.6. Statlege utgifter til musikk- og scenekunsthøremål. Rekneskap. 1 000 kroner

	2020
I alt	3 051 705
Driftsutgifter ¹	92 803
Spesielle driftsutgifter ²	47 582
Forsvarets musikk ³	48 750
Landsdelsmusikerordninga i Nord-Noreg	22 380
Nasjonale institusjonar	1 600 570
Region-/landsdelsinstitusjonar	841 560
Region- og distriktsopera	67 010
Ymse faste tiltak	331 050

¹ Løyvinga dekkjer i hovudsak driftsutgifter ved Riksteatret, i tillegg til husleige for Riksscenen og utgifter til evaluerings- og kvalitetsutviklingsarbeid i Kulturdepartementets regi. ² Gjelder utgifter til Riksteatrets turnéverksemd. ³ Frå og med 2018 dekkjes 40 prosent av utgiftene til drift av korpene i Forsvarets musikk over Kulturdepartementets budsjett. Dei resterande 60 prosent dekkjes over Forsvarsdepartementets budsjett.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 5.7. Økonomiske nøkkeltal for musikk- og scenekunstinstitusjoner som mottok statlege pengar i 2020. 1 000 kroner

	Drifts- inntekter i alt	Driftstilskot frå staten	Regionale driftstilskot	Andre inntekter ¹	Andre inntekter i prosent av inntekter i alt	Drifts- kostnader	Årsverk
I alt	3 249 487	2 420 283	395 976	433 228	13,3	3 110 381	2 688,8
Det Norske Blåseensemble	39 604	26 420	11 322	1 862	4,7	38 962	33,0
Oslo Filharmonien	190 906	172 750	-	18 156	9,5	203 134	139,6
Arktisk Filharmoni	96 491	65 060	27 882	3 549	3,7	38 962	58,0
Stavanger Symfoniorkester	138 716	88 470	39 942	10 304	7,4	126 131	98,9
Musikkselskapet Harmonien	159 614	141 570	-	18 044	11,3	164 256	134,0
Trondheim Symfoniorkester & Opera	137 135	86 990	39 495	10 650	7,8	131 842	101,9
Dansens Hus	54 686	50 091	-	4 595	8,4	50 152	26,5
Den Nationale Scene	159 050	128 370	-	30 680	19,3	149 532	116,3
Den Norske Opera & Ballett	721 112	656 800	-	64 312	8,9	676 238	604,6
Det Norske Teatret ²	235 355	185 030	-	50 325	21,4	238 839	248,3
Nationalteatret	259 749	209 300	-	50 449	19,4	264 235	217,9
Brageteatret	30 435	15 650	9 253	5 532	18,2	29 951	24,6
Carte Blanche A/S	42 566	29 220	12 499	847	2,0	43 382	32,2
Haugesund Teater	20 741	13 280	5 693	1 768	8,5	20 459	15,4
Det Vestnorske Teateret ²	32 911	15 052	8 957	8 902	27,0	34 005	23,0
Hålogaland Teater	80 874	53 310	22 847	4 717	5,8	83 829	73,9
Kilden Teater og Konserthus for Sørlandet ⁴	230 209	126 420	54 186	49 603	21,5	223 957	237,4
Nordland Teater	48 194	29 010	12 433	6 751	14,0	45 886	30,9
Turnéteatret i Trøndelag	26 038	15 880	6 805	3 353	12,9	25 319	18,5
Rogaland Teater	113 714	64 490	29 500	19 724	17,3	104 919	110,8
Teater Vestland ³	30 435	15 650	9 253	5 532	18,2	29 951	24,6
Teater Ibsen - Telemark og Vestfold regionteater	43 548	28 200	12 310	3 038	7,0	41 976	25,8
Teater Innlandet	48 937	25 170	12 065	11 702	23,9	48 399	34,7
Teatret Vårt - Regionteateret i Møre og Romsdal	58 831	31 370	15 541	11 920	20,3	55 546	40,0
Trøndelag Teater	125 897	76 110	32 618	17 169	13,6	127 785	134,7
Bergen Nasjonale Opera	32 621	21 740	9 306	1 575	4,8	32 746	26,3
Opera Nordfjord	9 992	5 030	2 306	2 656	26,6	9 710	2,2
Opera Rogaland	3 812	1 610	1 844	358	9,4	3 183	1
Opera Trøndelag	9 521	4 825	2 066	2 630	27,6	9 569	9
Opera Østfold	13 037	6 250	6 237	550	4,2	6 239	5,9
Operaen i Kristiansund	37 355	16 690	7 854	12 811	34,3	37 056	24,1
Oscarsborg Operaen	7 682	4 185	1 798	1 699	22,1	4 423	2
Ringsakeroperaen	7 811	4 540	1 946	1 325	17,0	8 737	6,6

¹ Andre inntekter inkluderer òg statlege ad-hoc midlar til institusjonane som til dømes integreringsmidlar, tilleggstilskot og statstilskot til husleige. ² Hordaland Teater skiftet namn til Det Vestnorske Teateret frå 1.1.2020. ³ Sogn og Fjordane Teater skiftet namn til Teater Vestland frå 1.1.2020

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 5.8. Utdelingar til musikkfestivalar, etter kategori. Talet på festivalar og tilskot. 2020

	Talet på festivalar	Tilskot (1 000 kroner)
I alt	180	158 482
Folkemusikk	10	5 735
Jazz/improvisasjonsmusikk	26	23 972
Klassisk/kammer-/ samtidsmusikk	49	30 000
Populærmusikk	64	21 465
Verdsmusikk	7	23 350
Fleire sjangrar musikk	24	53 760

Kjelde: Kulturrådet.

6. Museum og samlingar

I dette kapittelet ser vi nærare på utviklinga av museum og samlingar, talet på einingar, samlingar og utstillingar. Vi ser òg på aktivitetar i musea og besøk, driftsinntekter og -kostnader. Tala for 2020 vil i nokre tilfelle vere påverka av at 2020 var eit annleis år, der besøkstal til dømes vil vere betydeleg lågare enn tidlegare år grunna covid-19-pandemien.


6.1. Samlingar

Museumssamlingane – fotografi utgjer største del av samlingane

Samlingane i norske museum består av ulike typar objekt og fotografi og er ein viktig dokumentasjon av den norske kulturarven. I 2020 var storleiken på samlingane på 62,9 millionar objekt og fotografi, ein auke på om lag ein million frå året før.

Det er samlingane av kulturhistoriske objekt som auka mest det siste året, sjå tabell 6.1. I 2020 var det samla talet på kulturhistoriske objekt i samlingane nærare 4 millionar, ein auke med 7,8 prosent frå 2019, eller 290 000 objekt. Fotografi utgjer framleis største del av samlingane med 62 prosent, beståande av meir enn 39 millionar foto. Talet på kulturhistoriske og kunsthistoriske objekt har halde seg stabilt dei siste åra og utgjer høvesvis 6 prosent og 1 prosent av samlingane. Dei naturhistoriske gjenstandane utgjer 17 prosent og arkeologiske gjenstandar 13 prosent, noko som òg er det same som året før.


Figur 6.1. Samlingar i norske museum¹. 2020. Prosent



¹ Tala i figuren omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eitt årsverk fast tilsette. Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Talet på objekt og fotografi har auka jamt det siste tiåret. Frå år til år kan nokre av endringane først attende til endringar i registreringspraksis. Generelt reknar vi med at det har skjedd ei kvalitetsheving av metodikk for registrering og teljing over tid. Lengre tidsseriar er difor betre eigna for å vurdere utviklinga i samlinga. Dei siste ti åra har talet på objekt og fotografi auka med over 19,7 millionar, frå 43,1 til 62,9 millionar, sjå figur 6.2 og tabell 6.1.

I 2020 er over 41 prosent av samlingane elektronisk registrert, medan vel 25 prosent er digitalisert, sjå tabell 6.1.

Figur 6.2. Samlingar i norske museum¹. 2009-2020. I 1 000

¹ Tala i figuren omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eitt årsverk fast tilsette.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.2 viser dei kulturhistoriske bygningane og farkostane i musea. Musea forvaltar nærare 5 100 kulturhistoriske bygningar, og litt over 2 100 av desse var opne for publikum i 2020. Det siste året har samlingane med kulturhistoriske bygningar hatt ein auke på 60, medan nær 390 færre bygningar har vore opna for publikum i 2020. Dette er ein nedgang på 15 prosent frå året før. I tillegg til objekt og bygningar forvaltar musea òg farkostar. I 2020 hadde musea 1 976 farkostar, dei fleste av desse var farkostar på land.

I tillegg til desse samlingane, har musea òg store samlingar av private arkiv, sjå kapittel 8, tabellane 8.1 og 8.2.


6.2. Utstillingar og andre aktivitetar

Færre utstillingar i musea

Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til éin kategori – utstillingar. I 2020 var det totalt 2 420 utstillingar i musea, 244 færre enn i 2019. Av dei var 180 (7,4 prosent) eigenproduserte vandreutstillingar i drift, medan resten var ordinære utstillingar. Det samla talet på utstillingar har minka over fleire år, sjå figur 6.3.

Figur 6.3 viser oversikt over talet på utstillingar frå 2005 til 2020. Nærare detaljar om dei ulike utstillingskategoriane fordelt på fylke er å finne i tabell 6.3.

Figur 6.3. Utstillingar i norske museum



¹Utstillingar er både basisutstillingar og temporære utstillingar.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Andre aktivitetar i musea – stor nedgang i 2020


Dei ulike musea har utstrekt tilbod om opne møte, foredrag, seminar og liknande. Tabell 6.4 viser at i 2020 vart omkring 4 400 slike arrangement haldne i musea, ein nedgang på 43 prosent frå året før. Dette er ein stor nedgang, men skuldast hovudsakeleg restriksjonar for besøk grunna covid-19-pandemien. Det var 670 konsertar og 162 ulike teateroppsetjingar med til saman om lag 1 299 fram-syningar. Talet på fram-syningar har gått ned med 1 794, eller 58 prosent, frå året før.

6.3. Besøk

Talet på museumsbesøk vart halvert

I 2020 var det registrert over 5,1 millionar besøk på musea i Noreg. Det er under halvparten så mange som i 2019, noko som naturleg nok må skuldast restriksjonar for besøk grunna covid-19-pandemien.

Talet på einskildbesøk til musea utgjorde 86 prosent av dei i alt 5,3 millionar museumsbesøka i 2020. 47 prosent av museumsbesøka er i 2020 betalte besøk. Totalt var drygt 700 000 besøk i grupper i 2020. For meir informasjon sjå figur 6.4. og tabell 6.5.

Figur 6.4. Besøk i norske museum¹

¹ Talet på museum vil variere frå år til år. Til dømes kan nokre heilt nye einingar kome med, medan andre einingar av og til ikkje leverer til den årlege statistikken. Dette vil kunne påverke samanlikninga over tid. Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Om lag 28 prosent av alle museumsbesøk i 2020 var på musea i Oslo, med 1,5 millionar besøk. Musea i Viken hadde 13 prosent av alle museumsbesøka, medan musea i Trøndelag hadde 11 prosent av museumsbesøka. Musea i Møre og Romsdal og på Svalbard hadde lågast del av museumsbesøka i 2020 med høvesvis 195 000 og 17 000 besøkjande, eller med ein prosentdel på nærare 4 og 0,3 prosent.


Grunna regionreforma og samanslåing av fylkar, er det ikkje mogleg med samanlikning for tidlegare år. Restriksjonar knytt til covid-19-pandemien gjer òg at besøkstala avvik mykje frå tidlegare år.

Kvar innbyggjar var i gjennomsnitt ein gong på besøk på eit museum i 2020. Gjennomsnittsbetøket per innbyggjar har vore stabilt på om lag 2 sidan 2005, men er halvert i 2020 grunna covid-19. Utrekninga av gjennomsnitt per innbyggjar tek ikkje høgde for talet turistar som vitja musea. Oslo skil seg ut med høgare besøk per innbyggjar samanlikna med gjennomsnittet og hadde eit gjennomsnitt med 2,1 museumsbesøk per innbyggjar. I den andre enden av skalaen finn ein Viken med om lag 0,5 museumsbesøk per innbyggjar. Sjå figur 6.5 og tabell 6.5 for meir informasjon.

Oslo hadde 26 prosent av alle besøk på kunstarenaer

Tabell 6.6 gir oversyn over 71 kunstarenaer i museumslandskapet i 2020. Desse kunstarenaene fordeler seg utover i landet. Dei fleste, 23 prosent, er plasserte i Viken som har 16 slike arenaer. Med kunstarenaer i museumsstatistikken meiner vi arenaer som i hovudsak formidlar kunst-, kunstindustri- og designhistorie. Det kan likevel vere nokre museum som har definert visuell kunst noko vidare.

Musea i Oslo har rapportert om vel 170 000 besøk på 9 slike arenaer. Dette utgjorde om lag 26 prosent av dei nærare 664 000 som besøkte landets kunstarenaer i 2020.

Figur 6.5. Museumsbesøk i alt per innbyggjar, etter fylke. 2020

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

6.4. Universell utforming

*Universell utforming –
93 prosent tilrettelagt*

Sidan 2010 har musea svara på spørsmål om universell utforming når det gjeld lokala og formidlinga. I 2020 svara 93 prosent av musea at dei har ein eller fleire arenaer som er lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne. 84 prosent av musea svara at dei har ein eller fleire arenaer der formidlinga er lagt til rette for funksjonshemma og 76 prosent av musea sine heimesider følgjer DigDir sine retningslinjer. Dette er ein standard for universelt tilgjengelege nettstader, sjå tabell 6.7.


6.5. Økonomi og drift

*Positivt driftsresultat for
musea i 2020*

Det totale driftsresultatet for musea gjekk i pluss med 511 millionar kroner i 2020. Dette er 338 millionar meir enn i 2019, sjå tabell 6.8.


Dei totale driftsinntektene for musea i Noreg låg på vel 6 milliardar kroner i 2020. Dette er ein auke i driftsinntektene frå 2019 på 226 millionar kroner, eller 3,9 prosent. Eigeninntektene til musea i 2020 var om lag 1,2 milliardar kroner, ein nedgang frå året før på 449 millionar kroner, eller 27 prosent. Billettinntektene utgjorde 16,2 prosent av eigeninntektene, sponsorinntekter og gåver utgjorde høvesvis 4,9 og 15 prosent av eigeninntektene. Andre eigeninntekter utgjorde 36,8 prosent.

Dei offentlege tilskota, både dei ordinære driftstilskota og andre offentlege tilskot, utgjorde om lag 4,8 milliardar kroner, eller 80 prosent av driftsinntektene. Tabell 6.8 viser ein auke i dei offentlege løyvingane frå 2019 til 2020 på 675 millionar kroner, eller 7,2 prosent. Tilskot frå staten, både ordinært driftstilskot og andre tilskot, utgjorde 3,6 milliardar i 2020, ein auke på 16,2 prosent frå 2019. Sjø tabell 6.8 og figur 6.6 for meir informasjon.

Figur 6.6. Driftsinntekter, etter inntektstype. Prosent

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Driftskostnadene for musea utgjorde om lag 5,5 milliardar i 2020, ein nedgang på 2 prosent frå 2019. Løns- og pensjonskostnader utgjorde den største delen av driftskostnadene, med 40,2 prosent. Dette utgjør ein lågare del av dei totale driftskostnadene i høve til året før. Talet på utgifter til løn og pensjon gjekk ned med 173 millionar frå 2019 til 2020, sjå tabell 6.8 og figur 6.7.

Figur 6.7. Driftsutgifter, etter kostnadstype. Prosent

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

4 173 lønte årsverk i 2020

Det vart utført 4 310 årsverk i musea i 2020, ein nedgang på 130 frå året før. 4 173 årsverk var lønte i 2020, og dette utgjør 96,8 prosent av dei totale årsverka.

Kvinnedelen i dei lønte årsverka var 57 prosent i 2020, på same nivå som dei fire føregåande åra. Frå 2006 har delen kvinnelege årsverk variert lite, mellom 52 og 56 prosent, sjå tabell 6.9.

Over halvparten av dei lønte årsverka var kunst- og kulturfagleg personale, med 57,8 prosent av dei tilsette⁵. Teknisk personale utgjorde 18 prosent, administrativt personale 20,9 prosent og dagleg leiar utgjorde 3,3 prosent av dei tilsette, sjå tabell 6.10.

Talet på administrative einingar har auka siste året

Tal på norske museum har gått ned frå 188 i 2005 til 102 administrative einingar i 2020. Nedgangen over fleire år har si hovudårsak i konsolideringsprosessar der museum slår seg saman og dannar større organisasjonar. I 2016 blei fem einingar tekne ut av museumspopulasjonen fordi verksemda deira ikkje lenger reknast å liggje innanfor det som er museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar. Dette verkar inn på kor samanliknbare tala i tidsseriane vil vere. I 2018 gjekk talet på einingar ned med sju museum, og i 2019 har det gått ned ytterlegare med to museum, medan det i 2020 har auka med fire einingar. Utover dette vil museumspopulasjonen variere noko frå år til år all den tid tala i statistikken berre omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde meir enn eitt årsverk fast tilsette.

6.6. Om museumsstatistikken

Museum og samlingar er ein årleg statistikk som vert publisert av Statistisk sentralbyrå (SSB). Føremålet med museumsstatistikken er å gje ei årleg oversikt over aktiviteten på området. Statistikken gjev òg nødvendig informasjon for stat, fylke, kommune og andre som er involverte i drifta eller finansieringa av musea. SSB har publisert statistikken årleg sidan 1983, unnateke av åra 1984 og 1990. Statistikken har vore publisert i samarbeid med Statens museumsråd, Norsk Museumsutvikling (NMU) og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum og frå statistikkrapporteringa i 2011, i samarbeid med Kulturrådet.

Omfang og publisering

Det finst ikkje nokon eintydig definisjon for museum i Noreg. Til og med 2001-statistikken betydde dette at alle samlingar som var opne for publikum, kunne vere inkluderte i populasjonen. Sjå elles ICOMs definisjon av eit museum (NOU 1996: 7, s 35). For konsoliderte museum med fleire avdelingar er det ei samla statistikk-rapportering (eitt skjema). Frå og med statistikkåret 2002 består statistikken av ein delpopulasjon av dei norske musea. I tillegg til at musea skal vere opne for publikum, har vi avgrensa populasjonen til å gjelde berre dei musea som har minst eitt fast lønt årsverk i statistikkåret. Dette som eit ledd i gjere populasjonen meir stabil.

Det har òg gått føre seg ein omfattande konsolideringsprosess i museumssektoren. Denne prosessen førte til at talet på administrative einingar som skulle rapportere gjekk ned år for år i ein periode, men ein reknar likevel med at statistikken dekkjer dei same musea.

Ser ein bort frå konsolideringa, ser ein likevel at populasjonen varierer frå år til år ved at til dømes nokre heilt nye einingar kjem til, samstundes med at andre einingar av og til ikkje leverer til den årlege statistikken. Om dei musea som ikkje leverer er små eller store einingar vil kunne påverka statistikken frå år til år.

I 2016 blei fem einingar tekne ut av museumspopulasjonen fordi verksemda deira ikkje lenger reknast å ligge innanfor det som er museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar.

Datakjelder og datainnsamling

Kulturrådet har ansvaret for å samle inn data frå dei einskilde museumseiningane. Fram til 2004 vart data rapporterte på skjema. SSB stod for registrering, revidering,

⁵ Ikkje alle musea rapporterer på type stilling.

kvalitetssikring og publisering av data. Dei siste åra har datainnsamlinga gått føre seg elektronisk (frå 2017 via Altinn), og SSB får ei samla elektronisk datafil for heile populasjonen via Kulturrådet. Fila dannar grunnlaget for publisering frå SSB.

Omgrep og definisjonar

Museum I hovudsak byggjer definisjonen av museum seg på International Council of Museums' (ICOM) definisjon:

«Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.» (ICOM, 2007, §3-1).

Type museum Frå statistikkåret 2011 vert ikkje musea lenger delte inn i museumstypar. I statistikkane frå 2007 til 2010 vart musea delte inn i fem museumstypar: kunst- og kunstindustri, kulturhistorisk, naturhistorisk, blanda kultur- og naturhistorisk og blanda kunst- og kulturhistorisk. Denne inndelinga er ikkje lenger føremålstenleg på grunn av at fleire museum har slått seg saman og danna større organisasjonar.

Besøk Med besøk meiner ein at ein person oppsøker museet for å sjå på og bruke museets utstillingar og formidlingstenester. Besøk på friluftsmuseum er personar som oppsøker museets område i opningstida for bruk av museets formidling på området. Besøk av personar som oppheld seg i museets lokale og friluftsområde i forbindelse med arrangement som ikkje aktivt kan knytast til museets formidling og verksemd, skal ikkje reknast med. For utstillingar i andre lokale som ikkje er museets egne, reknast besøk av personar dersom det primære føremålet er og aktivt oppsøke utstillinga til museet. Dei som besøker museets stand på ei messe, skal ikkje reknast med. Personar som berre passerer objekt eller fotografi i eit offentleg lokale utan å oppsøke utstillinga skal heller ikkje reknast med. Virtuelle besøk som til dømes internettutstillingar, reknast ikkje med.

Deltakarar i pedagogisk verksemd skal òg verte inkluderte i besøkstala. Dersom museet ikkje skil mellom born og vaksne, einskildbesøk og gruppebesøk ved teljing, skal besøkstalet registrerast som *einskildbesøk vaksne*.

Universell utforming – nedsett funksjonsevne

Universell utforming er tilrettelegging av lokale eller formidling for alle besøkjande. Å leggje til rette kan vere merking med blindeskrift, teiknspråk, teleslynge, heis, rullestolrampe, storskrift og lettlesen informasjon. På nettstaden Uutilsynet.no finst retningslinjer for universelt tilgjengelige nettstader, i tråd med WCAG-standarden. Nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming vert av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon skildra som ein konflikt mellom føresetnadene individet har og krava som miljøet og samfunnet har til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe sjølvstendet og det sosiale tilværet til einskildmennesket.

Andre omgrep

Inntekter totalt inkluderer offentlege løyvingar, billettinntekter, gåver og andre inntekter.

Lønnte årsverk i alt omfattar faste stillingar, mellombels engasjerte (ikkje på arbeidsmarknadstiltak), engasjerte gjennom arbeidsmarknadstiltak, lærlingar og sivilarbeidarar.

Utgifter i alt inkluderer løn, sosiale utgifter, andre driftsutgifter og investeringar.

Gjenstandar og objekt kan vere kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske, arkeologiske og fotografi.

Utstillingar – Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til ein ny kategori kalla Utstillingar.

Kulturhistoriske bygningar er bygningar som har kunnskaps- og kjeldeverdi ved at dei vitnar om lokal kunnskap, estetikk, tradisjonar, levesett, arkitektur og økonomiske føresetnader. Bygningane kan vere ein sjølvstendig del av utstillingane til museet og formidling, men òg kulturhistorisk viktige bygningar som rommar utstillingar, skal ein telje her. Omgrepet «kulturhistoriske bygningar» bruker ein her både for bygningar som er freda eller blir vurderte som verneverdige.

Farkostar er ei nemning på opne båtar/fartøy/skip som er ein del av samlingane til museet. Farkostar omfattar både farkostar på vatn og på land og som er ein del av utstillingane til museet. Det er inga øvre eller nedre grense for storleiken på farkosten så lenge han kan bli kategorisert som båt/fartøy/skip (statistikkskjema for norske museum og samlingar for året 2015).

Feilkjelder og uvisse

Det kan oppstå feil ved utfylling av skjema i dei einskilde musea, og ved arbeidet hos SSB. Dei fleste slike feil blir funne og retta ved maskinelle og manuelle kontrollar. Nokre museum let vere å svare på einskilde spørsmål i skjemaet.

Samanlikningar

Fordi populasjonen ikkje har vore eintydig, og på grunn av svært varierende svarprosent frå år til år, har det vore vanskeleg å samanlikne aktiviteten over tid. Frå og med statistikkåret 2002 er populasjonen meir eintydig, og samanlikningar vil difor kunne gjerast frå og med 2002. Med avgrensinga av populasjonen er museumsstatistikken òg blitt enklare å samanlikne med statistikken til dei andre nordiske landa.

Grunna regionreforma og restriksjonar som fylgje av covid-19, er det nokre tal som er vanskeleg å samanlikne med tidlegare år.

Referansar

ICOM Norge si oversetning av definisjon av museum (25.10.2021)

<http://norskicom.no/hva-er-icom/vedtekter/>

NOU 1996: 7. (1996). *Museum - Mangfold, minne, møtestad*. Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-1996-7/id140531/>

Statistisk sentralbyrå. (2021, 31. mai). Museum og samlingar.

<https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/kultur/statistikk/museum-og-samlingar>

Statistisk sentralbyrå. (2020, 14. januar). Svingninger i museumsstatistikken.

<https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/svingninger-i-museumsstatistikken>

Meir informasjon

Digitalt Museum: <http://digitaltmuseum.no/>

Kulturrådet: <https://www.kulturradet.no/publikasjoner>

Norges museumsforbund: <https://museumsforbundet.no>

Digitaliseringsdirektoratet: <https://www.digdir.no/digdir/universell-utforming/2451>

Utilsynet: <https://www.uutilsynet.no/wcag-standarden/oppbygging-av-wcag-20/139>

Tabell 6.1. Museum¹ og samlingar. Storleik på samlingane. I 1 000

	Gjenstandar/objekt						Material som er elektronisk registrert. Prosent	Material som er digitalisert. Prosent
	I alt	Kunst-historiske	Arkeo-logiske	Kultur-historiske	Natur-historiske	Fotografi		
2002	26 776	551	.	5 137	11 226	9 862	.	.
2003	26 925	560	.	4 884	11 284	10 197	.	.
2004	32 098	314	.	5 350	11 546	14 888	.	.
2005	34 297	471	.	6 141	11 640	16 046	.	.
2006	35 103	505	.	6 287	11 220	17 091	24,1	.
2007	38 378	453	4 658	3 469	11 856	17 942	22,7	.
2008	43 484	451	4 192	3 489	11 921	23 431	21,2	.
2009	42 732	453	4 280	3 543	11 542	22 914	19,6	.
2010	43 130	452	4 405	3 589	9 954	24 731	26,1	.
2011	48 665	643	4 612	3 590	10 139	29 682	26,1	.
2012	51 233	692	4 922	3 595	10 250	31 774	26,5	.
2013	50 766	716	5 176	3 606	10 294	30 975	27,2	.
2014	53 180	760	6 347	3 728	10 437	31 907	33,3	.
2015	55 697	767	6 706	3 780	10 559	33 886	34,0	.
2016	55 383	783	6 992	3 634	9 947	34 027	32,0	23,8
2017	56 498	799	7 260	3 555	9 912	34 972	35,6	23,3
2018	57 442	800	7 719	3 595	10 098	35 209	38,2	25,0
2019	61 876	808	8 087	3 696	10 410	38 874	39,5	23,3
2020	62 893	828	8 286	3 986	10 647	39 146	41,4	25,4
2020								
Viken	7 292	20	0	423	11	6 838	13,1	5,5
Oslo	17 892	621	2 487	1 115	6 029	7 640	61,4	28,0
Innlandet	7 484	3	11	413	7	7 050	20,5	15,5
Vestfold og Telemark	5 211	18	2	255	2	4 935	8,7	7,0
Agder	585	3	1	150	123	308	45,9	29,7
Rogaland	3 272	15	1 452	279	37	1 489	61,2	63,8
Vestland	5 673	60	2 147	458	2 168	840	60,7	13,0
Møre og Romsdal	2 213	2	1	133	2	2 075	19,4	26,7
Trøndelag - Trööndelage	9 139	42	1 812	329	1 615	5 341	43,1	39,6
Nordland - Nordlännda	1 732	11	0	278	24	1 418	32,0	28,0
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmárku	2 317	32	323	150	629	1 183	61,5	57,3
Svalbard	83	0	50	4	0	28	46,6	45,8

¹ Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.2. Kulturhistoriske bygningar og farkostar

	Einingar i alt ¹	Kulturhistoriske bygningar	Opne kulturhistoriske bygningar	Flytande farkostar	Farkostar på land
2006	175	4 894	2 942	.	.
2007	173	4 785	2 971	.	.
2008	166	4 782	2 918	.	.
2009	148	4 866	2 970	.	.
2010	137	4 974	2 862	.	.
2011	134	4 982	2 925	.	.
2012	128	5 019	2 877	.	.
2013	127	4 926	2 855	222	1 644
2014	118	4 915	2 824	219	1 681
2015	115	4 940	2 829	231	1 695
2016	107	5 014	2 443	198	1 757
2017	107	5 020	2 519	187	1 787
2018	100	5 028	2 474	209	1 764
2019	98	5 028	2 512	176	1 787
2020	102	5 088	2 123	162	1 814
2020					
Viken	11	722	256	17	184
Oslo	17	207	88	11	175
Innlandet	10	1177	482	14	121
Vestfold og Telemark	5	292	106	6	32
Agder	5	202	103	5	43
Rogaland	7	253	93	4	69
Vestland	11	691	248	18	307
Møre og Romsdal	6	303	160	38	232
Trøndelag - Trööndelage	9	461	161	9	199
Nordland - Nordlännda	7	426	216	3	253
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	12	354	209	37	196
Svalbard	2	.	1	.	3

¹ Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde meir enn eitt årsverk fast tilsette.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.3. Utstillingar i norske museum¹

	Einingar i alt	Utstillingar		
		I alt	Utstillingar ²	Eigenproduserte vandreutstillingar i drift
2002	274	2 387	1 383	237
2003	263	2 420	1 377	248
2004	234	2 452	1 398	162
2005	188	2 658	1 434	196
2006	175	2 737	1 471	226
2007	173	2 858	1 559	226
2008	166	2 881	1 523	239
2009	148	2 964	1 541	284
2010	137	2 922	1 578	276
2011	134	2 939	1 605	273
2012	128	2 899	1 622	221
2013	127	2 896	1 598	232
2014	118	3 026	1 536	404
2015	115	2 844	1 563	255
2016	107	2 782	2 548	234
2017	107	2 696	2 504	192
2018	100	2 650	2 459	191
2019	98	2 664	2 462	202
2020	102	2 420	2 240	180
2020				
Viken	11	261	252	9
Oslo	17	255	219	36
Innlandet	10	207	202	5
Vestfold og Telemark	5	154	152	2
Agder	5	121	120	1
Rogaland	7	170	167	3
Vestland	11	308	301	7
Møre og Romsdal	6	177	134	43
Trøndelag - Trööndelag	9	242	212	30
Nordland - Nordlännda	7	278	263	15
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	12	242	213	29
Svalbard	2	5	5	.

¹ Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eitt årsverk fast tilsette. ² Utstillingar er både basisutstillingar og temporære utstillingar.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.4. Museum og samlingar. Ulike aktivitetar i musea, etter type aktivitet og fylke

	Museums- einingar i alt ¹	Tal på opne møte, foredrag, seminar o.l.	Tal på konsertar	Tal på oppsetjingar (skodespel, teater)	Tal på framføringar (skodespel, teater)
2013	127	5 536	1 613	250	3 116
2014	118	5 910	1 653	300	1 940
2015	115	6 023	1 623	278	3 095
2016	107	6 278	1 654	274	4 639
2017	107	6 810	1 718	272	3 839
2018	100	7 097	1 684	287	4 920
2019	98	7 791	1 966	245	3 093
2020	102	4 444	670	162	1 299
2020					
Viken	11	492	53	13	40
Oslo	17	620	19	31	336
Innlandet	10	344	58	11	23
Vestfold og Telemark	5	225	32	8	48
Agder	5	329	93	1	10
Rogaland	7	339	25	4	37
Vestland	11	289	164	13	89
Møre og Romsdal	6	292	33	23	169
Trøndelag - Trööndelag	9	283	98	34	440
Nordland - Nordlännda	7	339	47	20	96
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	12	880	48	4	11
Svalbard	2	12	.	.	.

¹ Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eitt årsverk fast tilsette.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.5. Museum¹ og samlingar. Besøk

	Einingar i alt	Besøk		Betalte besøk	Besøk i alt per innbyggjar ²
		I alt	Av desse som einskildbesøk		
				1 000	
2002	274	8 336	4 128	3 872	1,8
2003	263	8 523	4 592	4 119	1,9
2004	234	8 553	5 681	4 564	1,9
2005	188	9 061	6 344	4 732	2,0
2006	175	9 331	6 786	4 462	2,0
2007	173	10 194	7 409	5 387	2,2
2008	166	10 196	7 553	5 055	2,2
2009	148	10 184	7 633	4 870	2,1
2010	137	10 548	8 070	5 142	2,2
2011	134	10 574	7 925	5 703	2,1
2012	128	10 666	7 990	5 727	2,1
2013	127	10 945	8 207	5 369	2,2
2014	118	10 862	8 278	5 918	2,1
2015	115	11 315	8 878	5 870	2,2
2016 ³	107	11 217	8 884	5 597	2,0
2017	107	11 301	8 892	5 870	2,1
2018	100	10 913	8 724	5 532	2,1
2019	98	10 433	8 212	5 471	2,0
2020	102	5 134	4 422	2 392	1,0

2020

Viken	11	664	584	301	0,5
Oslo	17	1 461	1 343	537	2,1
Innlandet	10	448	393	226	1,2
Vestfold og Telemark	5	263	218	137	0,6
Agder	5	233	200	153	0,8
Rogaland	7	369	284	159	0,8
Vestland	11	407	363	212	0,6
Møre og Romsdal	6	195	121	84	0,7
Trøndelag - Trööndelage	9	566	485	290	1,2
Nordland - Nordlännda	7	269	233	178	1,1
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	12	242	188	100	1,0

Svalbard

2

17

11

13

¹ Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eitt årsverk fast tilsette. ² Frå og med 2010 er innbyggjartala grunna i middelfolkemengde og ikkje på tal per 1. januar. ³ Frå 2016 er fem museum tatt ut av museumspopulasjonen.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.6. Kunstarenaer¹, ulike typar besøk etter fylke i 2020

	Talet på kunstarenaer	Besøk i alt	Enkeltbesøk		Gruppebesøk		Del av besøk med inngangs- pengar
			Vaksne	Born og unge	Vaksne	Born og unge	
I alt	71	663 925	494 813	61 745	47 356	60 011	47,7
Viken	16	126 765	100 838	15 339	1 201	9 387	50,1
Oslo	9	170 076	138 403	15 818	1 651	14 204	52,3
Innlandet	2	21 422	17 582	2 110	41	1 689	100,0
Vestfold og Telemark	9	38 311	28 925	2 761	1 404	5 221	36,7
Agder	1	21 837	12 915	2 034	0	6 888	43,1
Rogaland	5	59 552	43 551	7 393	2 502	6 106	28,1
Vestland	7	88 431	74 102	7 126	3 555	3 648	48,2
Møre og Romsdal	5	48 819	11 245	1 729	31 387	4 458	29,5
Trøndelag - Trööndelage	5	42 448	30 453	2 654	2 504	6 837	53,1
Nordland - Nordlännda	4	21 636	18 214	2 078	980	364	59,2
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	7	20 362	16 112	2 587	725	938	44,0
Svalbard	1	4 266	2 473	116	1 406	271	32,2

¹ Gjeld museum som har svara at dei formidlar kunst-, kunstindustri og designhistorie i 2018. Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Kulturrådet

Tabell 6.7. Museum som er lagde til rette for personar med nedsett funksjonsevne

	Talet på museum ¹	Er museets lokale lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne?		Er museets formidling lagt til rette for dei med nedsett funksjonsevne?		Følgjer museets heimesider DigDir sine retningslinjer?	
		Ja	Nei	Ja	Nei	Ja	Nei
2010	137	102	35	76	61	.	.
2011	134	97	37	70	64	.	.
2012	128	94	34	82	46	55	73
2013	127	93	34	82	45	60	67
2014	118	88	30	80	38	46	72
2015	115	85	30	72	43	55	60
2016	107	81	26	65	42	51	56
2017	107	87	20	79	28	52	44
2018	100	87	13	77	23	63	34
2019	98	80	18	73	25	63	35
2020	102	95	7	86	16	78	24

¹ Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde meir enn eitt årsverk fast tilsette.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.8. Museum og samlingar. Driftsinntekter og driftskostnader. Millionar kroner

	I alt 2014	I alt 2015	I alt 2016	I alt 2017	I alt 2018	I alt 2019	I alt 2020
Driftsresultat	73	156	172	142	235	173	511
Totale driftsinntekter	4 417	4 781	4 914	5 155	5 436	5 834	6 060
Totale eigeninntekter	1 278	1 403	1 346	1 536	1 625	1 662	1 213
Billettinntekter	323	331	351	397	399	388	197
Varer og tenester	295	313	331	547	512	571	329
Sponsorinntekter	132	67	55	48	62	51	59
Gåver	-	93	79	109	211	223	182
Andre eigeninntekter	529	600	531	435	441	428	447
Totalt ordinært offentleg driftstilskot	2 860	3 109	3 109	3 281	3 411	3 757	4 168
Ordinært driftstilskot staten	2 187	2 315	2 321	2 448	2 557	2 839	3 157
Ordinært driftstilskot fylkeskommune	340	368	373	381	489	406	419
Ordinært driftstilskot kommune	333	426	439	453	366	512	592
Totalt andre offentlege tilskot	279	269	435	337	400	416	680
Andre offentlege tilskot, staten	154	193	333	251	283	268	454
Andre offentlege tilskot, fylke	110	48	64	49	57	89	172
Andre offentlege tilskot, kommune	15,7	27,8	38,6	37	60	58	54
Totale driftskostnader	4 344	4 625	4 743	5 014	5 201	5 661	5 549
Varer/ tenester	379	353	367	387	422	510	411
Løn	2 154	2 229	2 236	2 364	2 464	2 583	2 509
Pensjon	203	247	220	236	262	278	271
Avskrivningar	77	85	98	100	102	108	126
Drift lokale	163	175	176	205	219	234	216
Vedlikehald lokale	143	183	242	239	205	259	280
Husleige	440	489	456	509	513	572	672
Andre driftskostnader	832	899	949	973	1 013	1 117	1 065
- Offentlege refusjonar ¹	46	35

¹ Offentlege refusjonar vert ikkje lenger trekte frå driftskostnadene frå 2016.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.9. Årsverk ved museum og samlingar

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Årsverk i alt	3 840,8	3 934,2	3 977,8	3 972,7	4 064,8	4 052,8	4 213,1	4 150,9	4 126,2	4 244,0	4 440,0	4 310,3
Årsverk, lønt personale	3 633,5	3 726,9	3 782,4	3 778,1	3 862,9	3 864,6	4 015,5	3 954,8	3 966,8	4 056,0	4 213,4	4 172,8
Av dette												
Årsverk, faste stillingar	2 715,6	2 792,3	2 844,0	2 868,1	2 952,4	2 998,7	3 085,5	3 069,2	3 109,6	3 168,8	3 308,1	3 359,1
Frivilljuge årsverk	207,3	207,4	195,4	194,6	201,7	1188,2	197,8	196,1	203,1	188,0	227,0	137,4
Årsverk, lønt personale¹												
Kvinner	1 921,7	1 946,3	2 006,4	2 032,9	2 078,2	2 110,6	2 217,7	2 177,3	2 221,7	2 320,8	2 392,9	2 382,7
Menn	1 711,8	1 778,9	1 776,0	1 745,2	1 784,2	1 753,2	1 797,1	1 776,9	1 744,3	1 735,2	1 820,1	1 790,1

¹ Frå 2008 er frivilljuge årsverk ikkje medrekna.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.10. Årsverk, etter type stilling¹

	Dagleg leiar	Kunst- og kulturfagleg personale	Administrativt personale	Teknisk personale
2012	153,7	1 960,6	709,9	914,7
2013	151,2	2 036,3	680,2	853,0
2014	148,9	2 033,2	734,8	804,3
2015	169,5	2 029,7	805,6	848,1
2016	139,7	2 113,3	787,2	749,2
2017	139,3	2 119,9	804,3	716,2
2018	137,3	2 251,0	829,2	705,6
2019	143,4	2 417,6	864,9	731,9
2020	137,4	2 372,5	857,3	738,2
2020				
Viken	108,5	102,7	36,9	94,3
Oslo	17,0	594,6	343,0	162,2
Innlandet	10,9	189,7	65,6	105,1
Vestfold og Telemark	13,00	116,12	29,53	25,02
Agder	14,8	96,7	23,7	28,7
Rogaland	7,0	200,9	49,1	30,3
Vestland	17,0	257,4	95,7	155,7
Møre og Romsdal	5,0	88,4	19,2	19,8
Trøndelag - Tröndelage	17,7	355,2	63,5	62,8
Nordland - Nordlännda	7,0	115,7	48,9	35,9
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmárku	15,4	189,7	59,3	26,9
Svalbard	2,0	5,0	3,0	2,0

¹ Ikkje alle musea rapporterer type stilling.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

7. Bibliotek

Biblioteka er i dag allsidige arenaer med mange ulike tilbod og arrangement utover utlån av bøker. Nye tenester som er grunna i digitale system er ein viktig del av aktiviteten. Sjølv om utlån har ei fallande kurve, er dette framleis hovudaktiviteten i biblioteka. 2020 var eit annleis år òg for biblioteka og tala ber preg av eit år med tidvis nedstenging og besøksrestriksjonar.

7.1. Nokre resultat

Nedgang i utlån av bøker og andre medium – men auke for e-bøker

Tal på førstegongslån av bøker frå folkebiblioteka i 2020 ende på 9,7 millionar bøker, ein nedgang på 20 prosent frå 2019. Det finst tal på førstegongslån frå og med 2014 og dei viser ein svak nedgang kvart år fram til 2018, då det var ein marginal auke. Mellom 2018 og 2019 var det òg ein auke, på 296 000 utlån, eller 2,5 prosent. Det finst samla tal for førstegongslån og fornying fram til 2016. Tal i tabellar og figurar frå og med 2017 er førstegongslån, sjå tabell 7.1, og figur 7.1.

Totalt utlån av andre medium gjekk òg, som forventa, ned i 2020. Til dømes gjekk utlån av film ned med 536 000 eksemplar og utlån av lydbøker gjekk ned med om lag 332 000 eksemplar frå 2019 til 2020, sjå tabell 7.2. Verdt å merke seg er at talet for nedlastingar av e-bøker var høgare i 2020 enn i 2019, med heile 356 000 fleire nedlastingar.

1,8 bøker per innbyggjar

I 2020 vart gjennomsnittstal på utlån utrekna til 1,8 bøker per innbyggjar, mot 2,3 i 2019. I 2017, som var det første året kor fornyingar ikkje lenger vart medrekna, var talet 2,2 bøker per innbyggjar, sjå tabell 7.1.

7.2. Bibliotekbruk


Fleire utlån av bøker for born enn for vaksne

Utviklinga er ulik for utlån av litteratur for born samanlikna med litteratur for vaksne, og vi ser ein stor auke i utlån av bøker for born dei siste åra. I 2020 gjorde pandemien sitt til at vi ser ein nedgang i utlånet av bøker for både born og vaksne, men framleis vart det lånt ut 1,1 millionar fleire bøker for born enn for vaksne. Dette er ein trend som har halde seg dei siste sju åra, medan det i åra frå 1999 og til 2013 vart lånt ut fleire bøker for vaksne samanlikna med bøker for born.

Nedgangen i utlånet var om lag lik for utlån av bøker for born og bøker for vaksne i 2020, med høvesvis 20 prosent og 21 prosent.

Rogaland og Troms og Finnmark er dei fylka som har høgst del av utlån av bøker for born i 2020 med høvesvis 60 prosent og 59 prosent av dei totale utlåna.

Innlandet har høgst del av utlån av bøker for vaksne, med 51 prosent, medan Nordland er på andreplass med 49 prosent, sjå tabell 7.1.

Figur 7.1. Folkebibliotek. Utlån¹ av bøker etter type litteratur

¹ Frå og med 2017 er tal på utlån i figuren berre førstegongsloan og tal kan ikkje fullt ut samanliknast med tidlegare år. Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Meir skjønnlitteratur enn faglitteratur

I løpet av dei siste femten åra har fordelinga vore omtrent den same mellom utlån av faglitteratur og utlån av skjønnlitteratur for born. Nær ni av ti førstegongsloan av barnelitteratur i 2020 var skjønnlitteratur. Same fordeling var det året før. I 2014 og tidlegare var åtte av ti utlånte barnebøker innanfor skjønnlitterær sjanger. Bøker for voksne har òg hatt fleire utlån av skjønnlitterære bøker i høve til faglitterære bøker, men ikkje like stor del som for born. Seks av ti førstegongsloan av bøker for voksne var skjønnlitteratur i 2020 og omlag same del har det vore dei siste ti åra, sjå tabell 7.1.


Folkebibliotek

Nedgang i besøket under pandemien

I 2020 var det 647 folkebibliotek i Noreg, ein reduksjon på 18 bibliotek frå året før. Nedgangen i talet på folkebibliotek er knytt til kommune- og regionreforma og samanslåing av bibliotek som fylgje av dette. Frå 2018 til 2019 var det ein vekst i besøket på nær 4 prosent, men periodar med nedstenging i 2020 leidde til ein nedgang i besøket på 38 prosent. Totalt blei dei norske folkebiblioteka besøkt nær 16 millionar gonger i 2020, mot nær 26 millionar besøk i 2019. I gjennomsnitt var det 2,9 bibliotekbesøk per innbyggjar i 2020, mot 4,8 i 2019, sjå tabell 7.3.

Den nye fylkes- og kommuneinndelinga som kom som fylgje av kommune- og regionreforma, gjer det vanskeleg å samanlikne besøket i biblioteka bakover i tid på fylkesnivå. Om vi tek for oss tala for 2020 ser vi at Rogaland er det fylket med flest besøk per innbyggjar, her er talet 4,4. Færrest besøk til folkebibliotek per innbyggjar var det i Møre og Romsdal, med 2,2.


Figur 7.2. Folkebibliotek. Besøk per innbyggjar, etter fylke. 2020



Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Bok-, film- og lydbokbestanden gjekk ned i folkebiblioteka

Bokbestanden i dei 647 folkebiblioteka i 2020 var på 14,3 millionar bøker, ein nedgang på 3,5 prosent frå året før, sjå tabell 7.4. Sidan 2005 har bestanden vorte redusert med nær 5,8 millionar bøker. Når det gjeld bestanden av musikk har den gått ned kvart år sidan 2013 og ligg no på om lag 359 000. Bestanden av lydbøker og film auka kvart år fram til 2018, då bestanden gjekk ned med 12 600 frå 2017. I 2020 gjekk bestanden av lydbøker ned med 61 500, til 663 000. Filmbestanden gjekk ned med 42 800, til 786 000.

Figur 7.3. Folkebibliotek. Bokbestand per 31. desember

Kjelde: Nasjonalbiblioteket, KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Auke i arrangement – men ikkje i annleisåret 2020

Den generelle utviklinga i folkebiblioteka er at bokbestanden går ned og dei fysiske besøka går opp. Talet på arrangement går opp og kan forklare noko av auken, men besøkstalet har generelt blitt høgare, òg om vi held arrangement utanom. Arrangementa kan vere både i regi av biblioteket eller i samarbeid med andre, samt andre aktørar som held opne arrangement. Dei ulike arrangementa kan til dømes vere kulturarrangement, samtale- og debattarrangement og opplæring.

I 2020 såg situasjonen annleis ut og talet på arrangement ende på 30 600, mot nær 64 000 i 2019. Det var til saman 651 000 besøkjande på arrangementa, mot 1,7 millionar i 2019, sjå tabell 7,5. I snitt var det 21 deltakarar på kvart arrangement i regi av eit folkebibliotek i 2020, noko som var fem deltakarar mindre per arrangement enn i 2019. I Rogaland og Vestland var det flest deltakarar i gjennomsnitt per arrangement, med høvesvis 28 og 23 deltakarar.

Folkebibliotek – 2 985 innbyggjarar per årsverk

I 2020 var det 1797,1 årsverk i folkebiblioteka, og det var 18,5 årsverk fleire enn i 2019. Talet gjeld dei årsverka som er knytt til bibliotekets tenestetilbod, altså ikkje støttefunksjonar eller andre årsverk. I 2020 var det 2 985 innbyggjarar per årsverk, som var 18 færre enn året før. Disse tala er henta frå KOSTRA-tabell nummer 12059. Same tabell gjev òg oversikt over løns- og medieutgiftene i folkebiblioteka per innbyggjar. I 2020 var desse 255 kroner, noko som var ein nedgang på 11 kroner samanlikna med året før. I tabell 7.7 finnes meir informasjon om løns- og medieutgifter i folkebiblioteka.

Fylkesbibliotek

Utlån frå fylkesbiblioteka går ned - ny rolle som utviklingsaktør

I 2020 ende utlån frå fylkesbibliotek på 171 800, mot 228 300 i 2019. Talet er delt mellom 55 800 eksemplar i direkte utlån og 83 600 i fjernlån frå eigne og primærbiblioteka sine samlingar. Talet på fjernlån gjekk ned med 21 000 einingar frå 2019, medan talet på direkte utlån gjekk ned med 67 800. Delen av utlån til mobile einingar utgjorde 39 prosent av dei direkte utlåna i 2020, mot 51 prosent i 2019, sjå tabell 7.8.

Samla utlån har elles gått ned kvart år sidan 2002, sett bort i frå ein liten auke i 2018. Utlånstalet er no ein fjerdedel av kva det var for ti år sidan. Det er viktig å understreke at dette har samanheng med at fylkesbibliotekas primære rolle har blitt

endra til å vere utviklingsaktør for biblioteka i fylket og at det berre er nokre av fylkesbiblioteka som driv med utlån og fjernlån. Den ekstra store nedgangen i tala for 2020 er sjølvstøtt og ein effekt av pandemien og periodevis nedstenging av biblioteka.

Vidare viser tabell 7.8 at fylkesbiblioteka hadde 146 millionar kroner i brutto driftsutgifter i 2020, om lag 960 000 kroner mindre enn året før. Rekneskapen viser at utgifter til bøker og anna materiell var på om lag 8 millionar kroner i 2020, ein auke på 1,1 millionar kroner frå 2019.

Fengselsbibliotek

Auke i bestanden på fengselsbibliotek


Det var 39 fengselsbibliotek i Noreg i 2020, to bibliotek fleire enn i 2019. Det var til saman 214 500 bøker og AV-medium, ein auke på 12 000 einingar frå året før, sjå tabell 7.9. Talet på utlånte einingar ende på 410 000, ein nedgang på 102 000 einingar frå 2019. Tre av fire utlån var utlån av AV-medium.

Fag- og forskingsbibliotek

15,2 millionar bøker og tidsskrifter i fag- og forskingsbiblioteka

Fag- og forskingsbiblioteka hadde 45,9 millionar fysiske einingar i 2020. Av desse var det 15,2 millionar bøker og periodika, som utgjorde 33 prosent av dei totale fysiske einingane, sjå tabell 7.10. Dei største samlingane av bøker og periodika finst på bibliotek ved universitet og høgskular. Desse biblioteka hadde 9,3 millionar, eller 61 prosent, av alle bøker og periodika til saman i 2020, sjå figur 7.4. Nasjonalbiblioteket hadde 3,7 millionar bøker og periodika, noko som svarar til 25 prosent av totalen.

Figur 7.4. Fag- og forskingsbibliotek. Bøker og periodika, etter bibliotektype. 2020. Prosent



Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

948 000 utlån

Tabell 7.10 viser tal for bestand og noko av aktivitetane i fag- og forskingsbiblioteka. Talet på utlån i fysisk form, nærare bestemt effektuerte utlån (gjeld førstegongslån) frå biblioteka sine egne samlingar ende på 948 000 i 2020. Dette var ein nedgang på 437 000 frå 2019. I tillegg var det 240 000 effektuerte fjernlån til andre bibliotek. Brorparten av dei effektuerte utlåna var ved biblioteka ved universitet og høgskular, med 82 prosent av det samla talet for utlån. Dette var fem prosentpoeng lågare enn i 2019.

Fleire nedlastingar I tillegg til utlånsaktiviteten i fag- og forskingsbiblioteka viser statistikken òg noko av den digitale bruken ved desse biblioteka. Talet på nedlastingar har auka dei siste åra. I 2020 vart det til saman lasta ned om lag 44 millionar dokument frå fag- og forskingsbiblioteka i Noreg. Dette er om lag sju millionar fleire nedlastingar enn i 2019. Kategorien nedlastingar gjeld både nedlastingar frå fulltekstdatabasar og frå institusjonsarkiv. Ein fulltekstdatabase er ei samling av originaldokument der heile eller delar av dokumentet er elektronisk tilgjengeleg. Eit dokument kan mellom anna vere bøker, periodika, rapportar og artiklar i tidsskrifter. Institusjonsarkiv er eit ope tilgjengeleg arkiv for lagring av ein institusjon eller ei gruppe av institusjonar sine publikasjonar i elektronisk utgåve. Det kan omfatte doktoravhandlingar, studentoppgåver, ulike typar vitskapelege publikasjonar, forskingsrapportar med meir (SSB, 2021a).

Det var totalt 2 098 tilsette ved fag- og forskingsbiblioteka i Noreg i 2020, delt på 1 600 årsverk. 94 prosent av årsverka var knytt til bibliotekets tenestetilbod.

Ei av fire kroner brukt på innkjøp av materiale til samlingane Fag- og forskingsbiblioteka brukte til saman 646 millionar kroner til innkjøp av materiale til samlingane i 2020 og dette er nær 35 millionar kroner meir enn i 2019. Det utgjer 28 prosent av dei samla utgiftene, som ende på om lag 2,4 milliardar kroner. Dei samla inntektene til fag- og forskingsbiblioteka ende på 2,3 milliardar kroner i 2020 og det var ein auke på 154 millionar kroner i høve til 2019.

83 prosent av det totale beløpet som vart brukt til innkjøp av materiale gjekk til bibliotek ved universitet og høgskular. Spesialbibliotek og bibliotek ved helseinstitusjonar brukte 38 prosent av deira utgifter på innkjøp av materiale. Biblioteka ved universitet og høgskular brukte 36 prosent av utgiftene på innkjøp av materiale til samlingane.

Skulebibliotek

Utfordringar med å få inn tala for skulebiblioteka Siste tilgjengelege tal for skulebibliotek for grunnskule og vidaregåande skule er frå 2019 då skulebibliotekstatistikken for 2020 ikkje er ferdig utarbeidd. Skulebiblioteka har hatt om lag same nivå på sin bokbestand sidan 2015. I 2018 var bokbestanden på til saman 10,7 millionar, mot 14,4 millionar bøker i 2017. Talet gjeld bokbestandane i både grunnskular og vidaregåande skular. Den tilsynelatande store nedgangen skyldast ein lågare svarprosent frå grunnskulane i 2018, som igjen var knytt til utfordringar med overgangen til eit nytt innhaustingssystem hos Nasjonalbiblioteket. Talet for 2019 er tilsvarande lågt som for 2018, med ein bestand på 11,5 millionar bøker. For 2019 er årsaka til dette låge talet utfordringar med å få inn tala som ein fylgje av koronapandemien og at fleire bibliotekarar ikkje hadde tilgang til biblioteklokala.

For biblioteka i grunnskulen var den innrapporterte bokbestanden på 8,3 millionar bøker i 2019. Det utgjer 21,4 bøker per elev, sjå tabell 7.11.

Det var ein auke i bokbestanden i vidaregåande skule på 266 000 bøker frå 2018 til 2019, og det var òg ein auke i talet for bøker per elev. Det var 17,9 bøker per elev i 2019 mot 17,1 året før. Det var òg ein auke i talet på utlån per elev, frå 4,4 i 2018 til 4,7 i 2019. Totalt utlån gjekk opp med 11 prosent. Utlån av bøker gjekk opp frå 736 000 til 818 000, medan utlån av AV-medium gjekk ned med nær 8 000, sjå tabell 7.12.

7.3. Pliktavlevering

Stor nedgang i pliktavleveringar Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg. I 2020 vart det registrert om lag 530 millionar avleveringar av materiale til Nasjonalbiblioteket, mot over 2,2 milliardar i 2019. Norske vevdokument utgjer den største delen av det pliktavleverte materialet, sjå tabell 7.13. I 2018 var talet

unormalt lågt, i likskap med talet for 2020, noko som den gongen hang saman med overgangen til ny innhaustingsplattform for internettressursar og ein stans i innhaustinga. I 2020 skyldast nedgangen i hovudsak at innhaustingsplattformen er blitt forbedra med tanke på deduplisering. I 2017 var det i underkant av 2,4 milliardar pliktavleverte vevdokument, medan det var 3,5 milliardar i 2016, ein nedgang på 32 prosent mellom desse to åra. Mellom 2017 og 2019 var det ein nedgang på 5 prosent.

Talet på anna avlevert materiale gjekk òg ned i 2020. Held vi vevdokument utanfor var det samla talet på 272 000 pliktavleveringar, altså ein nedgang på drygt 10 000 samanlikna med 2019. For bøker var det ein liten auke frå 2019 til 2020 med 514 avleverte bøker, medan for løypande periodikum var det ein nedgang på 193 avleverte titlar. Talet på filer for digitalt fjernsyn auka mest i høve til året før, med 18 000 fleire avleveringar.

Talet på pliktavleverte filer til digital radio gjekk ned med 24 000 frå 2019 til 2020, frå nær 131 400 til 107 400, medan talet på innspela musikk gjekk ned med 643, frå 1 656 til 1 013.

7.4. Om statistikken

Nasjonallbiblioteket er ansvarleg for innsamling av statistikk for dei ulike biblioteka: folkebiblioteka, fylkesbiblioteka, skulebiblioteka, fengselsbiblioteka og mobile einingar, samt frå fag- og forskingsbiblioteka. Statistikken for folkebibliotek er heimla i Lov om folkebibliotek (Folkebiblioteklova, 1985). Statistikken for fag- og forskingsbibliotek viser verksemda til biblioteka, mellom anna om bok- og mediebestand, utlån, besøk og kostnader.

All statistikk om biblioteka si verksemd har vore ein del av kulturstatistikken i Statistisk sentralbyrå (SSB) sidan 1982.

Omfang og publisering

Folkebibliotek

Alle folkebiblioteka er med i folkebibliotekstatistikken. I 2020 var det 647 folkebibliotekavdelingar (hovudbibliotek og filialar til saman). Hovudbiblioteket i kommunen er rapporterende eining. Det hender frå år til år at nokre kommunar ikkje leverer statistikk, medan nokre kommunar leverer ufullstendig statistikk. Delar av folkebibliotekstatistikken vert publiserte på SSB sine nettsider gjennom KOSTRA, med førebelse tal 15. mars og endelege tal 15. juni (SSB, 2021b). Svalbard er ikkje med i KOSTRA-rapporteringa og frå og med 2018 er ikkje tala frå Svalbard med i tabellane i dette kapittelet, med unntak frå tabell 7.4.

Skulebibliotek

Skulebibliotekstatistikken omfattar bibliotek ved offentlege og private (offentleg godkjende) vidaregåande skular og bibliotek i grunnskulen. 2020-tala for skulebibliotek ved grunnskulen og den vidaregåande skulen er ikkje oppdaterte og difor er det 2019-tala som presenterast i årets Kulturstatistikk-publikasjon.

Fag- og forskingsbiblioteka

Det enskilde bibliotek er kjelde for sine data og statistikken vert henta inn til Nasjonalbiblioteket ved hjelp av eit elektronisk skjema på internett. Ein har prøvd å lage statistikkskjemaet med tanke på at data skal vere tilgjengelege i dei bibliotekfaglege systema, til dømes BIBSYS og ALMA. Undersøkinga er meint å dekkje heile sektoren. 111 bibliotek har rapportert for 2020.

Fag- og forskingsbibliotek vert publisert som eigen statistikk i SSB (SSB, 2021a).

Datakjelder og datainnsamling

Det er Nasjonalbiblioteket som i det store og heile handsamar og kvalitetssikrar folkebibliotekstatistikken, medan SSB er engasjert i dette arbeidet når det gjeld

statistikken for fag- og forskingsbiblioteka. SSB får ei elektronisk fil frå Nasjonalbiblioteket og går gjennom kvaliteten før data vert publiserte.

Omgrep og definisjonar

- Besøk*
- *Folkebibliotekstatistikken* – Eit bibliotekbesøk vil seie at ein person går inn i lokala til folkebiblioteket for å nytte tilbodet til biblioteket. Rutinane til folkebiblioteka for registrering/tejing av besøk kan variere noko. Det er to måtar å telje besøk i folkebiblioteka på:
 - a) Manuell teljing to veker i året (stikkprøveteljing). Frå denne teljinga utreknar ein det årlege talet på besøk etter ein gjeve formel forklart i rettleiinga.
 - b) Mekanisk/automatisk teljing. Tala kan vere noko usikre og manuell teljing kan nyttast for å korrigere eventuelle feilkjelder. Ein reknar jamvel med at tala på besøk er truverdige.
 - *Fag- og forskingsbibliotekstatistikken* – Eit besøk vert definert som ein person som kjem til biblioteket for å nytte samlingane eller tenestene (ISO 2.2.40). Talet på registrerte besøk er grunna i teljeapparat. Kvar bibliotekering rapporterer registrerte besøk, sjå Rettleiing til statistikk om fag- og forskingsbibliotek under *Om statistikken* for Fag- og forskingsbibliotek (SSB, 2020a).
- Utlån*
- *Folkebibliotekstatistikken*: Ein tel utlån av medium frå den faste bestanden ved avdelinga og frå sirkulasjons- eller depotsamlingar. Dette inkluderer ikkje utlån til andre bibliotek ved fjernlån.
 - *Fag- og forskingsbibliotekstatistikken*: Lån frå eiga samling er utlån til einskildpersonar og institusjonar (ikkje bibliotek). Lån til andre avdelingar (hushaldslån) vert ikkje talde. Lokale kopiar vert heller ikkje talde. Det vert skilt mellom førstegongslån og fornying. Fjernlån er lån/kopi til eit anna bibliotek under anna administrativ eining, medan innlån er lån frå eit anna bibliotek under anna administrativ eining, sjå Rettleiing til statistikk om fag- og forskingsbibliotek under *Om statistikken* for Fag- og forskingsbibliotek (SSB, 2021).
 - *Fylkesbibliotek*: Fylkesbibliotekas rolle når det gjeld direkte utlån til publikum og fjernlån har endra seg over tid. Tidlegare var dette sentrale oppgåver for alle fylkesbiblioteka. Nå har ikkje alle fylka disse oppgåvene, men kan støtte medieforsyninga på andre måter. Rollen som regional utviklingsaktør er nå det viktigaste fellestrekket for fylkesbiblioteka og ein sentral oppgåve for å styrke biblioteksektoren i regionen.
- Andre omgrep*
- *Periodika* – Publikasjonar som vert gjeve ut med jamne eller ujamne mellomrom med same tittel. Dei einskilte einingane i seriane har eit nummer og/eller ein dato for utgjeving. Omfattar mellom anna tidsskrifter, nyheitsbrev, aviser, vekeblad, årbøker, notat- og rapportseriar, samt nettsider.
 - *Institusjonsarkiv* – Eit ope tilgjengeleg arkiv for lagring av ein institusjon eller ei gruppe av institusjonar sine publikasjonar i elektronisk utgåve. Det kan omfatte doktoravhandlingar, studentoppgåver, ulike typar vitenskaplege publikasjonar, forskingsrapportar med meir.

Pliktavlevering

Tal på pliktavlevering i dette kapittelet vert innhenta frå Nasjonalbiblioteket som er ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg.

Pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket er regulert i eiga lov, Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument, pliktavleveringsloven. Alle dokumenta som er laga for spreiding ut over ein privat krins, er avleveringspliktige uavhengig av medietype. Formålet med lov om pliktavlevering er å tryggje avleveringa av dokument med allmenn tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at det vert mogleg å ta vare på desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv og gjere dei tilgjengelege som kjeldemateriale for forskning og dokumentasjon (Nasjonalbiblioteket, 2021).

Småtrykk i statistikken for det pliktavleverte materialet er den typen materiale som går inn i den såkalla Småtrykksamlinga. I denne samlinga vert dokumenta grupperte etter utgjevar, og dei einskilde dokumenta vert ikkje gitt ei bibliografisk forklaring. Småtrykk er reklametrykk, brosjyrar, katalogar, program, kalender og liknande publikasjonar.

Avlevering av kringkasting

Etter pliktavleveringslova skal Nasjonalbiblioteket ta imot alt Norsk rikskringkasting (NRK) sender, både rikssendingar og lokalsendingar. Nasjonalbiblioteket kan krevje avlevering frå andre kanalar som har konsesjon i Noreg. Førebels vert det kravd inn frå riksdekkjande sendingar, dvs. TV2, TVNorge, P4 og Radio Norge. Lokal-TV leverer inn fem veker i året; dei med vekenummer som endar på 0. Dokumenta skal avleverast utan vederlag. Nasjonalbiblioteket tek imot pliktavleverte opptak frå norske kringkastarar, arkiverer dei og gjer kopiar tilgjengelege for forskning og dokumentasjon innanfor rammene av pliktavleveringslova og dei opphavsrettslege reglane som gjeld til kvar tid.

Referansar

Folkebiblioteklova. (1985). Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven) (LOV-1985-12-20-108). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108>

Nasjonalbiblioteket. (u.å.). Pliktavlevering. Henta 2021, oktober 1. frå <https://www.nb.no/pliktavlevering/>

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). Fag- og forskingsbibliotek. Henta 2021a, september 28. frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/ffbibl>

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). Kulturtilbod. Henta 2021b, september 28. frå https://www.ssb.no/kultur_kostra

Pliktavleveringslova. (1989). Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova) (LOV-1989-06-09-32). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-09-32>

Meir informasjon

Nasjonalbiblioteket: <https://www.nb.no/>

Tabell 7.1. Folkebibliotek. Utlån av bøker, etter fylke

	Utlån (førstegongslån og fornying) i alt	Av dette førstegongslån	Per innbyggjar	Utlån bøker for vaksne			Utlån bøker for born		
				I alt	Fag-litteratur	Skjønn-litteratur	I alt	Fag-litteratur	Skjønn-litteratur
2003	18 361 942		4,0	10 766 452	4 977 985	5 788 467	7 595 490	1 435 071	6 160 419
2005	17 897 958		3,9	10 065 467	4 617 521	5 447 946	7 832 491	1 394 038	6 438 453
2006	17 238 496		3,7	9 637 697	4 254 801	5 382 896	7 600 799	1 317 497	6 283 302
2007	16 954 660		3,6	9 410 966	4 059 449	5 351 517	7 543 694	1 271 162	6 272 532
2008	17 107 927		3,6	9 387 638	4 002 438	5 385 200	7 720 289	1 278 465	6 441 824
2009	17 283 494		3,6	9 451 331	3 945 724	5 505 607	7 832 163	1 273 357	6 558 806
2010	17 184 397		3,5	9 190 205	3 786 090	5 404 115	7 994 192	1 275 745	6 718 447
2011	17 085 783		3,4	8 941 477	3 651 508	5 289 969	8 144 306	1 270 437	6 873 869
2012	16 944 281		3,4	8 724 891	3 471 590	5 253 301	8 219 390	1 293 586	6 925 804
2013	16 787 344		3,3	8 460 890	3 408 396	5 052 494	8 326 454	1 281 385	7 045 069
2014	16 755 804	12 219 252	3,3	8 318 458	3 291 230	5 027 228	8 437 346	1 278 094	7 159 252
2015	16 796 801	12 195 366	3,3	8 146 831	3 199 911	4 946 920	8 649 970	1 254 250	7 395 720
2016	16 785 735	12 001 543	3,2	8 012 449	3 072 265	4 940 184	8 773 286	1 215 234	7 558 052
2017 ¹	.	11 867 797	2,2	5 560 554	1 953 972	3 606 582	6 307 243	858 895	5 448 348
2018	.	11 902 240	2,2	5 424 961	1 918 220	3 506 741	6 477 279	866 736	5 610 543
2019	.	12 198 430	2,3	5 455 069	1 916 803	3 538 266	6 743 361	911 571	5 831 790
2020	.	9 716 826	1,8	4 308 445	1 489 000	2 819 445	5 408 381	712 730	4 695 651
2020									
Viken	.	2 123 433	1,7	952 107	331 728	620 379	1 171 326	139 917	1 031 409
Oslo	.	1 109 042	1,6	492 650	223 970	268 680	616 392	78 589	537 803
Innlandet	.	739 547	2,0	378 197	131 234	246 963	361 350	52 410	308 940
Vestfold og Telemark	.	822 361	1,9	400 066	128 879	271 187	422 295	56 324	365 971
Agder	.	648 717	2,1	277 258	84 822	192 436	371 459	44 260	327 199
Rogaland	.	995 837	2,1	399 420	140 590	258 830	596 417	72 060	524 357
Vestland	.	1 152 359	1,8	476 744	163 479	313 265	675 615	99 014	576 601
Møre og Romsdal	.	430 330	1,6	202 161	45 684	156 477	228 169	29 587	198 582
Trøndelag - Trööndelage	.	957 902	2,0	400 841	126 549	274 292	557 061	79 670	477 391
Nordland - Nordlännda	.	348 458	1,4	170 041	52 286	117 755	178 417	25 359	153 058
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmárku	.	388 840	1,6	158 960	59 779	99 181	229 880	35 540	194 340

¹ Frå og med 2017 er tal på utlån berre førstegongslån. Tal for 2017-2020 kan difor ikkje fullt ut samanliknast med tidlegare år. Utlån per innbyggjar er rekna på tal frå fastlands-Noreg og ikkje med Svalbard.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.2. Folkebibliotek. Utlån av andre medium¹ og nedlastingar e-bøker², etter fylke

	Lydbøker	Musikk	Film	Andre fysiske medium	Nedlastingar e-bøker, born og vaksne
2016	1 200 594	216 802	1 958 509	566 427	567 977
2017	1 058 634	175 915	1 701 217	552 120	642 294
2018	881 798	132 475	1 490 963	547 892	..
2019	711 955	114 073	1 327 444	545 696	603 535
2020	380 009	61 030	791 319	371 978	959 606
2020					
Viken	96 115	9 274	190 690	83 496	205 649
Oslo	26 707	10 967	100 546	14 282	145 297
Innlandet	33 666	3 480	56 897	27 309	78 659
Vestfold og Telemark	37 041	4 893	71 527	22 221	76 856
Agder	26 725	776	57 643	36 551	40 333
Rogaland	32 006	7 822	85 379	39 607	98 017
Vestland	40 652	14 261	77 987	41 726	99 238
Møre og Romsdal	19 051	1 103	26 588	27 959	40 388
Trøndelag - Trööndelag	37 498	6 204	74 231	42 722	98 494
Nordland - Nordlännda	15 579	944	31 130	13 511	35 196
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	14 969	1 306	18 701	22 594	41 479

¹ Ikkje registrert ved alle biblioteka. ² Tal for e-bøker er ikkje tatt med for 2018 då overgang til nye system for nedlasting av e-bøker har ført til mangelfulle tal. Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 7.3. Folkebibliotek. Besøk totalt og besøk per innbyggjar¹, etter fylke²

	Besøk totalt						Besøk per innbyggjar					
I 2020 las 23 prosent av befolkninga bok ein gjennomsnittsdag. Tal frå Norsk mediebarometer 2020 viser at kvar nordmann i gjennomsnitt brukte 13 minutt på boklesing på fritida per dag. Det er framleis fleire kvinner enn menn som les bok ein gjennomsnittsdag, med 28 prosent hos kvinner og 18 prosent hos menn. I minutt brukar kvinner 16 minutt på boklesing ein gjennomsnittsdag mot 10 minutt blant menn.

Ser vi på alder, er den største delen lesarar i alderen 9-15 og 67-79 år, med høvesvis 33 og 35 prosent. Den tredje største gruppa boklesarar finn vi i aldersgruppa 45-66 år med 25 prosent, sjå tabell 9.12.

Det er gruppa 67-79 år som bruker mest tid på boklesing ein gjennomsnittsdag, med 23 minutt. Nærare analyser av talmaterialet viser at gjennomsnittleg tid brukt på boklesing i den mannlige delen av befolkninga er høgast i aldersgruppa 67-79 år, med 16 minutt. Gjennomsnittet av tid brukt på boklesing blant menn *som las bok* er derimot høgast i aldersgruppa 25-44 år med heile 66 minutt i 2020.

Av den kvinnelege delen av befolkninga er gjennomsnittleg tid brukt på boklesing størst for aldersgruppa 67-79 år, med 31 minutt. *Lesarar* i same aldersgruppe er og dei som brukar mest tid på boklesing, med 72 minutt, sjå tabell 9.13.

I 2020 valde 57 prosent av boklesarane å lese ein roman eller novelle ein gjennomsnittsdag. Det er den same delen som i 2019, og er den lågaste delen sidan 2004 for denne sjangeren. Blant kvinner som les bok ein gjennomsnittsdag valde 65 prosent ein roman/novelle. Blant menn som les bok ein gjennomsnittsdag valde 46 prosent ei roman/novelle. Dei færreste vel å lese skodespel eller dikt og berre 1 prosent av boklesarane las det ein gjennomsnittsdag i 2020, sjå tabell 9.14.

9.6. Om statistikken

Nasjonalbiblioteket

Statistikken frå Nasjonalbiblioteket viser talet på bøker som er gjeve ut i Noreg i eit år og registrert i nasjonalbibliografien. Rolla til Nasjonalbiblioteket inneber

mellom anna administrering av pliktavleveringslova som seier at alle dokument som vert publisert i Noreg skal pliktavleverast. Bokstatistikken frå Nasjonalbiblioteket er utarbeidd for å kunne gje eit bilete av kva som er kome inn til Nasjonalbiblioteket av norske pliktavleverte bøker.

I statistikken legg ein til grunn at alt som er gjeve ut året før er avlevert og registrert innan mai året etter. Produksjonen av statistikken skjer difor normalt i juni året etter teljeåret. Desse tala vert rekna som endelege sjølv om det kan hende at det kjem inn nokre få registreringar frå utgjevingar frå tidlegare år lenge etter året utgjevinga var.

Ein del bøker er ikkje klassifiserte fordi dei inneheld fleire ulike emne og/eller fleire språk. Difor vil totaltalet i tabellane variere noko alt etter kva tabellen er klassifisert etter, til dømes om klassifiseringa er etter emne eller språk.

Frå Bibsys til Alma – skifte av biblioteksystem

Noko av statistikken er teke ut frå biblioteksystemet Alma. 2016 var det første heile året med nytt biblioteksystem etter at mange bibliotek i 2015 skifta system frå Bibsys til Alma. Problem i overgangsfasen førte til at statistikken for dei to siste månadene i 2015 er estimerte utifrå deira egne historiske data. Ifølgje opplysningar frå Nasjonalbiblioteket er det sannsynleg at ikkje alle utgjevingane for 2015 er komne med. Tala for 2015 kan difor vere noko låge.

Frå og med 2010 skil ikkje statistikken mellom bøker og det som i tidlegare statistikk vart kalla småtrykk. Bøker som hadde under 49 sider vart før kalla småtrykk. Skulebøker for grunnskule og vidaregåande opplæring er frå og med 2010 inkluderte i statistikken.

Den norske Forleggerforening

Statistikken frå Den norske Forleggerforening inneheld tal på bøker som er seld i Noreg i statistikkåret og kor stor omsetnaden av bøker har vore. Talet på selde bøker er henta frå den årlege bransjestatistikken. Foreininga byggjer tala for bokomsetnad på opplysningar henta inn frå medlemsforlag, bokklubbar og andre aktørar i bokmarknaden. Gruppa «Andre forlag» gjeld forlag som ikkje er medlem av Den norske Forleggerforening. Forleggarforeininga estimerer «Andre forlag» utifrå eit grunnlag av vederlagssøknadar som de mottok årleg. Omsetnaden til forlag som ikkje er medlemmer av foreininga, byggjer dermed dels på innrapporterte tal og dels på estimat. Forlaget Vigmostad og Bjørke har sidan 2017 ikkje rapportert inn tal til denne statistikken, men gitt at tala for andre forlag vert estimert vil totalen likevel vere samanliknbar.

Mediebruksundersøkingane

Tala som omhandlar boklesing og boklesarar er henta frå Norsk mediebarometer 2020. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege spørjeundersøkingar om mediebruk. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike medium og tilgang til medium i hushaldet.

Andre kjennemerke som er nytta i tabellane er yrkesstatus og utdanning, sjå tabellane 9.12, 9.13 og 9.14.

Yrkesstatus

Grupperinga for yrke byggjer på Standard for yrkesklassifisering (SSB, 2011).

Yrkesgruppe 1-2: Administrative leiarar og politikarar, akademiske yrke

Yrkesgruppe 3: Yrke med kortare høgskule- og universitetsutdanning og teknikarar

Yrkesgruppe 4-5: Kontor- og kundeserviceyrke, sals-, service- og omsorgsyrke

- Yrkesgruppe 6-9: Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, handverkarar o.l., prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.l., yrke utan krav til utdanning
- Yrkesgruppe 0: Militære yrke og uoppgeivne: Desse blir koda om slik at meinige og uoppgeivne vert plasserte i yrkesgruppe 9, befall 1 i yrkesgruppe 3, og befall 2 i yrkesgruppe 1-2.

Utdanning

Utdanning er gruppert etter Norsk standard for utdanningsgruppering (SSB, 2016).

- Vidaregåande opplæring:

Dette er nivået mellom grunnskule og universitet og høgskule. I standarden vert nivået «påbygging til vidaregåande utdanning» inkludert, noko som omfattar utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring, men som ikkje er godkjent som høgare utdanning.

- Universitet og høgskule, kort:

Dette er universitets- og høgskuleutdanningar på lågare nivå og er i statistikken definert til å vere utdanningar som tek fire år eller mindre. Bachelorgrader kjem inn under denne kategorien.

- Universitet og høgskule, lang:

Dette er universitets- og høgskuleutdanningar på høgare nivå og er utdanningar som tek meir enn fire år, til dømes mastergrader. Forskarutdanningar kjem òg inn under lang høgare utdanning.

Referansar

Den norske Forleggerforening. (2021, juni). Bokmarkedet 2020. Henta frå <https://forleggerforeningen.no/wp-content/uploads/2021/06/Bransjestatistikk-2020.pdf>

Pliktavleveringslova - avlvt. (1989). Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova) (LOV 1989-06-09-32). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-09-32>

Statistisk sentralbyrå. (2011). *Standard for yrkesklassifisering*. Henta frå https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/notat_201117/notat_201117.pdf

Statistisk sentralbyrå. (2016). *Norsk standard for utdanningsgruppering*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/norsk-standard-for-utdanningsgruppering>

Statistisk sentralbyrå. (2019). *Befolkningens utdanningsnivå*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utniv/aar>

Statistisk sentralbyrå. (2021). Norsk mediebarometer 2020. *Statistiske analysar 20(164)*. Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2020>

Meir informasjon

Nasjonalbiblioteket: <https://bibliotekutvikling.no/>

Tabell 9.1. Norske bøker og originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg. Talet på titlar

	I alt	Av dette førsteutgaver	Utgjevne på originalspråket	Omsette ¹
2000	6 477	5 524	4 443	2 034
2001	6 377	5 462	4 340	2 037
2002	6 864	5 745	4 670	2 194
2003	7 446	6 306	5 160	2 286
2004	7 164	5 984	4 747	2 417
2005	8 431	7 032	5 696	2 735
2006	8 477	7 123	5 696	2 781
2007	8 442	7 038	5 814	2 628
2008	8 835	7 483	6 288	2 547
2009	7 919	6 606	5 361	2 558
2010 ²	11 690	..	9 128	2 562
2011	11 929	..	9 031	2 898
2012	11 281	..	8 469	2 812
2013	11 399	..	8 792	2 607
2014	11 535	..	8 903	2 632
2015 ³	8 423	..	6 203	2 220
2016	8 629	..	6 138	2 491
2017	8 755	..	6 207	2 548
2018	8 318	..	5 931	2 387
2019	8 979	..	6 715	2 264
2020	8 992	..	6 875	2 117

¹ Gjeld ikkje omsetjingar mellom norske språk (bokmål, nynorsk og samisk). ² I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen.

³ I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.2. Utgjevne bøker¹ klassifisert etter emne. Talet på titlar. 2020

	Klassifiserte bøker totalt ²	Originalt norske utgjevingar	Originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg
I alt	7 462	5 390	2 072
Alminnelege skrifter	74	67	7
Filosofi	174	120	54
Religion	355	257	98
Samfunnsvitenskap	1 245	1 113	132
Språk	379	365	14
Naturvitenskap	348	287	61
Bruksretta vitenskap	625	535	90
Kunst, rekreasjon	816	559	257
Skjønnlitteratur	2 708	1 440	1 268
Litteraturvitenskap	131	117	14
Historie og geografi	607	530	77

¹ Ikkje klassifiserte publikasjonar er ikkje med i tabellen. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. ² Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk og har difor ikkje vorte klassifisert. Dette inneber at talet på utgjevne bøker klassifisert etter språk og emne (Tabell 9.4) kan vere noko høgare i høve til det samla talet på utgjevne bøker endast klassifisert etter emne (Tabell 9.2).

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.3. Andre typar utgjevingar. Talet på titlar

	2007	2008	2009	2010 ¹	2011 ²	2012	2013	2014	2015 ³	2016	2017	2018	2019	2020
I alt	420	484	405	503	505	412	810	1 008	671	245	277	211	241	250
Lydbøker	370	439	389	438	443	335	298	324	256	241	275	204	194	181
CD-ROM	20	16	5	63	56	70	59	63	55	0	0	1	0	0
Kombidokument ⁴	30	29	11	2	6	7	11	5	1	1	1	1	1	3
Nettdokument og e-bøker	48	195	442	616	359	3	1	5	46	66

¹ I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ² Frå 2011 er nettdokument og e-bøker for første gong rapportert inn, difor manglar tal frå tidlegare år. ³ I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna. ⁴ Dokument som er på ein kombinasjon av ulike format.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.4. Utgjevne bøker klassifisert etter utgjevarspråk¹ og emne²

	I alt	Bokmål	Nynorsk	Samisk	Engelsk	Andre språk
2000	6 477	5 323	452	19	592	91
2001	6 377	5 212	459	18	624	64
2002	6 864	5 471	480	20	830	63
2003	7 446	5 992	591	19	775	69
2004	7 164	5 869	383	19	813	80
2005	8 431	6 844	492	39	968	88
2006	8 477	6 844	498	44	1 010	81
2007	8 442	6 637	517	44	1 135	109
2008	8 835	6 864	511	33	1 320	107
2009	7 919	6 280	429	35	1 115	60
2010 ³	8 906	6 637	598	59	1 389	223
2011	9 520	7 085	636	72	1 514	213
2012	9 399	6 851	639	45	1 674	190
2013	9 448	6 817	672	70	1 705	184
2014	9 679	7 180	654	71	1 608	166
2015 ⁴	7 298	5 556	477	15	1 121	129
2016	8 068	5 865	649	63	1 323	168
2017	8 422	6 499	620	116	1 026	161
2018	8 115	6 494	490	44	898	189
2019	7 534	6 088	542	43	675	186
2020	7 730	6 239	756	65	572	98

2020

Alminnelege skrifter	68	52	4	0	12	0
Filosofi	174	158	7	1	8	0
Religion	366	323	28	1	8	6
Samfunnsvitenskap	1 332	1 038	128	7	142	17
Språk	437	168	122	9	111	27
Naturvitenskap	351	230	88	2	29	2
Bruksretta vitenskap	634	496	43	0	89	6
Kunst, rekreasjon	860	682	46	12	105	15
Litteratur	2 890	2 582	208	31	51	18
Historie og geografi	618	510	82	2	17	7

¹ Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk og har difor ikkje vorte klassifisert. Dette inneber at talet på utgjevne bøker klassifisert etter språk og emne noko høgare i høve til det samla talet på utgjevne bøker endast klassifisert etter emne. ² Bøker frå 2000 til 2009 er summen av bøker og småtrykk slik dei var talde opp i Kulturstatistikk 2009, revidert tidsserie i denne utgåva. ³ I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ⁴ I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.5. Norske og utanlandske skjønnlitterære bøker, etter sjanger/type. Talet på titlar

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
I alt	3 143	3 442	3 317	3 436	3 625	3 012	2 988	3 198	3 312	3 367	3 063
Dikt	176	184	167	195	217	163	167	180	194	216	231
Drama	87	125	106	93	140	50	68	16	61	89	46
Romanar	1 863	2 061	1 979	2 092	2 054	1 807	1 770	1 920	1 904	1 801	2 065
Born og ungdom	881	963	912	932	1 048	877	924	920	916	895	720
Anna	136	109	153	124	166	115	59	162	237	366	721
Norske	1 472	1 641	1 587	1 651	1 896	1 458	1 434	1 458	1 622	1 812	1 563
Utanlandske	1 671	1 801	1 730	1 785	1 729	1 554	1 554	1 740	1 690	1 555	1 500

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.6. Omsette bøker, etter originalspråk. Talet på titlar

	I alt	Svensk	Dansk	Engelsk	Tysk	Fransk	Andre språk og uoppgjevne
2000	2 034	168	99	1 471	83	58	155
2001	2 037	202	79	1 462	61	83	150
2002	2 194	264	124	1 439	83	92	192
2003	2 286	323	107	1 517	90	78	171
2004	2 417	302	120	1 586	86	83	240
2005	2 735	347	155	1 753	120	101	259
2006	2 781	350	131	1 768	103	113	316
2007	2 628	366	121	1 648	125	112	256
2008	2 547	358	98	1 627	100	99	265
2009	2 558	291	99	1 775	97	80	216
2010 ^{1,2}	2 562	315	131	1 635	99	95	287
2011 ^{1,2}	2 898	423	185	1 732	113	134	311
2012	2 812	337	180	1 738	108	116	333
2013	2 607	296	160	1 645	107	102	297
2014	2 632	314	134	1 701	87	93	303
2015 ³	2 220	326	121	1 361	120	94	198
2016	2 491	307	90	1 318	64	90	622
2017	2 548	311	93	1 630	81	112	321
2018	2 398	282	101	1 532	89	113	281
2019	2 264	258	141	1 391	91	94	289
2020	2 117	236	77	1 336	51	115	302

¹ Ein mindre del av utgjevingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. ² I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ³ I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.7. Barne- og ungdomslitteratur, etter sjanger og utgjevarspråk. Talet på titlar

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Bøker¹ i alt	1 835	1 667	1 811	1 731	1 473	1 385	1 510	1 289	1 366	1 328
Skjønnlitteratur	963	912	932	1 048	877	924	998	922	895	720
Fakta	872	755	879	683	596	461	512	367	471	608
Bokmål	1 545	1 420	1 455	1 482	1 234	1 177	1 292	1 106	1 135	1 012
Nynorsk	220	183	335	220	218	155	131	109	192	195
Samisk	56	38	32	48	11	41	55	26	40	38
Engelsk	70	98	80	68	58	34	24	14	14	107
Andre språk	38	28	20	12	30	32	38	26	10	16

¹ Ei bok kan ha fleire språk, difor er ikkje bøker i alt summen av bøker på ulike språk, berre summen av bøker av ulike sjangrar.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.8. Den norske Forleggerforening. Bokomsetnad til utsalssalar. Millionar kroner

	I alt	Medlemsforlag	Andre forlag	Bokklubbar	Bokimportørar
1990	3 062	1 970	439	469	184
1997	4 624	2 708	646	948	322
1998	4 906	2 862	655	1 039	350
1999	4 916	2 846	628	1 091	351
2000	4 682	2 639	567	1 115	361
2001 ¹	4 645	2 529	491	1 250	375
2002 ²	4 984	2 787	550	1 274	373
2003 ³	5 443	3 139	600	1 323	381
2004	5 152	3 240	407	1 149	356
2005	5 302	3 371	490	1 087	354
2006	5 653	3 821	501	987	344
2007	6 025	4 295	548	872	310
2008	5 823	4 248	551	696	328
2009 ⁴	5 692	4 222	554	631	285
2010	5 607	4 179	615	577	236
2011	5 530	4 233	539	563	195
2012	5 345	4 047	546	543	209
2013	5 555	4 144	615	587	209
2014	5 560	4 292	546	518	204
2015	5 604	4 150	711	464	279
2016	5 625	4 272	658	431	264
2017 ⁵	5 500	4 233	617	411	239
2018	5 156	3 906	622	394	235
2019	4 950	3 782	633	367	168
2020	5 406	4 105	800	328	174

¹ Omsetnaden for 2001 er korrigert med den same multiplikatoren som er brukt i 2002. ² Talet for Medlemsforlaga er korrigert for bruttoomsetnaden til bokklubbar. ³ Frå og med 2003 er omsetnaden av lydbøker inkludert i tala for omsetnaden. ⁴ Talet for bokimportørar er justert for dobbelregistrering på 158 millionar kroner i 2009. ⁵ Frå og med 2017 rapporterer ikkje Vigmostad og Bjørke inn tal til denne statistikken, slik som var tilfellet i 2015 og 2016. Dette vil ha fylgjer for samanlikning av tala i tabellen.
Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Tabell 9.9. Den norske Forleggerforening. Netto omsetnad og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe

Bokgruppe	Talet på selde eksemplar (1 000)				Netto omsetnad (1 000 kr)				Berekna pris per eksemplar			
	2018	2019	2020	Endring i prosent	2018	2019	2020	Endring i prosent	2018	2019	2020	Endring i prosent
I alt	20 208	19 816	20 965	-3	2 522 129	2 453 757	2 661 687	8	102	96	102	6
Lærebøker grunnskulen	1 799	1 472	1 290	-12	289 355	236 603	236 961	-1	161	163	184	13
Lærebøker vidaregåande	482	311	462	49	163 968	119 207	209 237	76	340	384	453	18
Lærebøker i høgare utdanning	695	645	728	13	221 168	207 784	242 155	17	318	322	333	3
Fagbøker	213	187	152	-19	52 964	45 260	40 423	-11	248	242	266	10
Digitale læremidlar og øvrige digitale produkt ¹	296 803	335 032	443 310	32
Lydbøker til undervisning	1,2	2,1	1,0	-54	399	657	267	-59	334	312	274	-12
E-bøker til undervisning	3,2	5,4	11,5	113	945	878	2 572	193	292	163	224	37
Norsk sakprosa, vaksne	2 161	2 086	2 003	-4	293 016	280 475	299 883	7	136	134	150	12
Omsett sakprosa, vaksne	741	635	475	-25	86 211	67 042	59 443	-11	116	106	125	18
Norsk sakprosa, born	142	234	243	4	14 891	26 059	27 687	6	10	111	114	3
Omsett sakprosa, born	458	536	499	-7	26 802	27 065	30 953	14	59	50	62	24
Norsk skjønnlitteratur, vaksne	1 171	1 179	1 003	-15	166 178	181 419	154 851	-15	142	154	154	0
Omsett skjønnlitteratur, vaksne	773	675	654	-3	87 636	85 717	87 460	2	113	127	134	6
Norsk skjønnlitteratur, born	1 415	1 395	1 210	-13	129 379	118 430	112 697	-5	91	85	93	9
Omsett skjønnlitteratur, born	1 220	1 161	1 029	-11	88 679	83 293	83 368	0	73	72	81	13
Billegbøker	3 912	3 513	2 866	-18	256 017	233 796	203 879	-13	65	67	71	6
Verk	5,6	1,8	2,6	44	1 295	548	570	4	232	313	220	-30
Kommisjonsbøker, lover	53	54	10	-81	9 087	10 783	7 577	-30	170	199	763	283
Lydbøker lydfiler for allmenmarknaden ³	3 999	5 029	6 132	22	116 297	169 073	220 013	30	33	35	36	3
Lybøker fysisk for allmenmarknaden	111	40	10	-75	14 129	6 364	1 331	-79	128	158	127	-20
E-bøker for allmenmarknaden	418	479	533	11	39 972	49 548	54 584	10	96	103	102	-1
Norske serieromanar	1 579	1 521	1 341	-12	135 479	129 596	114 959	-11	86	85	86	1
Omsette underhaldningsromanar	438	376	255	-32	28 926	33 535	21 544	-36	66	89	84	-6
Skjønnlitteratur på originalspråket	17,5	3,1	0,0	-100	2 531	1 338	0	-100	145	435	220	-49
Sakprosa på originalspråket	0,0	13,3	0,4	-97	3	1 255	51	-96	132	94	124	32

¹ Innrapportering av digitale inntekter bland digitale læremidlar er endra frå periodiserte inntekter i 2019 til fakturerte inntekter i 2020. Produkta i denne kategorien sels hovudsakeleg som lisensar og liknande, og kan dermed ikkje godt representertast som selde eksemplar. ² Utmeldinga frå Forleggerforening er forlagene Strawberry Publishing, Capitana, Armada og Pioner Forlag i 2020, påverkar statistikken på allmenmarknaden. ³ Tala inkluderer tal på lytingar i strøymetenester samt stykksal av enkeltfiljar.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Tabell 9.10. Titlar med norske opphavspersonar¹ av originale norske utgjevingar² fordelte på menn og kvinner

	2009	2010 ³	2011	2012	2013	2014	2015 ⁴	2016	2017	2018	2019	2020
Talet på titlar i alt	4 116	8 650	8 676	6 193	5 768	5 901	5 913	6 165	6 198
Opphavspersonar i alt	5 306	7 177	8 049	8 009	11 023	11 186	7 492	8 375	9 097	8 720	10 229	10 943
Menn	3 284	4 378	4 790	4 711	6 321	6 453	4 223	4 693	5 063	4 606	5 445	5 680
Kvinner	2 022	2 799	3 259	3 298	4 702	4 733	3 269	3 682	4 034	4 114	4 784	5 263
Av dette												
Barnebøker, titlar totalt ⁵	456	870	696	570	651	684	575	741	832
Opphavspersonar i alt	738	1 038	1 086	953	1 538	1 224	976	1 266	1 349	1 135	1 551	2 121
Menn	391	495	496	442	688	583	497	520	592	492	599	824
Kvinner	347	543	590	511	850	641	479	746	757	643	952	1 297

¹ Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar (av poesi) og andre medarbeidarar som har hatt eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken.

² Utan omsyn til språk. ³ I perioden 2010-2015 er datagrunlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ⁴ I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

⁵ Talet på titlar var ikkje med i systemet før 2013.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.11. Norske opphavspersonar¹ av emneindelte originale norske utgjevingar² fordelte på menn og kvinner

	Totalt	Menn	Kvinner
2009	5 306	3 284	2 022
2010 ³	7 177	4 378	2 799
2011	8 049	4 790	3 259
2012	8 009	4 711	3 298
2013	8 396	4 888	3 508
2014	8 555	4 922	3 633
2015 ⁴	6 053	3 433	2 620
2016	7 162	4 019	3 143
2017	8 040	4 489	3 551
2018	7 857	4 161	3 696
2019	8 737	4 677	4 060
2020	9 547	4 984	4 563
2020			
Alminnelege skrifter	96	69	27
Filosofi	188	101	87
Religion	415	300	115
Samfunnsvitskap	1 882	925	957
Språk	1 043	305	738
Naturvitskap	1 030	578	452
Bruksretta vitskap	959	513	446
Kunst, rekreasjon	1 028	622	406
Litteratur	2 069	943	1 126
Historie og geografi	837	628	209

¹ Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar og andre medarbeidarar som medverkar med eit større ansvar for verket. For verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken.

² Utan omsyn til språk. ³ Frå 2010 til og med oktober 2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. ⁴ I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 9.12. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel

	Prosent									Minutt brukt til lesing av bøker							
	2008	2010	2012	2014	2016	2018	2019	2020	2008	2010	2012	2014	2016	2018	2019	2020	
Alle personar	23	24	25	25	25	24	25	23	13	14	16	15	16	14	13	13	
Kjønn																	
Menn	18	19	19	18	16	16	19	18	10	10	11	12	9	9	9	10	
Kvinner	28	30	32	31	34	32	31	28	17	18	21	19	24	20	17	16	
Alder																	
9-15 år	27	31	37	40	33	34	33	33	11	11	17	16	14	13	9	11	
16-24 år	15	20	17	18	16	14	20	14	10	14	15	18	12	11	12	6	
25-44 år	24	25	23	20	19	18	21	17	13	15	15	13	12	10	12	10	
45-66 år	24	22	26	24	26	26	25	24	16	12	15	14	18	17	14	16	
67-79 år	22	26	30	33	39	36	33	35	13	17	24	22	30	22	19	23	
Utdanning																	
Grunnskule	12	21	17	20	20	15	17	18	8	14	14	12	17	11	8	11	
Vidaregåande opplæring	17	18	20	18	21	19	20	18	11	11	14	13	15	12	12	12	
Universitet/høgskule, kort	34	29	29	27	29	32	30	26	19	16	19	17	19	19	17	16	
Universitet/høgskule, lang	35	34	37	34	30	27	33	33	21	21	22	22	20	18	21	18	
Yrkesstatus¹ 16-79 år																	
Yrkesgruppe 1-2	28	33	28	29	27	27	30	22	15	17	15	19	18	16	16	13	
Yrkesgruppe 3	30	26	28	26	18	19	20	16	17	13	20	16	9	9	9	10	
Yrkesgruppe 4-5	25	22	23	23	23	19	21	20	17	14	18	18	16	11	13	15	
Yrkesgruppe 6-9	10	10	11	9	12	7	13	15	6	5	5	5	7	4	6	9	
Elevar og studentar	16	24	19	22	19	17	24	19	12	20	16	17	15	15	16	7	
Pensjonistar	21	24	29	30	38	34	30	35	13	17	22	20	31	24	19	26	
Landsdel²																	
Oslo og Viken	28	31	30	28	28	24	31	24	17	18	20	20	17	14	19	14	
Innlandet	21	23	25	23	24	24	24	18	13	13	15	14	18	15	11	7	
Agder og Sør-Austlandet	23	20	23	19	21	24	21	24	12	10	14	11	13	14	11	15	
Vestlandet	22	26	25	28	25	21	23	23	14	16	15	16	17	12	11	13	
Trøndelag	21	22	22	25	22	27	25	24	11	15	15	17	10	16	12	15	
Nord-Noreg	20	17	23	23	26	25	21	22	10	8	20	14	20	16	10	10	

¹ For definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå lengre opp i kapitlet under «9.6. Om statistikken» ² I samanheng med fylkesendringane i 2018 og 2019 blei òg den 5-delte landsinndelinga endra. Tala for «Oslo og Viken» inneheld før 2020 tala for «Oslo og Akershus», «Innlandet» for «Austlandet elles» og «Agder og Sør-Austlandet» inneheld tal for «Agder og Rogaland» før 2020. Tala før og etter 2020 er difor ikkje fullt ut samanliknbare.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 9.13. Gjennomsnittleg tid i minutt brukt til boklesing for alle og for dei som les, fordelt på alder og kjønn

	Gjennomsnitt mellom alle							Gjennomsnitt mellom dei som les bøker						
	2010	2012	2014	2016	2018	2019	2020	2010	2012	2014	2016	2018	2019	2020
Menn														
9-15 år	9	15	15	12	11	7	8	35	45	45	38	32	28	28
16-24 år	13	10	17	8	9	11	7	72	..	124	70	96
25-44 år	12	12	9	6	5	8	10	61	71	58	57	52	47	66
45-66 år	7	9	8	8	9	7	10	43	45	54	49	60	41	65
67-79 år	13	15	19	20	16	18	16	61	92	76	84	60	65	62
Kvinner														
9-15 år	13	20	18	15	15	11	14	37	49	40	45	42	25	38
16-24 år	16	21	18	17	14	14	6	69	83	83	77	72	51	..
25-44 år	19	19	16	18	15	17	10	61	65	66	66	58	64	51
45-66 år	18	19	21	28	25	20	23	61	64	63	78	68	63	69
67-79 år	20	31	26	38	27	21	31	68	78	66	77	64	54	72

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 9.14. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent

	Roman/ novelle	Biografi/ memoarar	Samfunn/ politikk/ kunst/ historie	Natur/ teknikk/ friluft	Religiøs litteratur	Skodespel/ dikt	Barne-/ ungdoms- litteratur	Anna
2000	59	7	8	4	3	2	..	17
2001	64	7	8	2	4	1	8	5
2002	64	3	6	3	5	1	10	8
2003	63	7	6	4	3	1	8	9
2004	54	8	7	3	4	0	11	13
2005	67	3	6	3	4	0	8	8
2006	69	6	7	3	2	0	8	4
2007	67	6	5	3	3	0	8	8
2008	64	5	6	2	1	0	10	11
2009	64	6	7	4	3	0	9	7
2010	71	4	6	2	1	1	9	7
2011	72	4	6	1	2	0	7	8
2012	62	5	7	3	1	1	11	9
2013	62	5	6	4	3	0	10	9
2014	63	4	4	3	1	1	15	9
2015	62	4	6	3	1	1	14	10
2016	61	4	7	2	2	1	11	11
2017	59	3	9	4	2	1	12	9
2018	63	3	7	4	2	1	12	8
2019	57	5	8	5	2	1	13	9
2020	57	5	8	6	2	1	13	7
2020								
Menn	46	4	16	9	1	2	16	5
Kvinner	65	6	3	4	2	0	11	8
Alder								
9-15 år	18	2	2	7	2	1	63	4
16-24 år	60	2	5	5	6	0	12	10
25-44 år	55	8	12	6	4	0	6	9
45-66 år	76	7	7	2	0	3	1	5
67-79 år	63	3	13	13	1	0	0	7
Utdanning								
Grunnskule	58	2	13	3	10	2	7	7
Vidaregåande opplæring	67	6	10	8	1	0	2	6
Universitet/høgskule, kort	65	9	9	5	1	2	5	4
Universitet/høgskule, lang	71	1	9	7	0	1	0	10
Landsdel								
Oslo og Viken	56	4	8	8	1	2	14	6
Innlandet
Agder og Sør-Austlandet	58	6	6	5	0	0	17	8
Vestlandet	59	3	7	7	4	0	11	11
Trøndelag	52	9	13	3	5	0	11	6
Nord-Noreg	68	6	10	3	0	0	10	0

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

10. Aviser, vekepresse og fagpresse

10.1. Aviser

I dette kapittelet vert det presentert tal for aviser, vekepresse, fagpresse og til slutt tal frå Norsk mediebarometer.

Liten nedgang i talet på trykte aviser


I 2020 kom det ut 215 aviser i Noreg og talet på aviser har gått noko ned dei siste åra, sjå tabell 10.1. Sidan 2014 og fram til 2020 har talet på aviser gått ned med 15. Med «avis» i denne samanhengen meiner vi berre trykte aviser og deira nettutgåver som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål, ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha under 50 prosent annonsar (Høst 2004). Betalte reine nettaviser er haldne utanfor desse tala, men er omtala lenger ned i dette delkapittelet.

Av dei 215 avisene som kom ut i 2020 var 61 dagsaviser, mens 154 var fådagarsaviser. Dagsaviser er aviser med 4-7 utgåver i uka, mens fådagarsaviser har 1-3 utgåver i uka (Høst 2021). Avisene kan óg delast inn i finare kategoriar. Den typen aviser det er flest av, er lokale 2-3 dagarsaviser, med 77 i talet, dernest lokale vekeaviser som talde 69, sjå tabell 10.1. I delkapittel 10.5 om statistikken finst forklaringar av dei ulike typar aviser.

Netto opplag på 2,5 millionar eksemplar

I andre halvår av 2020 var avisene sitt netto opplag på 2 498 000 eksemplar. Det største netto totalopplaget med 691 000 eksemplar hadde lokale dagsaviser nr. 1 og 2. Lokale fådagarsaviser følgde etter med 561 000 eksemplar. Storbyaviser nr. 1 og 2, som bl.a. omfattar Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad hadde 533 000 eksemplar. Nasjonale fådagarsaviser hadde det minste netto totalopplaget med eit opplag på 104 000 eksemplar, sjå tabell 10.1 og figur 10.1. Innføring av nytt regelverk for rapportering av opplag i 2014, 2018 og 2020 (sjå delkapittel 10.5), gjer at det ikkje lenger er mogleg å samanlikne tal på opplag direkte med tidlegare år.


Figur 10.1. Netto totalopplag for grupper av aviser i andre halvår 2020, i 1 000 eksemplar



Kjelder: Medienorge, Mediebedriftenes Landsforening (MBL).

Figur 10.2 viser opplaget til dei ti største avisene i Noreg.

Figur 10.2. Netto totalopplag¹ for dei største avisene i andre halvår 2020, i 1 000 eksemplar



¹ Netto totalopplag er papiroplag pluss digitale abonnement, der kvar abonnent er tald berre ein gong. VG+ er inkludert i VG totalt. Dagbladet Pluss er inkludert i Dagbladet totalt. Kjelder: Medienorge, Mediebedriftenes Landsforening (MBL).

48 prosent av opplaget er heildigitalt

Frå 2020 blir opplagstal fordelt på dei tre kategoriane digital, komplett og papir. Summen av desse utgjer netto opplag. Heildigitale abonnement har auka medan både papir og komplett har hatt nedgang dei siste åra. I andre halvår 2020 var 48 prosent av opplaget heildigitalt, 45 prosent var komplett og berre 7 prosent var reint papiroplag (Mediebedriftenes Landsforening 2021a).

Reine nettaviser med betaling

I tillegg til dei tradisjonelle papiravisene og deira nettsider, har det dei siste åra blitt fleire reine nettaviser som tar betaling. I følge Sigurd Høst sin rapport frå avisåret 2020 (Høst 2021) var det 26 betalte reine nettaviser i andre halvår av 2020. Om ein berre tek med dei avisene som hadde godkjende opplagstal slik som Medienorge gjer i sin oversikt, var det til saman 12 aviser med til saman 43 000 i opplag. Dei fleste av dei betalte nettavisene var lokale nettaviser, sjå tabell 10.2. Den klart største av dei betalte nettavisene var Nettavisen med meir enn 16 530 i opplag andre halvår 2020 (Høst 2021).

152 dagsaviser fekk produksjonstilskot

I 2020 var produksjonstilskotet på 358 millionar kroner som fordelte seg på 152 aviser. Det var fem fleire aviser som fekk produksjonstilskot samanlikna med 2019, sjå tabell 10.3. Medietilsynet forvaltar produksjonstilskotet som, i tillegg til fritaket for meirverdiavgift, er statens viktigaste verkemiddel for å oppretthalde mangfaldet i avisutgjevingar, både geografisk og når det gjeld innhald og verdi-forankring, jf. Kulturdepartementet (Prop. 1 S KUD (2018-2019)). Mediestøtta omfattar fleire ulike tilskot, sjå delkapittel 10.5.

10.2. Vekepresse

Vekepressa – nedgangen i opplagstal held fram

Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og dekkjer dei magasinane som er medlemmer. Tala som vert presenterte, er gjennomsnittleg nettoopplag per utgjeving. Netto totalopplag er papiroplag pluss digitale abonnement, der kvar abonnent er tald berre ein gong.

Tabell 10.4 viser ei oversikt over opplagstal for vekepressa for 2019 og 2020. I 2020 var det totalt 35 blad og magasin med i statistikken, og samla gjennomsnittleg opplag per utgjeving låg på 1 079 601 eksemplar i 2020.

Kategorien vaksen kvinne hadde det største gjennomsnittlege opplaget per utgjeving med 341 896 eksemplar. Blad om bustad og interiør utgjorde den andre største gruppa med eit gjennomsnittleg opplag per utgjeving på 224 000 eksemplar, sjå tabell 10.4.

Frå 2019 til 2020 har det vore ein nedgang i opplagstalet i alle kategoriar blad og magasin, med unntak av kategorien helse, livsstil og mat, der opplaget auka med ein prosent. Dersom ein samanliknar utviklinga frå 2019 til 2020 totalt, var nedgangen i opplagstalet på 4 prosent (Mediebedriftenes Landsforening 2021b).

10.3. Fagpresse

Fagpressa – stabile opplagstal

Fagpressa har samla sett hatt ei relativt stabil utvikling i opplagstala dei siste åra samanlikna med aviser og vekepressa, sjølv om det er store skilnader innbyrdes. Totalopplaget for medlemsblada i Fagpressen var på 4,1 millionar eksemplar i 2020, ein liten auke frå året før, sjå tabell 10.5. Talet på periodikum har variert lite dei siste åra, og låg på 177 i 2020, det same som i 2019.

Figur 10.3 viser korleis det samla opplaget fordelar seg per kategori for medlemsblada i Fagpressen i 2020. Kultur og fritid var den største kategorien med 1 036 000 eksemplar. Industri, teknikk og handverk var den nest største kategorien med eit opplag på 874 700 eksemplar. Tenesteyting, økonomi mv. var den minste kategorien med eit opplag på 32 200 eksemplar.

Medlemsblada er berre førte opp i ein kategori, og det er medlemsblada sjølve som vel den kategorien dei høyrer til.

Figur 10.3. Fagpresse. Opplag per utgjeving i 2020, etter gruppe^{1,2} i 1 000 eksemplar



¹ Omfattar berre medlemmer av Fagpressen og grupperinga er utarbeidd av denne foreininga.² Medlemsblad med kontrollerte opplag.

Kjelde: Fagpressen.

10.4. Lesing av aviser

24 prosent las papiravis på ein gjennomsnittsdag i 2020


Tal frå Norsk mediebarometer 2020 og tilbake i tid, viser at det er stadig færre som les papiraviser. Papiraviser er likevel det mest lesne trykte mediet. I 2020 las 24 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år ei papiravis ein gjennomsnittsdag, og i gjennomsnitt brukte kvar person som las, 10 minutt per dag på papiravis. Til dømes, i 2016 las 39 prosent av befolkninga avis ein gjennomsnittsdag, og kvar lesar brukte i gjennomsnitt 14 minutt på avislesing, sjå tabellane 10.6, 10.7 og 10.8.

Tabell 10.7 viser at delen menn og kvinner som les papiraviser har gått jamt nedover sidan 2016. I 2020 var det 23 prosent av mennene og 26 prosent av kvinnene som las papiraviser. Lesing av papiraviser er meir vanleg i dei eldre aldersgruppene enn i dei yngre. Medan 14 prosent av dei i alderen 25-44 år las i ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2020, var delen 61 prosent blant dei i alderen 67-79 år. Delen vaksne som les papiravis dagleg har gått ned for alle vaksne aldersgrupper i 2020. Mannlege og kvinnelege lesarar brukte like lang tid på å lese papiravis med 10 minutt ein gjennomsnittsdag i 2020.

60 prosent las nettavis ein gjennomsnittsdag

Samstundes som delen som les papiraviser faller dei siste åra aukar delen som les nettaviser. Med nokre årlege unntak har delen av befolkninga som les aviser på internett auka jamt sidan 2001, sjå tabell 10.8. I 2020 las 60 prosent av befolkninga aviser på internett ein gjennomsnittsdag og dette var ein auke på heile 5 prosentpoeng sidan 2019. Til samanlikning las berre 10 prosent aviser på internett i 2001. 78 prosent las papiravis i 2001, medan i 2020 har denne delen gått ned til 24 prosent. For nettavis er det framleis ein større del menn enn kvinner som las nettaviser ein gjennomsnittsdag i 2020, 72 prosent for menn og 67 prosent for kvinner, sjå tabell 10.8.

Figur 10.4. Del som les papiravis ein gjennomsnittsdag i ulike aldersgrupper. Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Det er i utgangspunktet færre som les vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift enn aviser. På ein gjennomsnittsdag i 2020 var det 4 prosent som las vekeblad, og 7 prosent som las tidsskrift enten på papir eller nett. Nedgangen i delen som les avis ein gjennomsnittsdag var på 3 prosentpoeng frå 2019 til 2020. For vekeblad og tidsskrift har delen som les dei, haldt seg stabilt lågt. Kor mange som les

teikneserieblad har óg heldt seg stabilt lågt ved at berre 3 prosent av befolkninga las dette på papir, medan 1 prosent las det på nett, sjå tabell 10.7.

10.5. Om statistikken

Avisene Opplysningane om aviser er i hovudsak henta frå rapportserien «Avisåret 2020, papiraviser og betalte nettaviser» av Sigurd Høst. Tala er supplerte med mellom anna opplagstal for VG og Dagbladet og tal for reine nettaviser frå Medienorge som i tillegg har Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og Landslaget for lokalaviser (LLA) som kjelder.

<i>Typar aviser</i>	<i>Laussalsaviser:</i>	VG og Dagbladet.
	<i>Storbyaviser:</i>	Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad.
	<i>Nr.2-aviser i store byar:</i>	Dette er konkurrentar til storbyavisene. Nummer to-avisene brukar tabloidformat og profilerer seg som ei alternativ byavis.
	<i>Riksspreidde meiningsberande aviser:</i>	Representerer bestemte livssyn, ideologisk syn eller bestemte næringsinteresser.
	<i>Leiande lokale dagsaviser:</i>	Lokale aleine- og nummer ein aviser med minst fire utgåver i uka, utgjevne utanfor dei største byane. Utgivarstaden er ein by eller ein større tettstad,
	<i>Lokale dagsaviser, nr. 2:</i>	Omfattar det dei fleste vil regne som dei typiske nummer to-avisene: Lokale dagsaviser med ein større lokal konkurrent.
	<i>Lokale 2-3 dagarsaviser:</i>	Desse avisene er reindyrka lokalaviser med eit lite, klart avgrensa dekningsområde.
	<i>Lokale vekeaviser:</i>	Desse avisene likner på dei lokale to-tre-dagarsavisene, men har vanlegvis mindre opplag og færre redaksjonelle ressursar.
	<i>Nasjonale fådagarsaviser:</i>	Avisene i denne gruppa likner dei riksspreidde meiningsberande avisene, gjennom spesialisert profil og ved at dei rettar seg mot heile landet. Dei kommer likevel ut berre ein til tre gonger i veka.

Opplag I 2014 vart opplagstala endra for å fange opp sal av digitale avisutgåver, slik at tala frå og med 2014 er samla nettoopplag (papiroplag pluss digitale abonnement og kjøp av digitale utgåver). Frå 2018 vart det innført nytt regelverk for rapportering av opplag, og dei største endringane frå tidlegare regelverk er:

- Rapporteringa vil frå 2018 skje to gongar i året. I denne statistikken er det nytta tal frå andre halvår.
- Abonnementsopplaget vert telt ut frå gjennomsnittleg tal på selde abonnement, uavhengig av pris.
- For bedriftssal vert det no sett krav om ein prosentvis del av talet på faktiske og moglege nedlastingar.
- Ein eigen sats på frieksemplar for E-avis vert fjerna og digitale produkt vert jamstilt med papir.

Innføringa av det nye regelverket gjer det ikkje lenger mogleg å samanlikne opplagstal frå og med 2018 direkte med tidlegare år.

Frå 2020 blir opplagstal fordelt på dei tre kategoriane digital, komplett og papir. Summen av desse utgjer netto opplag.

- Mediestøtte* Mediestøtta er eit sentralt verkemiddel for å oppnå måla på medieområdet og består av følgjande ordningar:
- Produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium
 - Medieforskning og etterutdanning
 - Tilskot til lokale lyd- og biletmedium
 - Tilskot til samiske aviser
 - Driftstilskot til avisene i Finnmark
 - Innovasjons- og utviklingsstøtte
- Medietilsynet er staten sitt forvaltningsorgan på medieområdet og forvaltar dei statlege verkemidla på Kulturdepartementet sine ansvarsområde. I tillegg til Kulturdepartementets tilskotsordningar får nyheits- og aktualitetsmedium indirekte mediestøtte ved å vere fritekne frå meirverdiavgift.
- Vekepressa* Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Mediebedrift- enes Landsforening (MBL) og dekkjer dei magasin som er medlemmer. Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Alle magasin kjem ikkje ut kvar veke. Tala som vert presenterte i denne publikasjonen, er gjennomsnittleg nettoopplag per utgjeving. Netto totalopplag er papiroplag pluss digitale abonnement, der kvar abonnent er tald berre ein gang.
- Fagpressa* Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Fagpressen. Fagpressen, tidlegare kalla Den Norske Fagpresses Forening, er Noregs eldste presseorganisasjon og vart stifta i 1898. «Fagpressen» er ein interesseorganisasjon for fag- og interesselidsskrift i Noreg. Foreininga sikrar interesser til fagblad, tidsskrift og magasin på trykk og nett. Kategoriane som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidde av Fagpressen, men medlemsblada vel sjølve primærnøkkel for kor dei høyrer heime. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad.
- Mediebruksundersøkingane* Tala som omhandlar lesing av aviser og blad, er henta frå Norsk mediebarometer 2020. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av medium. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga på omtrent 1 800 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike medium. For informasjon om utval og fråfall kan ein sjå delen «Om undersøkelsen» i Norsk mediebarometer.

Det er nytta kjennemerke yrkesstatus og utdanning i tabellane 10.6 og 10.7. Sjå delkapittel 9.6 for definisjonar av desse kjennemerka.

Referansar

Høst, S. (2004). *Hva er en avis?: Avisbegrepet fra Hellerudkomiteen til Se og Hør*, (Rapport nr. 3/2004). Institutt for journalistikk.

Høst, S. (2021). *Avisåret 2020, Papiraviser og betalte nettaviser*, (Rapport nr. 108/2021). Høgskulen i Volda.

Mediebedriftenes Landsforening. (2021a). *Opplagstall 2020*. Henta 24. september 2021 frå <https://www.opplag.no/content/1-opplagstall/19-opplagstall-2020-andre-halvar/medietall-andre-halvar-2020-presentasjon.pdf>

Mediebedriftenes Landsforening. (2021b). *Opplagstall magasiner 2020*. Henta 1. juli 2021 frå <https://www.mediebedriftene.no/tall-og-fakta/opplagstall/>

Prop. 1 S KUD (2018-2019). *For budsjettåret 2019 - Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568*. Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20182019/id2613191/?ch=1>

Statistisk sentralbyrå. (2021). Norsk mediebarometer 2020. Statistiske analysar 166. <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2020>

Meir informasjon

Aviskatalogen: <http://www.aviskatalogen.no/>

Fagpressen: <http://www.fagpressen.no>

Landslaget for Lokalaviser: <https://lla.no/>

Mediebedriftenes Landsforening (MBL): <http://www.mediebedriftene.no>

Medienorge: <https://medienorge.uib.no/statistikk/medium/avis>

Medietilsynet: <https://medietilsynet.no>

NOU 2000: 15. (2000). *Pressepolitikk ved et tusenårsskifte*.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2000-15/id376239/>

Tabell 10.1. Talet på aviser¹ og opplag² for ulike typar aviser, i 1 000 eksemplar

	2014		2015		2016		2017		2018		2019		2020	
	Aviser	Opplag	Aviser	Opplag	Aviser	Opplag	Aviser	Opplag	Aviser	Opplag	Aviser	Opplag	Aviser	Opplag
Aviser i alt	230	2 150	228	2 041	227	2 018	223	2 141	223	2 337	218	2 406	215	2 498
Laussalsaviser	2	212	2	184	2	172	2	270	2	324	2	369	2	403
Storbyaviser ³	4	418	4	399	4	396	4	414	4	473	4	465	4	480
Nr.2-aviser i store byar	2	37	3	39	3	39	3	39	3	46	3	50	2	53
Riksspreidde meiningsberande aviser ⁵	8	171	8	169	8	170	8	172	8	188	8	197	8	206
Leiande lokale dagsaviser	54	685	53	637	52	629	49	625	47	659	46	663	43	664
Lokale dagsaviser, nr. 2	2	25	2	24	2	24	2	25	2	27	2	27	2	27
Lokale 2-3 dagarsaviser	84	368	77	341	77	339	76	343	75	360	76	379	77	406
Lokale vekeaviser	65	134	71	147	71	148	71	149	74	155	69	152	69	155
Nasjonale fådagarsaviser	9	101	8	100	8	102	8	104	8	104	8	104	8	104

¹ Gjeld berre trykte aviser og deira nettutgåver, og omfattar berre publikasjonar med minst ein utgåve per veke, og som vert rekna som avis i samsvar med avisdefinisjonen til Sigurd Høst (Høst 2004). Einskilde medlemmer av MBL og LLA vil difor ikkje vere rekna med i oversikta. ² Netto totalopplag. Reglane for berekning av opplag vart forandra i 2014, 2018 og 2020, sjå delkapittel 10.5. ³VG+ er inkludert i VGs totalopplag frå og med 2017. ⁴ Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. ⁵ Dagens Næringsliv har ikkje ønskt å få målt opplaget i 2016, 2017, 2018 og 2019, og opplag er anslått for desse åra. Estimater for 2018 og 2019 er endra i 2021.

Kjelder: Høst, Sigurd (2021), Avisåret 2020, Papiraviser og betalte nettaviser, Medienorge.

Tabell 10.2. Talet på betalte nettaviser og opplag¹, 2020, i 1 000 eksemplar

	Aviser	Opplag
Aviser i alt	12	43
Riksdekkande nettaviser	1	17
Storbyaviser	2	11
Lokale nettaviser	9	16

¹ Opplag 2. halvår. Omfattar berre reine nettaviser med godkjend opplag

Kjelder: Medienorge.

Tabell 10.3. Dagsaviser som fekk produksjonstilskot

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Aviser i alt	138	141	147	149	155	157	158	147	152
Nr. 2-aviser, ekskl. riksspreidde aviser ¹	24	25	23	19	23	27	28	24	27
Riksspreidde meiningsberande aviser	5	5	5	5	5	5	5	5	5
Nr. 1 og aleineaviser	58	58	65	65	61	64	63	55	60
Vekeaviser, ekskl. nr. 2-aviser	51	53	54	58	62	61	62	61	58
Riksspreidde ukeaviser ²	4	4	4	2	2
Tilskotsbeløp i alt (1 000 kr)	287 568	307 789	308 246	303 246	313 046	312 866	313 000	318 000	358 100

¹ Inkluderer sju vekeaviser som er nr. 2-aviser på utgivarstaden. ² Morgenbladet, Korsets Seier, Dag og Tid og Norge i Dag fekk produksjonstilskot for første gong i 2016. Tidlegare fekk desse avisene tilskot frå Kulturrådet.

Kjelde: Medietilsynet.

Tabell 10.4. Vekepresse¹. Talet på opplag per utgjeving, etter gruppe, samanliknbare titlar

	2019	2020
I alt	1 123 186	1 079 601
Aktualitet, TV	201 760	194 260
Bustad, interiør	231 481	223 894
Helse, livsstil, mat	37 025	37 331
Innsikt, økonomi	87 533	84 091
Jakt, friluft	40 936	39 271
Kvinne	87 715	81 833
Vaksen kvinne	354 775	341 896
Andre	81 961	77 025

¹ Omfattar vekepresse som er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening.

Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening.

Tabell 10.5. Fagpresse. Talet på periodika¹ og opplag per utgjeving, etter gruppe²

Gruppe	2016		2017		2018		2019		2020	
	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag
I alt³	180	3 844 479	175	4 082 556	180	4 241 169	177	4 101 640	177	4 119 893
Landbruk og fiske	11	161 254	12	163 326	12	161 098	12	157 695	12	155 613
Industri, teknikk og handverk	30	965 155	30	890 816	30	1 010 744	28	862 396	28	874 658
Bygg og anlegg	13	343 373	12	341 630	12	340 992	11	337 385	11	338 826
Varehandel, hotell og storkjøkken	11	128 773	10	119 365	11	120 922	11	120 698	11	121 705
Transport og samferdsel ⁴	5	45 943	3	433 047	2	403 595	2	396 400	2	396 500
Tenesteyting, økonomi mv.	9	204 946	6	138 261	1	32 522	1	32 852	1	32 247
Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv.	31	593 600	31	567 137	36	669 452	36	698 517	36	678 676
Helse-, sosial- og veterinærtjenester	41	471 705	37	466 597	38	474 540	38	477 010	39	485 517
Kultur og fritid	29	929 730	34	962 377	38	1 027 304	38	1 018 687	37	1 036 151

¹ Omfattar berre medlemmer av Fagpressen. ² Grupperinga er utarbeidd av Fagpressen. ³ Medlemsblad med kontrollerte opplag. ⁴ Motor innmeldt med 400 000 i opplag i 2017.

Kjelde: Fagpressen

Tabell 10.6. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag¹

	Avis				Vekeblad				Teikneserieblad				Tidsskrift			
	2017	2018	2019	2020	2017	2018	2019	2020	2017	2018	2019	2020	2017	2018	2019	2020
Alle personar	11	11	9	10	1	2	1	2	1	1	1	1	1	2	2	1
Kjønn																
Menn	12	11	9	10	0	0	1	0	1	2	1	1	2	2	2	1
Kvinner	11	11	10	10	2	3	2	3	0	1	1	1	1	1	2	1
Alder																
9-15 år	2	1	1	2	0	0	0	0	3	4	3	5	0	0	0	0
16-24 år	2	2	2	1	0	0	0	0	0	2	1	1	1	0	1	0
25-44 år	6	5	4	4	1	0	1	1	0	0	1	0	1	1	2	1
45-66 år	13	14	13	12	1	2	2	2	0	0	0	1	2	3	3	2
67-79 år	37	37	35	34	4	5	7	6	0	0	1	0	3	3	4	3
Utdanning																
Grunnskule	8	6	6	4	1	3	1	2	0	1	1	1	0	0	1	1
Vidaregåande skule	14	14	10	11	2	2	2	3	0	0	1	1	2	2	2	1
Universitet/høgskule, kort	13	13	13	13	1	1	1	1	0	1	1	0	2	1	2	2
Universitet/høgskule, lang	16	14	17	19	1	0	1	1	0	1	0	0	2	3	5	2
Yrkesstatus (16-79 år)²																
Yrkesgruppe 1-2	11	12	10	9	1	1	1	1	0	1	0	1	2	2	3	2
Yrkesgruppe 3	9	8	7	11	0	1	1	1	0	0	1	0	1	1	2	1
Yrkesgruppe 4-5	8	6	5	6	1	1	1	1	0	0	1	1	0	0	1	1
Yrkesgruppe 6-9	7	6	7	4	1	1	1	1	0	0	1	1	1	2	1	0
Elevar/studentar	1	3	2	2	0	0	.	0	0	1	1	1	1	0	3	0
Trygda/pensjonistar	29	30	27	60	3	6	4	7	0	0	1	0	3	3	4	2

¹ Gjeld dei ulike media sine papirutgaver. ² For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene sjå delkapittel 9.6.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 10.7. Delen som har lest avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift på papir ein gjennomsnittsdag¹. Prosent

	Avis				Vekeblad				Teikneserieblad				Tidsskrift			
	2017	2018	2019	2020	2017	2018	2019	2020	2017	2018	2019	2020	2017	2018	2019	2020
Alle personar	32	30	27	24	5	5	5	4	3	3	3	3	6	6	7	5
Kjønn																
Menn	31	30	25	23	2	2	2	1	3	4	4	4	7	7	6	4
Kvinner	34	31	29	26	8	8	8	7	3	1	2	3	5	5	8	5
Alder																
9-15 år	10	8	7	9	1	1	0	1	16	12	14	12	1	0	0	0
16-24 år	12	11	8	7	2	4	0	1	1	3	3	4	5	2	4	2
25-44 år	24	20	18	14	3	3	2	2	2	2	2	2	5	5	6	4
45-66 år	42	42	37	33	6	5	7	5	1	1	1	3	7	9	9	7
67-79 år	72	67	69	61	14	13	16	13	1	1	0	1	9	10	11	9
Utdanning																
Grunnskule	26	17	21	14	4	5	7	5	2	2	3	3	3	2	2	3
Vidaregåande skule	38	37	29	29	7	7	7	7	2	1	2	2	8	7	7	5
Universitet/høgskule, kort	38	37	33	28	5	4	4	2	1	2	2	2	7	7	9	6
Universitet/høgskule, lang	39	43	42	40	4	5	3	4	2	3	1	3	8	13	16	9
Yrkesstatus (16-79 år)²																
Yrkesgruppe 1-2	36	39	32	28	4	4	3	3	1	2	2	3	9	9	10	7
Yrkesgruppe 3	33	29	27	24	3	2	3	2	2	0	1	1	7	7	8	5
Yrkesgruppe 4-5	30	24	25	22	4	6	6	3	1	0	2	2	3	1	4	5
Yrkesgruppe 6-9	29	23	25	15	4	3	3	2	2	0	3	1	3	4	5	1
Elevar/studentar	8	12	8	8	1	5	1	1	2	2	2	2	6	3	7	1
Trygda/pensjonistar	60	55	56	60	14	12	14	14	1	2	2	5	8	9	9	8

¹ Gjeld dei ulike media sine papirutgaver. ² For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene sjå delkapittel 9.6.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 10.8. Delen som har lest papiravis og nettavis ein gjennomsnittsdag. Prosent

	Papiravis	Papiraviser på nett	Papiraviser og deira nettsider	Reine nettaviser	Nettaviser totalt	Både trykt avis og nettavis
2016	39	56	73	34	65	79
2017	32	52	68	32	61	74
2018	30	51	64	36	62	72
2019	27	55	66	40	65	73
2020	24	60	70	41	70	77
Kjønn						
Menn	25	58	67	9	42	24
Kvinner	29	51	64	13	35	22
Alder						
9-12 år	8	12	19	7	16	22
13-15 år	11	27	33	22	39	42
16-19 år	5	54	55	37	69	70
20-24 år	9	62	63	37	71	72
25-34 år	10	71	74	50	82	83
35-44 år	18	73	75	52	83	84
45-54 år	25	71	81	49	80	88
55-66 år	42	68	81	45	77	86
67-79 år	61	53	84	33	59	86
Menn						
9-15 år	8	17	24	13	24	29
16-24 år	5	58	59	38	68	68
25-44 år	13	69	71	55	82	83
45-66 år	32	73	81	56	84	89
67-79 år	60	59	87	42	68	89
Kvinner						
9-15 år	11	18	24	12	25	30
16-24 år	10	59	61	36	73	75
25-44 år	15	75	78	47	83	84
45-66 år	34	66	81	38	73	86
67-79 år	62	48	82	24	51	84

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

11. Film og kino

11.1. Nokre resultat

Besøktal halvert i koronaåret 2020

I annleisåret 2020 ser koronarestriksjonane ut til å ha påverka tala for kinoane i særleg stor grad, og tilskota har vore prega av diverse kompensasjons- og stimulanseordningar. Vi ser ei markant endring i det totale kinobesøket i 2020, sjå tabell 11.1. Medan besøket har lege mellom 11-13 millionar sidan 2001, var det i 2020 på under 5 millionar. Det er altså over ein halvering i talet på kinobesøk. Overraskande nok er endringa av delen av befolkninga som har vore på kino dei siste 12 månadane mykje meir moderat. Medan delen var 75 prosent i 2019, har den berre minka med 8 prosentpoeng til 67 prosent i 2020. Det kan altså sjå ut til at ein stor del av befolkninga har vore på kino i løpet av året, men mange færre gonger enn tidlegare år. Vi må hugse at korona-restriksjonane ikkje gjaldt heile 2020, dette kan påverke tala.

11.2. Kinobesøk og framsyningar


Usamanliknbart lavt kinobesøk i 2020

Det har vore ein viss nedgang i selde kinobilletter sidan 2016, men den generelle nedgangstrenden er liten samanlikna med årets fall. Besøket har gått ned med 57 prosent frå 2019 til 2020, med 4,9 millionar billetter i 2020 mot 11,3 millionar i 2019. Ifølge NFI ville kinoane hatt ei omsetning nær 30 prosent i 2020 av omsetninga frå 2019, men med dei statlege kompensasjonsordningane ligg talet nærare 80 prosent. (s. 17, NFI, 2021)

Norsk film delvis skjerna

Nedgangen i billettsalet for dei norske filmene, er ikkje like stor som for dei utanlandske filmene på kino i Noreg, sjå figur 11.1. Billettsalet for dei norske filmene i 2020 svarar til 89 prosent av billettinntektene i 2019. For dei utanlandske filmene er det same forholdet på berre 34 prosent, sjå tabell 11.2.

Figur 11.1. Kinobesøk. Samla besøk, utanlandske og norske filmar



Kjelde: Film & Kino årbok 2020.


Bygdekinoane selde i 2020 billetter tilsvarande berre 57 prosent av billettsalet i 2019, sjå tabell 11.1. Bygdekinoane vart ramma hardt, men ikkje like hardt som kinoane elles, inkludert dei i dei større byane, som opplevde korona-restriksjonar i større grad.

Dei nasjonale tala for 2020 svarar til 0,9 kinobesøk i snitt per innbyggjar. Dette talet har alle andre rapporterte år vore over 2, sjå tabell 11.1. Fallet i billettinntekter samsvarer heilt med talet selde billetter, frå 1,3 milliardar kroner i 2019 til 560 millionar kroner i 2020. Dette utgjer om lag 43 prosent av inntektene i 2019, sjå tabell 11.2.

Nesten halvering av talet på amerikanske filmar

At dei norske filmene ikkje er like hardt ramma når det gjeld besøk og billettinntekter har mest sannsynleg å gjere med talet på oppsette filmar frå dei forskjellige opphavslanda. I 2019 vart 100 filmar frå USA satt opp på kino i Noreg, mot berre 55 i 2020, sjå tabell 11.3. Til samanlikning vart det faktisk satt opp fleire norske filmar i 2020 enn i 2019, 27 mot 25 premierar. Filmar frå Nord-Amerika stod for 49 prosent av besøket i 2020, mot 65 prosent i 2019. Dette er ein nedgang på 16 prosentpoeng. Kinoane har prioritert opp dei norske filmene i 2020, samstundes som den amerikanske marknaden i større grad har lansert «storfilmar» direkte på strøymetenester. Dette skjer i kjølvatnet av koronarestriksjonane og framveksten av strøymetenestane sin marknadsdominans. Film & Kino nemner i si årbok at ein rekke filmar òg er heldt tilbake frå marknaden.

Figur 11.2. Kinopremierer i Noreg etter filmens produksjonsland



Kjelde: Film & Kino

32 prosent færre framsyningar i 2020

I 2020 var det i alt 283 000 framsyningar på norske kinoar, 32 prosent færre enn året før. Det har vore ein nedgang over fleire år i kor mange som ser kvar framsyning. Til dømes var det i 2001 i snitt 51 personar som såg kvar visning, medan det i 2006 var 40 personar, og ned til 27 i 2019. I koronaåret 2020, var vi heilt nede i 17 besøkande per framsyning. Det var 82 000 framsyningar av norske filmar i 2020, ein auke på om lag 11 000 frå 2019. Sjå tabell 11.2 for meir informasjon om kinobesøk.

Det har vore ein nesten like stor nedgang i kor mange europeiske filmar som vart vist på kino som for dei amerikanske, frå 100 europeiske filmar i 2019 til 61 i 2020. Spesielt filmland som Storbritannia og Frankrike har vi fått færre filmar frå. Samstundes vart 16 filmar frå land utanfor Europa og USA vist på kino. Berre 4 filmar kom frå India i 2020 mot heile 16 i 2019, sjå tabell 11.3.

38 prosent færre langfilmpremierar

160 nye filmar hadde premiere på norske kinoar i 2020. Dette utgjer 62 prosent av talet på premierar i 2019, som var 257. Dette er ein nedgang på 38 prosent frå 2019, og det lågaste talet dei siste 10 åra, sjå tabell 11.3. Medrekna blant desse 160

filmene er filmar som er i ordinær distribusjon på kinoane, definert ved at filmen er vist på minst ti kinohus. Desse filmene stod for over 99 prosent av besøket på filmar som vart vist for første gong i 2020.

Tre av fem på topp var likevel amerikanske

Blant dei fem filmene som toppa besøksstatistikken for 2020 finn vi tre amerikanske, og to norske filmar. «Børning 3» var den mest sette filmen på kino i 2020, med om lag 286 000 selde billetter. Til samanlikning selde toppfilmen i 2019, «Løvenes Konge», over dobbelt så mange billetter. Nummer to på besøksstatistikken i 2020, med nesten like mange selde billetter som «Børning 3», var den amerikanske filmen «Frost 2» som vart sett av 283 000 personar. Filmen toppa òg lista i 2019 òg blei altså vist på kinoane over nyårskiftet 2019-2020. Vidare hadde «Knutsen & Ludvigsen 2 – Det Store Dyret» 214 000 besøk i 2020. På fjerde plass kom amerikanske «1917» med 191 000 selde billetter. På femte plass kom amerikanske «Tenet», med 188 000 besøk. I årboka til Film & Kino for 2020 kan ein sjå heile lista med dei tretti mest sette filmene.


Kinobesøket for dei fem mest sette filmene i 2020 utgjør 24 prosent av det samla besøket for heile året. Det er tre prosentpoeng høgare enn same talet frå året før.

Færre har vore på kino, spesielt i dei korte tidsintervalla

67 prosent av befolkninga var i 2020 ein eller fleire gonger på kino dei siste 12 månadane, noko som er ein større endring enn vanlig og ein nedgang på 8 prosentpoeng frå 2019. Det viser tal frå Norsk mediebarometer 2020, sjå tabell 11.5. Men det er spesielt i dei korte tidsintervalla vi kan sjå effekten av koronarestriksjonane, som vil seie at delen av befolkninga som har vore på kino *den siste månaden* gjekk ned frå 24 prosent i 2019 til 9 prosent i 2020. Talet for delen av befolkninga som har vore på kino dei siste tre månadane gjekk ned frå 50 prosent til 26 prosent (SSB, 2020, tabell 87 s.114).

Blant dei tre eldste aldersgruppene, dei mellom 25 og 79 år, har delen som har vore på kino dei siste 12 månadane gått ned med om lag 10 prosentpoeng. For dei mellom 9-15 år har delen gått ned med 6 prosentpoeng, medan for 16-24 åringane er nedgangen på berre 2 prosentpoeng frå 2019 til 2020. I koronaåret 2020 har dei yngre vore betre representert på kinoane enn dei vaksne sett i forhold til normalnivået, sjå tabell 11.5.


I aldersgruppa 9-15 år var det i 2020 om lag eitt besøk mindre på kino dei siste 12 månadane, med 2,8 besøk opp mot 4,0 besøk i 2019. Men for dei som var 16-24 år, er talet på besøk nesten uendra, frå 4,1 i 2019 til 3,9 i 2020. I koronaåret, sett i samanheng med den del av befolkninga som har vore på kino, så kan det sjå ut til at dei «unge vaksne» som brukar kinoane, har brukt dei oftare, medan same delen av dei yngre (9-15) har fortsett med å gå på kino, men gjorde sjeldnare besøk.

Figur 11.3. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadane, etter alder. 2018-2020.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Kvinner og menn går like ofte på kino

I dei seinare åra har menn og kvinner stort sett gått like mykje på kino. I 2019 gjekk ein større del menn enn kvinner på kino, med høvesvis 76 og 75 prosent. I 2020 hadde 65 prosent av menn og 69 prosent av kvinner sett ein film på kino dei siste 12 månadane.

Figur 11.4. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadane, etter menn og kvinner

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Trass i at koronarestriksjonane affekterte dei større byane meir, er det, som normalt, ein mindre del av befolkninga i dei meir spreidde busetnadane som har vore på kino dei siste 12 månader. I dei mest tettbygde strøka har 73 prosent vore på kino dei siste 12 månadane i 2020, mot 58 prosent i dei strøka med mest spreidd busetnad, ein forskjell på 15 prosentpoeng. Dette er nesten den same differansen som i 2019, då forskjellen var på 16 prosentpoeng (SSB, 2020).

Når vi ser til inndelinga i *landsdelar*, og delen av befolkninga som har vore på kino dei siste 12 månadane, er det mest interessant å sjå på differansane frå 2019. Alle landsdelane har søkke, men for Vestlandet og Nord-Noreg er det berre 3 prosentpoeng lågare i 2020 mot 2019. Agder og Sør-Austlandet er hardast råka, med ein

nedgang på 19 prosentpoeng, frå 80 prosent i 2019 til 61 prosent i 2020. Innlandet, Oslo og Viken og Trøndelag ligg i midten, med ein nedgang på høvesvis 10, 11 og 13 prosentpoeng frå 2019 til 2020 (SSB, 2020). Samstundes må vi hugse endringane i fylkesinndelingane frå 2018 og fram til 2020, som kan verke inn på statistikken.

Elevar og studentar går meir på kino

Elevar og studentar er dei ivrigaste kinogjengarane samanlikna med andre yrkesstatusgrupper. Blant elevar og studentar har 90 prosent vore på kino dei siste tolv månadane. Om vi ser på fordelinga på utdanningsnivå er det dei med kortare, høgare utdanning, til dømes bachelorgrad, som har størst del som har vore på kino i 2020, med 74 prosent dei siste 12 månadane, sjå tabell 11.5.

11.3. Kinodrift

Kommunale og private kinoar

Norske kinoar kan vere kommunalt eigde, privat eigde eller ha delt eigarskap mellom kommunar og private. Kommunane kan eige kinoar aleine eller i felleseige med andre kommunar. Ved overgang til felleseige med private, vert kinoen registrert som kommunal dersom kommunen har minst 51 prosent eigardel.

Frå 2012 har dei kommunalt eigde kinoane gått frå å ha 83 prosent av kinobesøket, til 55 prosent i 2020. Nesten ein fjerdedel av marknaden vart flytta frå kommunalt til privat eigarskap då Nordisk Film kjøpte Oslo Kino og kinoane i Norsk Kinodrift i 2013. Talet på kommunale kinobygg har halde seg rundt 140 dei siste åra. Det er no 69 privateigde kinobygg mot 66 i 2019, og desse har 45 prosent av kinobesøket, sjå tabell 11.2.

Fleire kinobygg – fleire salar

Over lengre tid har det vorte færre kinobygg. Totalt var det 227 kinobygg i 2006, medan det var 202 i 2016. I dei seinare åra har det generelt vore stor aktivitet og fleire oppgraderingar og nyetableringar, slik at talet på kinobygg i 2020 er oppe i 210. I 2020 var det i alt 479 salar med digitalkino, 45 fleire enn i 2015. 290 av kinosalane var kommunale og 189 var ikkje-kommunale. Det var til saman 82 718 sitjeplassar i kinoane, sjå tabell 11.2.

Nedgang i besøk på bygdekinoane

Bygdekinoane, som er eit tilbod til dei mindre kommunane utan kino, hadde 1 prosent av kinobesøka. Bygdekinoen har òg vorte digital. I 2020 var det om lag 63 000 besøk på bygdekinovisingane, ein nedgang på 43 prosent frå 2019 då besøket låg på 111 000, sjå tabellane 11.1 og 11.2. Koronapandemien sitt innhogg i besøket har vore nesten like stort hos bygdekinoane som dei andre kinoane. Etter rekordåret 2016, med meir enn 154 000 besøkande hos bygdekinoane, gjekk talet ned til 123 000 i 2017, og i 2018 var talet 133 000 besøkande. Bygdekinoen hadde 181 framsyningsstader i 2019, eit tal som gjekk ned til 175 i 2020.

Låge besøkstall for 3D-film

Besøkstala for 3D-film på kino har gått ned dei siste åra. 25 prosent såg 3D-filmar i toppåret 2011, og i 2015 var talet gått ned til 15 prosent. I 2020 stod 3D-film for 0,6 prosent av kinobesøka, noko som er ei nedgang på 4 prosentpoeng frå 2019. 3D-filmar stod for om lag 0,8 prosent av alle billettinntektene i 2020 mot 5,8 prosent i 2019. I alt 168 kinoar har 280 salar som kan vise 3D i Noreg (Film & Kino, 2021).

11.4. Produksjon og forvaltning av film, seriar og dataspel

Høgare sum tildelte midlar frå Norsk filminstitutt

Norsk filminstitutt (NFI) fordelte til saman om lag 711 millionar kroner i 2020. Av dette gjekk 539 millionar kroner til utvikling, produksjon, lansering og etterhandstiltkot til spelefilm, kortfilm, dokumentar, dramaseriar og dataspel. Det er 112 millionar meir i høve til året før, då det vart fordelt 427 millionar til dei same føremåla (Norsk Filminstitutt, 2021).

Av dei 539 millionar kronene som vart innvilga i 2020, gjekk om lag 348 millionar kroner til formatet spelefilm. 20 millionar kroner gjekk til kortfilm og om lag 75 millionar gjekk til dokumentar. Dramaseriar fekk 60 millionar og dataspel vart tildelt 36 millionar (Norsk Filminstitutt, 2021).

Fordeling av tilskot til ulike typar ordningar er vist i tabell 11.4. Nytt i 2020 er at NFI ikkje lengre fører tilskot på dokumentarseriar fråskilt frå dokumentarar, og at dokumentarseriar-grupperinga mest sannsynleg vil slåast saman i framtidige publikasjonar. Det kan vere noko avvik i den totale mengda innvilga midlar og attgjeving av tilskot i tabellen. Det kjem hovudsakleg av at nokre mindre ordningar ikkje alltid har vore inkluderte i tabellen, og at nokre innvilga midlar vert utbetalte i ratar over tid.


38 prosent av NFIs produksjons- og etterhandstilskot til barnefilm

Om lag 116 millionar, eller 38 prosent, av NFIs produksjons- og etterhandstilskot gjekk til barnefilm i 2020. Dette er ein auke på 7 prosentpoeng frå 2019. Det høgaste rapporterte talet var i 2015 med 43 prosent. For å få etterhandstilskot må besøkstalet vere på minimum 35 000. I 2020 var det sju norske filmar for born som hadde kinopremiere. «Knutsen & Ludvigsen 2 – Det Store Dyret» var ein av filmene med høgast besøkstal, med 214 000 selde billetter. Òg «Flukten over grensen» oppnådde gode besøkstal med tanke på koronasituasjonen, med nært 140 000 besøk. Sjå årsrapporten til NFI for 2020, side 34, for meir informasjon om tilskot til barnefilm.

18 millionar meir i statleg støtte til regionale filmtiltak

Regionale filmsenter og filmfond er etablerte av kommunar, fylkeskommunar og filmorganisasjonar for å byggje opp filmmiljøa i egne regionar. 7 ulike filmsenter får statleg støtte. Til saman fekk dei 75 millionar i 2020, heile 18 millionar meir enn i 2019. Av dette var 9 millionar kompensasjons- og stimulansemidlar i forbindelse med koronasituasjonen i 2020. (s. 26, NFI, 2021).

Figur 11.5. Tilskot til filmsenter og filmfond i millionar



9 millionar av tilskota til filmsentra i 2020 var kompensasjons- og stimulansemidlar i samband med koronasituasjonen. Kjelde: NFIs årsrapport 2020.

Tilskotet til regionale filmfond låg på totalt 33,8 millionar kroner i 2020, fordelt på tre konsoliderte filmfond. Dette er ein auke på 10,5 millionar frå 2019, òg den største totale auken over eit enkeltår som er rapportert. Dei statlege overføringane til regionale filmfond var på 10,5 millionar i heile perioden 2008-2013, men auka til 10,9 millionar i 2014 og 11,2 millionar i 2015. I 2016 auka løyvinga med 8,8 millionar kroner meir til den nye tilskotsordninga for regionale filmfond, sjå tabell 11.6 for andre tilskotsdetaljar.

11.5. Om statistikken

- Film & Kino* Film & Kino er ein bransje- og medlemsorganisasjon for kommunale og private kinoar. Film & Kino vart stifta i 1917 under namnet Kommunale Kinematografers Landsforbund. Film & Kino driv òg Bygdekinoen, som er ein omreisande kino. Bygdekinoen vart oppretta i 1950. Den viser digitale filmar og tilbyr òg filmar i 3D.
- Norsk filminstitutt* Norsk filminstitutt (NFI) er eit forvaltningsorgan som staten har for filmpolitikken, og som fungerer som rådgivar for staten i filmpolitiske spørsmål. NFI er underlagt Kulturdepartementet og forvaltar dei statlege verkemidla til utvikling, produksjon, lansering og formidling. NFI forvaltar midla i Filmfondet som vert løyvde over statsbudsjettet. NFI forvaltar tilskotsordningar for spelefilm, kortfilm, dokumentar, dramaseriar, og dataspel på ulike plattformer. NFI forvaltar òg insentivordninga og gjev tilskot til samproduksjonar med andre land. NFI legg til rette for deltaking på internasjonale festivalar, internasjonale finansieringsfora, salsmesser og marknader – og arrangerer kurs, seminar og kompetansehevande tiltak for den audiovisuelle bransjen. NFI drifter òg Cinemateket i Oslo. I tillegg har NFI ansvaret for regionale filmtiltak for born og unge samstundes som utbetaling og oversyn av tilskot til regionale filmsenter og regionale filmfond er delegert til NFI.
- Omfang og samanlikningar* Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken vert publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettsidene, www.kino.no. Nokre tal for kinoane vert elles publiserte i KOSTRA. Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken i andre land.

Referansar

Film & Kino. (2021). *Årbok 2020*. Henta frå <https://www.kino.no/incoming/article1294921.ece> . Eldre årbøker blir òg nytta for å fylle tidsseriar.

Norsk Filminstitutt. (2021). *Årsrapport 2020*. Henta frå <https://www.nfi.no/statistikk/statistikk-analyse-og-rapporter>

Statistisk sentralbyrå. (2021). Norsk mediebarometer 2020. *Statistiske analyser 166*. Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2020>

Meir informasjon

Bygdekinoen (<http://www.bygdekinoen.no/>)

Film & Kino: (<http://www.kino.no>)

Filmklubbar der film, TV og spelprodusentar er medlemmer: <http://www.produsentforeningen.no/>

Medietilsynet: (<http://www.medietilsynet.no>)

Norsk filminstitutt: (<http://www.nfi.no>)

Tabell 11.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke

	Besøk i alt	Besøk	
		Ved bygdekinoar	Per innbyggjar
2001	12 477 164	148 993	2,8
2002	12 041 422	130 637	2,7
2003	13 049 067	133 891	2,9
2004	11 966 254	145 791	2,6
2005	11 314 081	134 524	2,4
2006	12 012 493	148 058	2,6
2007	10 815 700	127 683	2,3
2008	11 869 449	129 816	2,5
2009	12 701 912	139 081	2,6
2010	11 020 954	120 079	2,3
2011	11 655 050	126 232	2,4
2012	12 124 008	115 908	2,4
2013	11 802 662	112 254	2,3
2014	11 085 134	123 648	2,2
2015	12 037 874	122 844	2,3
2016	13 125 068	154 150	2,5
2017	11 766 786	122 891	2,2
2018	12 122 109	133 113	2,3
2019	11 294 219	111 268	2,1
2020	4 853 915	63 137	0,9

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 11.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform

	Kino- bygg i alt	Kino- salar/ fram- synings- stader ¹	Salar med digital- kino ²	Sitje- plassar	Framsyingar		Besøk			Billettinntekter		
					I alt	Av dette norske	I alt	Av dette besøk på norske filmar	Besøk på norske filmar	Besøk per fram- sying	I alt	Av dette norske filmar
											Millionar kroner	
											1 000 personar	
											Prosent	
2001	243	596	.	84 610	244 353	27 277	12 477	1 865	14,9	51,1	689,9	99,9
2002	249	600	.	85 913	250 062	22 899	12 041	897	7,4	48,2	706,6	47,7
2003	242	603	.	83 990	258 727	41 374	13 049	2 378	18,2	50,4	815,3	133,8
2004	240	625	.	85 047	267 269	34 629	11 967	1 777	14,8	44,8	782,1	107,1
2005	232	656	.	84 457	292 014	37 548	11 314	1 380	12,2	38,7	783,6	98,3
2006	227	649	.	82 630	303 251	47 365	12 013	1 928	16,0	39,6	852,0	130,1
2007	219	651	.	79 677	297 188	52 246	10 816	1 779	16,4	36,4	791,2	115,5
2008	218	661	49	79 177	307 249	56 722	11 870	2 657	22,4	38,6	917,7	202,5
2009	212	652	65	78 716	307 962	57 377	12 702	2 613	20,6	41,2	1 042,1	195,3
2010	210	651	250	79 238	316 073	68 021	11 021	2 564	23,3	34,9	954,0	198,2
2011	206	630	415	78 921	343 611	77 676	11 655	2 857	24,5	33,9	1 039,7	234,8
2012	196	583	415	76 195	346 009	50 674	12 124	2 164	17,8	35,0	1 110,1	184,5
2013	200	599	422	76 699	344 022	69 160	11 803	2 690	22,8	34,3	1 095,2	222,1
2014	199	596	424	76 975	354 122	75 986	11 085	2 708	24,4	31,3	1 082,1	232,3
2015	201	609	434	77 560	352 937	53 947	12 037	2 465	20,5	34,1	1 231,4	231,3
2016	202	617	439	78 414	370 711	67 102	13 125	3 143	23,9	35,4	1 375,2	310,8
2017	204	632	443	78 541	378 294	61 594	11 767	2 125	18,1	31,1	1 260,9	202,8
2018	208	649	470	81 565	398 382	76 780	12 122	3 048	25,1	30,4	1 376,0	326,6
2019	211	664	483	81 612	418 939	71 104	11 294	2 077	18,4	27,0	1 303,4	210,4
2020	210	654	479	82 718	283 347	82 285	4 854	1 732	35,7	17,1	557,7	187,3

2020Kommunale³

kinoar i alt	141	290	290	51 953	167 424	49 121	2 664	1 050	39,4	15,9	294,8	110,7
Ikkje-kommunale												
kinoar i alt	69	189	189	29 155	115 923	33 164	2 190	682	31,1	18,9	263,0	76,5
Bygdekinoar	.	175	.	.	2 741	1 414	63	40	63,2	23,0	6,4	4,1

¹ Framsyningsstader er kombinasjonen av kinosalar og visningsstader for bygdekinoen. ² Gjeld berre kommunale og private kinoar. ³ Pga. arbeid med omlegging av rapporteringsløyisingar har Film & Kino ikkje heilt eksakte tal for fordeling mellom kommunale og ikkje-kommunale kinoar når det gjeld besøk, framsyingar og omsetning for 2019. Tala gir likevel eit rimeleg bilete av fordelinga.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 11.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland

Produksjonsland	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
I alt	201	199	211	232	254	250	257	160
USA	111	90	109	116	102	106	100	55
Noreg	26	36	26	27	35	33	25	27
Frankrike	13	19	19	17	19	17	23	13
Storbritannia	13	14	10	13	21	15	24	9
Danmark	3	5	4	6	6	7	7	9
Tyskland	8	1	5	6	3	5	5	8
Sverige	8	7	7	8	9	4	7	6
India	0	3	6	9	10	9	16	4
Sør-Korea	0	0	0	1	3	0	2	4
Belgia	1	2	0	1	8	6	0	3
Italia	1	4	4	6	2	6	4	2
Japan	1	3	3	4	3	3	2	2
Canada	2	5	2	0	3	2	2	1
Island ¹	1	1	1	3	.	3	5	1
Nederland	3	1	1	1	1	1	2	1
Spania	3	0	0	4	1	1	1	0
Australia	0	1	3	1	1	7	1	0
Argentina	0	1	1	0	2	0	0	0
Chile	1	1	0	1	2	0	1	0
Russland	0	0	1	0	2	1	1	0
Andre land	6	5	9	8	17	23	27	14

¹ Talet for Island i 2017 manglar frå årboka frå Film & Kino.

Filmar er lista ein gong, ikkje fleire, dersom det har vore samarbeid om ein produksjon.

Kjelde: Film & Kino.

Tabell 11.4. Norsk filminstitutt. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp. 1 000 kroner

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kortfilmer¹									
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	11	6	6	9	9	4	5	8	17
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	1 820	460	1 598	2 008	1 892	404	1 186	1 175	2 314
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	23	28	25	28	27	29	26	36	40
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	16 085	24 185	16 630	17 592	19 398	18 556	14 137	17 377	17 592
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	27	16	27	34	33	27	25	26	11
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner	572	441	796	1 157	912	865	893	1 079	333
Kinofilmar², fiksjon og dokumentar									
Talet på filmpremierar	23	24	34	23	25	35	33	21	24
Etterhandstilskot, talet på utbetalinger ³	34	47	51	41	53	48	37	38	46
Etterhandstilskot, samla utbetaling. Kroner	105 378	112 183	153 634	107 132	126 804	130 255	138 209	166 559	142 149
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	68	88	65	68	83	65	61	59	52
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	15 278	21 549	11 709	14 856	20 673	15 402	17 187	15 079	11 994
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	29	22	24	30	26	26	24	24	38
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	146 292	132 630	161 612	154 329	146 093	124 644	128 674	128 888	171 245
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	63	63	66	55	50	66	51	62	41
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner	32 296	38 091	36 494	38 166	33 729	31 477	32 188	37 885	36 538
Dokumentar, enkeltstående (ikkje kino)									
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	33	38	49	56	47	41	43	66	80
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	5 895	7 290	12 088	14 667	10 132	10 670	12 571	20 007	21 865
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	28	21	24	19	22	20	22	18	42
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	21 712	19 885	28 836	13 555	18 466	17 593	14 945	13 328	37 081
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	33	28	35	37	31	28	13	22	13
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner	1754	1 809	1 705	1 692	1 713	1 918	1 110	1 314	1 930
Dokumentarseriar for TV⁴⁵									
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	.	2	0	2	0	4	5	3	.
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	.	500	0	300	0	825	1 250	1 125	.
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	.	5	1	1	2	2	0	1	.
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	.	3 444	725	700	450	700	0	500	.
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	.	2	0	5	2	2	2	0	.
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner	.	127	0	138	65	20	396	0	.
Drama-seriar									
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	13	13	14	18	17	34	42	47	57
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	2 675	6 125	3 930	5 450	4 700	9 035	14 745	13 232	18 914
Produksjonstilskot, talet på prosjekt	8	8	3	11	7	9	10	8	14
Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner	29 100	41 250	6 500	50 250	33 300	46 600	44 600	44 300	41 256
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	6	7	11	10	9	7	10	6	1
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner	383	212	293	272	1 596	479	830	466	50
Dataspel									
Utviklingstilskot, talet på prosjekt	23	31	30	29	30	23	27	30	31
Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner	15 000	20 696	20 335	20 080	20 276	19 020	19 875	23 050	34 482
Lanseringstilskot, talet på prosjekt	5	25	21	32	42	30	21	5	5
Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner	527	3 174	2 955	3 392	4 350	2 617	3 870	296	1 829

¹ Fullførte kortfilmer har sjeldan "premiere". ² Spelefilm/kinofilm har minimum visingstid 72 minutt. Tala inkluderer òg kortfilmer med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. ³ Etterhandstilskot er ein form for produksjonstilskot, men som blir gjeve på etterskot. Etterhandstilskot kan komme i fleire utbetalningar til same film. ⁴ Ingen tilskot til dokumentarseriar for TV i 2012. Men tilskot til dokumentar går òg over TV-produksjonar, enkeltstående, slik at dokumentarar har fått tilskot i 2012, berre ikkje seriar. ⁵ Fom. 2020 førar ikkje NFI lengre dokumentarseriar separat og tal vil difor ikkje førekome innan denne grupperinga.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

Tabell 11.5. Besøk på kino siste 12 månader, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. Del av befolkninga og gjennomsnittleg tal besøk

	Prosent										Tal besøk i gjennomsnitt									
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020		
Prosentdel, alle	67	73	69	71	72	75	76	75	67	3,0	3,4	3,1	2,9	2,8	3,0	3,0	4,2	2,3		
Menn	67	71	68	71	72	73	76	76	65	3,1	3,4	3,5	3,0	2,8	3,0	3,1	4,1	2,4		
Kvinner	66	74	70	71	72	78	76	75	69	2,9	3,3	2,8	2,8	2,7	3,1	2,8	4,3	2,2		
Alder																				
9-15 år	86	91	93	89	89	93	92	89	87	3,8	4,1	4,0	3,9	3,5	4,1	3,6	4,0	2,8		
16-24 år	91	94	91	95	90	93	91	92	86	5,7	6,1	6,4	5,2	4,3	5,0	4,8	4,1	3,9		
25-44 år	74	81	79	80	81	85	84	82	74	3,5	3,6	3,4	3,1	3,3	3,7	3,4	3,5	2,4		
45-66 år	55	60	53	58	62	64	68	68	57	1,9	2,4	1,6	1,9	2,1	1,8	2,1	2,6	1,8		
67-79 år	32	41	31	27	40	40	44	42	32	0,9	1,3	1,0	0,7	1,2	1,1	1,2	1,7	1,0		
Utdanning																				
Grunnskule	52	61	58	61	66	70	72	72	63	2,6	2,9	4,0	2,9	2,9	3,1	3,1	2,8	2,5		
Vidaregåande skule	62	65	61	62	63	66	69	65	55	2,7	3,0	2,6	2,4	2,2	2,4	2,5	2,5	1,8		
Universitet/høgskule, kort	72	81	75	79	78	80	80	79	74	3,3	3,4	3,1	3,0	3,0	3,3	3,1	3,6	2,4		
Universitet/høgskule, lang	74	79	78	82	81	83	83	84	69	3,4	4,4	3,2	3,2	3,2	3,6	2,8	3,7	2,7		
Yrkesstatus (16-79 år)¹																				
Yrkesgruppe 1-2	75	82	78	83	80	81	84	85	73	2,9	3,8	3,1	3,1	3,2	3,1	3,1	3,5	2,4		
Yrkesgruppe 3	75	82	79	72	82	83	80	82	72	3,7	3,6	3,3	3,1	2,6	3,6	3,1	3,4	2,5		
Yrkesgruppe 4-5	75	73	70	73	72	81	81	80	67	3,5	3,6	3,8	3,1	3,0	3,2	3,2	3,4	2,8		
Yrkesgruppe 6-9	62	66	65	66	66	71	68	68	61	2,9	2,9	3,1	2,3	2,4	3,0	2,5	2,4	2,3		
Elevar og studentar	91	91	93	92	92	95	89	91	90	5,4	5,3	5,5	5,1	4,5	5,0	4,5	3,9	3,9		
Pensjonistar ²	33	40	30	29	43	41	44	43	91	1,0	1,6	0,8	0,7	1,4	1,1	1,1	1,8	0,9		
Heimearbeidande ³	59	63	59	79	54	1,9	3,7	2,2	2,9	1,4		
Landsdel⁴																				
Oslo og Viken	71	81	80	81	76	82	78	80	69	3,8	4,0	3,9	3,7	3,4	3,5	3,3	3,4	2,5		
Innlandet	63	67	63	68	68	70	72	73	63	2,6	3,2	2,5	2,6	2,4	2,6	2,9	2,8	2,2		
Agder og Sør-Austlandet	71	73	69	70	76	74	77	80	61	3,3	3,2	2,9	3,0	3,0	2,9	2,7	3,8	1,8		
Vestlandet	65	70	68	65	71	73	74	71	68	2,8	3,2	2,9	2,5	2,5	3,1	2,5	2,7	2,2		
Trøndelag	67	75	69	72	71	81	85	75	62	2,7	3,4	3,3	2,9	2,5	3,1	3,3	3,2	2,3		
Nord-Noreg	62	70	61	65	64	73	73	72	69	2,8	2,9	3,9	2,3	2,6	3,3	3,1	3,3	2,6		

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kapittel 9.6. ² Omfattar personar med førtidspensjon, alderspensjon, attlevandepensjon, uføretrygd og overgangsstønad til einslege forsørgjarar. ³ Tal for heimearbeidande er ikkje blitt publisert i Mediebarometeret fom. 2017.

⁴ I samanheng med fylkesendringane i 2018 og 2019 blei òg den 5-delte landsinndelinga endra. Tala for «Oslo og Viken» inneheld før 2020 tala for «Oslo og Akershus», «Innlandet» for «Austlandet elles» og «Agder og Sør-Austlandet» inneheld tal for «Agder og Rogaland» før 2020. Tala før og etter 2020 er difor ikkje fullt ut samanliknbare.

Kjelde: Norsk mediebarometer, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 11.6. Statlege tilskot til regionale filmsenter og filmfond. 1 000 kr

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020 ⁸
Filmsenter												
I alt	26 796	26 796	31 796	41 243	42 951	46 081	47 601	49 671	54 620	55 776	57 055	74 734
Nordnorsk filmsenter ¹	8 217	8 217	8 217	8 217	8 200	8 200	8 236	9 446	9 627	9 322	8 771	11 451
Vestnorsk filmsenter	6 479	6 479	7 229	8 267	8 200	8 596	9 970	10 250	10 668	10 792	11 462	13 941
Midtnorsk filmsenter	4 000	4 000	4 750	4 750	5 000	5 000	5 430	5 977	5 669	5 938	6 311	8 417
Østnorsk filmsenter	2 000	2 000	2 000	3 872	4 000	4 000	3 698	4 352	4 351	4 194	4 488	6 107
Filmkraft Rogaland filmsenter	2 000	2 000	3 500	4 757	4 700	4 700	4 589	5 030	6 223	7 460	7 029	9 847
Sørnorsk filmsenter	2 000	2 000	3 000	4 517	4 500	4 500	4 134	4 985	4 827	4 702	5 967	9 625
Viken filmsenter ²	.	.	.	4 100	5 300	7 927	8 282	9 631	13 255	13 368	13 028	15 313
Mediefabrikken i Akershus ³	600	600	600
Internasjonalt samisk filmsenter (ISF) ⁶	1 500	1 500	2 500	2 763	3 051	3 158	3 262
Filmfond⁴												
I alt	10 500	10 500	10 500	10 500	10 500	10 867	11 226	20 001	20 229	20 775	23 300	33 835
Film3	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 588	2 673
FUZZ	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 588	3 175
Filminvest Midt-Noreg ⁵	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 035	1 569
Filmkraft Invest	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 068	2 136
FilmCamp	2 500	2 500	2 500	2 500	1 600	2 588	1 673
Ikkje fordelt	0	5 000	4 011	0	900	0	0	0	0	0	0	0
Filminvest as ⁷	5 544	6 250	6 155	8 579	11 708
Mediefondet Zefyr	9 570	9 255	9 988	10 221	17 529
Filmfond Nord	4 887	4 794	4 632	4 500	4 598

¹ Nordnorsk filmsenter fekk som einaste regionale filmverksemd tilskot til drift fram til 2009, fordi filmsenteret hadde status som knutepunktinstitusjon.

² Viken filmsenter vart etablert 2011 og skal dekke fylka Vestfold, Buskerud, Østfold og Akershus. ³ Akershus vert dekt av Viken filmsenter. ⁴ Filmfonda er endra frå 2016 då dei vart konsolidert frå fem til tre nye store filmfond. ⁵ Filminvest Midt-Noreg het Midtnorsk Invest til 2013. ⁶ ISF fekk frå 2016 midlar direkte frå Kulturdepartementet, og inngår frå det tidspunkt av, ikkje lengre i NFIs tal. ⁷ Film3 og Filminvest Midt-Noreg ble konsolidert til Filminvest i 2016. ⁸ 9 millionar av tilskota til filmsentra i 2020 var kompensasjons- og stimulansemidlar i samband med koronasituasjonen.

Kjelde: Kulturdepartementet og Norsk filmfond/Norsk filminstitut.

Tabell 11.7. Avgiftsinntekt til Norsk kino- og filmfond og Medietilsynet. Fondsavgift fordelt på kino og video¹ 1 000 kr

	I alt	Fondsavgift	
		Kino	Video
2000 ¹	37 042	16 519	20 523
2001	40 613	16 113	24 499
2002	46 615	17 591	29 023
2003	56 094	18 681	37 413
2004	72 191	20 938	51 254
2005	80 374	17 985	62 389
2006	85 466	19 787	65 679
2007	95 100	19 486	75 613
2008	89 613	19 491	70 122
2009	89 872	23 008	66 865
2010	81 595	22 669	58 925
2011	78 179	24 124	54 055
2012	71 867	24 123	47 745
2013	57 742	24 185	33 556
2014	48 161	26 052	22 109
2015	43 226	26 765	16 461
2016	34 127	21 625	12 502
2017	38 427	29 761	8 666
2018	36 753	29 723	7 030
2019	32 644	28 880	3 764
2020	17 040	15 473	1 567

¹ Frå år 2000 er avgifta for kinoframsyingar 2,5 prosent av brutto omsetning billetter, medan avgifta for video er på 3,50 kroner per selde eining. Dette ifølgje NOU 2001:5 Kino i en ny tid. Video til utleige har berre avgift ein gong.

Kjelde: Norsk Filmfond/Norsk Filminstitut og Medietilsynet.

12. Lyd, video og allmennkringkasting

12.1. Nokre resultat


I dette kapittelet vert det presentert tal for diverse lyd- og videomedium, samt radio og TV, med fokus på dei radio- og TV-kanalane som har status som allmennkringkastarar. Internett vart nemnt i samband med lesing av aviser i kapittel 10 «Aviser, vekepresse og fagpresse», men vil òg verte omtala i dette kapittelet fordi internett vert brukt til lyd- og videomedium, til dømes for å strøyme filmar og høyre på nettradio. Dette kapittelet dekkjer rikskringkasta fjernsyn og radio særskild.

Nettbaserte medium tar over

Framveksten av nettbaserte medium og strøymetenester har ført til endringar i befolkningas mediebruk dei siste åra. Den klare tendensen er at bruken av tradisjonelle medium har gått ned, medan bruken av nettbaserte medium har auka frå år til år. Ein kan seie at byrjinga av 2010-åra var vendepunktet.

Ei viktig forklaring på denne utviklinga er auka tilgang og større omfang av medietilbod over internett, blant anna gjennom strøymetenester. I følgje tal frå Norsk mediebarometer 2020 (SSB 2021) brukar ni av ti personar i alderen 9-79 år internett ein gjennomsnittsdag.

Figur 12.1. Personar som har brukt ulike massemedium ein gjennomsnittsdag. Prosent



¹ Frå og med 2012 er betalte strøymetenester som Netflix omfatta av videomedium.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Norsk mediebarometer 2020.

Den langsiktige trenden for lydmedium har vore fallande sidan 2000, men gjekk opp att dei siste fire åra. Oppgangen dei siste åra skyldast i hovudsak auke blant dei som nyttar nettbaserte lydmedium.

2020 er det første året kor ein større del av befolkninga nytta videomedium (inkludert betalte strøymetenester) enn fjernsyn.

12.2. Bruk av lyd- og videomedium

Større del strøymde nettfiler

I statistikken for lydmedium inngår både gamle og nye plattformar: Strøymde lydfiler over internett, lydfiler lasta ned frå internett, vinylplater, CD- og MP3-spelarar. Som i dei siste åra, auka bruken av strøymde lyd- og videofiler over internett i 2020. Samstundes gjekk bruken av andre plattformar enten ned eller heldt seg stabil på eit lågt nivå, sjå tabellane 12.1 og 12.2.

Delen lyttarar som lytta til platespelar, MP3-spelar og lydfil på PC ein gjennomsnittsdag heldt seg stabil på høvesvis 2, 3 og 13 prosent frå 2019 til 2020. Dei største endringane var i delen lyttarar som lytta til strøymd nettfil og nedlasta nettfil. Delen lyttarar til strøymd nettfil auka med 7 prosentpoeng, medan delen som lytta til nedlasta nettfil gjekk ned med 5 prosentpoeng.

Delen som lytta til lydfil på smarttelefon ein gjennomsnittsdag auka frå 82 prosent i 2019 til 88 prosent i 2020 og utgjorde dermed framleis den største delen blant lyttarar til ulike avspelingssystem, sjå tabell 12.1.


Fleire bruker videomedium

I 2010 såg 13 prosent av befolkninga på videomedium ein gjennomsnittsdag. I 2019 såg 43 prosent av befolkninga videomedium, medan i 2020 auka denne delen til 51 prosent, ein auke på heile 38 prosentpoeng frå 2010 og 8 prosentpoeng frå året før. Auken dei siste åra i delen som bruker videomedium skyldast først og fremst auke i delen som bruker nettbaserte videomedium.

Bruken av dei tradisjonelle videomedia har gått kraftig ned dei siste åra. Delen brukarar av videomedium som hadde sett på DVD/Bluray ein gjennomsnittsdag var 58 prosent i 2010. Tilsvarande del var berre 4 prosent i 2020, ein nedgang på 54 prosentpoeng i perioden 2010-2020, sjå tabell 12.2.

Delen brukarar som strøymde betalt nettfil gjekk opp med 2 prosentpoeng frå 63 prosent i 2019 til 65 prosent i 2020, sjå tabell 12.2 og figur 12.2. Den største oppgangen i bruken av videomedium var i bruken av harddiskopptakar. 22 prosent av dei som brukte videomedium i 2020 brukte harddiskopptakar, ein auke på 10 prosentpoeng frå året før. 55 prosent av befolkninga strøymde arkivprogram. Arkivprogram kan til dømes vere program som ligg ute på NRK TV sine nettsider (NRK Nett-TV).

Figur 12.2. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag, 2020. Prosent



¹ Omfattar òg program som er vist same dag.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Norsk mediebarometer 2020.

Tala i statistikken for videomedium gjeld både DVD/Blu-ray, harddiskopptakarar og filmfiler, anten lasta ned frå internett eller strøymde via internett og betalte for. Dei betalte strøymetenestene, som til dømes Netflix, vart inkluderte i videomedium frå og med 2012. Sidan den gongen har bruken av strøymde betalte nettfiler auka

mogelegvis på kostnad av tradisjonelle medium som til dømes DVD og harddisk-opptakarar.

På ein gjennomsnittsdag i 2020 var det 66 prosent av mennene og 64 prosent av kvinnene som såg på strøymde betalte nettfiler. I aldersgruppa 16-24 år finn vi flest brukarar av strøymde nettfiler der 82 prosent strøymde betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag. Lågast del finn vi i aldersgruppa 67-79 år kor 25 prosent brukte strøymde betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag.

12.3. Allmennkringkastarane: Radio og fjernsyn

*Allmennkringkastarar
i 2020*

2018 var det einaste året sidan starten av 1990-åra med berre NRK som allmennkringkastar i Noreg. Hausten 2018 inngjekk TV 2 ein femårig avtale med staten om å levere kommersielle allmennkringkastingstenester på TV frå 1. januar 2019 til 23. desember 2023. Både i 2019 og 2020 var det norske allmennkringkastingstilbodet dermed levert av NRK og TV 2.

2019 var det siste året NRK blei finansiert gjennom ei kringkastingsavgift der NRK sjølv administrerte innkrevjing av avgifta. Stortinget slutta seg til forslaget til regjeringa i *Mediestøttemeldinga* (Kulturdepartementet, 2019) om å avvikle kringkastingsavgifta frå 1. januar 2020. Frå same tidspunkt blir NRK finansiert gjennom ei løyving over statsbudsjettet (Medietilsynet, 2020).

Allmennkringkastarane skal sikre eit mangfaldig radio- og fjernsynstilbod, og kanalane skal mellom anna kunne takast inn av heile befolkninga. Dei skal òg ta vare på interessene til både breie og smale grupper, og bidra til å styrkje norsk språk, kultur og identitet. Allmennkringkasting skal ha som føremål å fylle ei demokratisk, kulturell og sosial rolle i samfunnet.

12.4. Radio

2017 var det siste året med allmennkringkastingskrav til kommersielle radioaktørar. Ingen kommersielle radiokanalar hadde konsesjon som allmennkringkastar i Noreg i 2020. NRK har rapportert programstatistikk til Medietilsynet for radiokanalane NRK P1, NRK P2 og NRK P3.

Dei tre NRK-kanalane NRK P1, NRK P2 og NRK P3 sende radio i om lag 26 300 timar. NRK har fleire radiokanalar i tillegg til dei tre kanalane som inngår i statistikken, og formidlar difor vesentleg fleire timar med radioinnhald enn det tabellane viser. Tematisk og sjangermessig er òg breidda større enn det som kjem fram i tabellane.

*NRK P1 brukar 41 prosent
av sendetida til
underhaldning*

Programtypen som hadde størst del av sendetida i NRK P1 i 2020 var underhaldning, med 41 prosent av sendetida. Musikkprogramma hadde 27 prosent av sendetida, og regionale sendingar hadde 17 prosent.

Programtypen samfunns spørsmål utgjorde berre 3 prosent av sendetida til NRK P1 i 2020, mot 12 prosent i 2019 (sjå tabell 12.3). I følgje *Allmennkringkastingsrapporten for NRK* (Medietilsynet, 2021a) skuldast nedgangen på 7 prosent at talet på nyheitstimar vart meir enn dobla. I tillegg har det vore ei omlegging der og underhaldningsprogram har erstatta tidlegare samfunnsprogram.

NRK P2 brukte 32 prosent av sendetida si på samfunns spørsmål i 2020. Nyhende hadde den nest største sendeflata med 25 prosent. Vidare finn vi kunst, kultur og media med 13 prosent. Til samanlikning hadde samfunns spørsmål 28, nyhende 24 og kunst, kultur og media 16 prosent av sendeflata i 2019, sjå tabell 12.4.


NRK P3 spelte musikk i overkant av 6 700 timar i 2020, noko som utgjorde så mykje som 77 prosent av sendetida i kanalen. Den andre store kategorien var underhaldning med omlag 1 700 timar, tilsvarande 19 prosent av sendetida, sjå tabell 12.5.

49 prosent
lyttar på radio

Etter mange år med nedgang, auka delen radiolyttarar for første gang i 2010. Lyttardelen nådde sin topp i 2014, då hadde 64 prosent av befolkninga lytta på radio ein gjennomsnittsdag. Denne oppgangen varte ikkje lenge. Lyttardelen gjekk ned igjen i åra som kom. I 2020 var delen på 49 prosent, 15 prosentpoeng lågare enn toppåret 2014. Nedgangen kan ha samanheng med auka konkurranse frå andre lydmedium, til dømes strøyming av musikk, podkast og lydbøker.

Figur 12.3 viser kor stor del av befolkninga som lytta til ulike radiokanalar i 2020. NRK P1 er framleis kanalen med størst oppslutning, med ein dagleg lyttardel på 15 prosent av befolkninga. P4 er den nest mest populære kanalen, med ei oppslutning på 11 prosent. 5 prosent oppgav at dei lytta til lokalradio ein gjennomsnittsdag (SSB 2021).

Figur 12.3. Radiolytting for personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent. 2020



Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Norsk mediebarometer 2020.

Tal frå mediebruksundersøkingane gjennom tidene viser at ein større del eldre enn unge lyttar på radio. Koronaåret 2020 var ikkje noko unntak. I aldersgruppene 67-79 år og 45-66 år lytta høvesvis 64 og 63 prosent på radio, medan same del var på 29 prosent i aldersgruppa 9-15 år og 27 prosent i aldersgruppen 16-24 år, sjå tabell 12.9.

Vi manglar diverre tal for tid brukt til radiolytting i 2020. For meir info sjå Norsk mediebarometer 2020 (SSB 2021).

12.5. Fjernsyn

Bruk av lineær-TV held seg
uendra

Digitaliseringa av fjernsynssendingane inneber at meir og meir av fjernsynbruken vert strøyma over internett. Det gjer at ein ikkje er «avhengig» av å sjå fjernsynssendingane direkte til ei bestemt tid. Difor har tradisjonell lineær fjernsynsjåing hatt ein til dels sterk nedgang dei siste åra. Konkurransen frå andre typar medium (til dømes strøymetenester) er ein annan grunn til denne nedgangen. Medan 60 prosent såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag i 2018, var det berre 48 prosent som

gjorde det same både i 2019 og 2020, jamfør figur 12.1. Det vil seie at over halvparten av befolkninga ikkje ser på direktesendt TV.

Mange av programma som er tilgjengelege på TV, er òg tilgjengelege digitalt på nett. Ein lågare del fjernsynsjåing tyder difor ikkje nødvendigvis på lågare interesse for program og fjernsynsseriar. Det viser derimot ein noko lågare bruk av lineær-TV som plattform.

NRK hadde meir enn 23 600 timar med TV-sending

NRK sende meir enn 23 600 timar fjernsyn i 2020, sjå tabell 12.6. På dei ulike kanalane er programtilbodet noko ulikt. NRK Super sender berre barneprogram og desse vert klassifiserte i ulike kategoriar. NRK har òg eit kontinuerleg oppdatert tilbod på nett (nrk.no/tv).

Tal frå Allmennkringkastingsrapporten viser at NRK1, NRK2 og NRK3 til saman hadde meir enn 18 300 timar fjernsyn i 2020. I 2019 utgjorde drama den største delen av programtilbodet, med 21 prosent. Dette endra seg i 2020, kor nyhende var den største delen med 22 prosent. Nyhende utgjorde 16 prosent av sendetida i 2019. Ei forklaring på auka for nyhende i 2020 kan være utbrotet av covid-19 og befolkninga sitt behov for informasjon om pandemien.

NRK1 hadde 8 107 riksdekkjande sendetimar i 2020. Av dei inneheldt 37 prosent nyhende i 2020, mot 15 prosent i 2019. Drama utgjorde 16 prosent og fritid/hobby/livsstil utgjorde 14 prosent. Delen underhaldning utgjorde 7 prosent av programtilbodet på NRK1.

Av NRK2 sine 7 524 sendetimar vart det derimot sendt meir drama og generell fakta/samfunn, begge med 16 prosent. Sendetimane inneheldt 14 prosent nyhende, 9 prosentpoeng lågare enn i 2019. At delen nyhende i NRK1 gjekk opp med 22 prosentpoeng medan delen nyhende i NRK2 gjekk ned med 9 prosentpoeng i 2020 samanlikna med 2019, kan sjåast i samanheng med fleire ekstra nyhendesendingar og pressekonferansar på NRK1 i koronaåret 2020.

Som tidlegare år delte NRK3 og NRK Super sendetida i 2020 med høvesvis 2 704 og 5 285 timar. Som nemnt tidlegare, var drama den største kategorien med 51 prosent av sendetida på NRK3.


For NRK Super utgjorde animasjon 59 prosent og drama 18 prosent i 2020, høvesvis 2 prosentpoeng oppgang og 6 prosentpoeng nedgang samanlikna med året før. Underhaldning utgjorde 14 prosent og dokumentarar 5 prosent av sendetida til NRK Super i 2020 (Medietilsynet 2021a).

I følgje tal frå *Allmennkringkastingsrapporten for TV 2* (Medietilsynet, 2021b) hadde TV 2 6 468 sendetimar på sin hovudkanal i 2020. Av dei inneheldt 33 prosent drama og 26 prosent underhaldning, medan informasjon og samfunnsstoff utgjorde 24 prosent, sjå tabell 12.7.

Dei fleste ser på NRK1 og TV 2

NRK1 og TV 2 hadde den største sjåardelen med høvesvis 32 og 21 prosent ein gjennomsnittsdag i 2020. Dette var ein oppgang for NRK1 på 4 prosentpoeng, medan det var ein nedgang for TV2 på 2 prosentpoeng samanlikna med året før.

4 prosent av befolkninga såg på NRK2 ein gjennomsnittsdag i 2020, ein oppgang på 1 prosentpoeng frå 2019. Delen i befolkninga som såg på TV Norge var på 6 prosent, samstundes såg 2 prosent på TV2 Nyhetskanalen. Sjø figur 12.4 og tabell 12.9 for alle kanalane vi har tal for.

Figur 12.4. Fjernsynssjåing for personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjøardelar i prosent

¹ Gjeld frå september 2007.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Norsk mediebarometer 2020.

På ein gjennomsnittsdag i 2020 såg 47 prosent av mennene og 49 prosent av kvinnene på fjernsyn. I dei eldre aldersgruppene finn vi ein større del som ser fjernsyn. Blant dei i alderen 67-79 år såg heile 75 prosent på fjernsyn ein gjennomsnittsdag. Ei forklaring er at yngre aldersgrupper ofte ser fjernsynsprogram på anna vis enn på lineær-TV. I tillegg kan det tenkjast at dei i eldre aldersgrupper har betre tid samanlikna med mange i yngre aldersgrupper. Aldersgruppa 16-24 år hadde lågast del som såg fjernsyn, med 37 prosent, sjå tabell 12.11.

Av dei i befolkninga med grunnskole som høgaste utdanningsnivå var det 37 prosent som såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag i 2020, 4 prosentpoeng lågare enn i 2019. Av dei som hadde meir enn fire års universitets/høgskoleutdanning var det 50 prosent som såg på fjernsyn, 5 prosentpoeng høgare enn i 2019.

Vi har diverre ikkje tal for tid brukt til fjernsynssjåing i 2020. For meir info sjå Norsk [mediebarometer 2020 \(SSB 2021\)](#).

12.6. Kringkastingskrav

Målform i radio og fjernsyn


I følgje *Allmennkringkastingsrapporten for NRK 2020* (Medietilsynet 2021a: 76-77) opplyser NRK at det i 2020 vart igangsett eit systematisk arbeid for å oppfylle nynorskkravet på alle plattformer. Dette arbeidet vart råka av koronapandemien og det fekk store konsekvensar for arbeidet.

I 2020 var den totale nynorskandelen i NRK på 24 prosent, ein nedgang på eit prosentpoeng frå 25 prosent i 2019. Delen nynorsk var i gjennomsnitt 27 prosent på tv, ein auke frå 26 prosent i 2020. På radio var gjennomsnittet 22 prosent, ein nedgang frå 26 prosent i 2019 og under kravet til nynorskdelen. På nett var det i 2019 for første gong ein auke frå 16 prosent til 18 prosent, mens delen i 2020 falt til 17 prosent.

I 2020 hadde NRK2 den høgaste delen nynorsk med 31 prosent, ein auke på om lag 4 prosentpoeng frå året før. NRK Super hadde ein tilsvarende auke, frå 26 prosent i 2019 til 30 prosent i 2020. For NRK1 gjekk delen nynorsk ned frå 24 prosent i 2019 til 22 prosent i 2020, medan delen på NRK3 heldt seg stabil.

På radio hadde NRK P1 den høgaste delen med 29 prosent, medan NRK P2 og NRK P3 hadde høvesvis 18 prosent og 21 prosent nynorsk. For NRK P3 var nedgangen på om lag 8 prosentpoeng frå 2019. Nynorskdelen på nrk.no falt frå 18 prosent i 2019 til 17 prosent i 2020.

Figur 12.5. Prosentdel nynorsk¹ i programtilbodet på NRKs TV- og radiokanalar²



¹ Delen nynorsk på TV og radio inkluderer all normert nynorsk, og halvparten av dialektdelen. ² Kanalar som er allmennkringkastarar.

Kjelde: Medietilsynet: Allmennkringkastingsrapporten 2020.

Kanalane har òg ein del som går inn under kategorien dialekt. Når NRK rapporterer nynorskdelen til Medietilsynet inkluderer tala all normert nynorsk samt halvparten av dialektdelen. I 2020 var 32 prosent av sendetida på radio og 17 prosent av sendetida på TV dialekt. Det vil seie at dialektdelen på radio heldt seg stabil, medan dialektdelen på tv auka med 2 prosentpoeng, sjå tabell 12.8.

NRK oppfyller kravet for norsk musikk

NRK har frå 2018 auka kravet om at 35 prosent av musikken som spelast i NRK P1, P2 og P3 skal vere norsk, til 40 prosent. NRK oppfylte dette kravet i 2020 og leverte godt over kravet om 40 prosent. NRK P1 spelte 56 prosent, medan NRK P2 og NRK p3 spelte høvesvis 43 og 58 prosent norsk musikk. Det vil seie at godt over 50 prosent av musikken i NRK P1 og NRK p3 dermed var norsk i 2020.

TV 2 oppfyller konsesjonskrava

I avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstenester mellom staten og TV2, er det eit krav at minst 50 prosent av programma vere norskspråklege og at begge dei offisielle målformene skal nyttast. Delen norskspråklege program på TV 2 var på 58 prosent i 2020, 8 prosent meir enn kravet. TV 2 oppfylte òg kravet til målveksling ved at begge dei offisielle målformene er nytta i 2020 (Medietilsynet 2021b).

12.7. Om statistikken

Allmennkringkasting

Nokre av dei sentrale prinsippa som ligg til grunn for allmennkringkastinga er:

- Sendingane skal kunne takast inn av heile befolkninga.
- Sendingane skal innehalde ein variert programmeny med program for så vel breie som smale lyttar- og sjåargrupper, under dette born og unge, den samiske befolkningsgruppa, etniske og andre minoritetar.
- Det skal vere daglege nyheitssendingar og solid, jamleg orientering om viktige samfunns- og kulturspørsmål, nasjonalt og internasjonalt.

- Allmennkringkastingsprogramma skal medverke til å styrkje norsk språk, identitet og kultur.
- Allmennkringkastingskanalane skal ha redaksjonelt sjølvstende.

Medietilsynet

I 2020 var NRK og TV 2 dei to allmennkringkastarane i Noreg. Etter kringkastingslova (Kringkastingslova § 2-13) er Medietilsynet pålagt å utarbeide ein årleg allmennkringkastingsrapport: «Medietilsynet skal utarbeide en årlig rapport om kringkasteres oppfyllelse av allmennkringkastingsforpliktelser. Medietilsynet kan ikke instrueres av Kongen eller departementet ved utarbeidelsen av slik allmennkringkastingsrapport». Medietilsynet har dermed som oppdrag å føre tilsyn med i kva grad allmennkringkastarane oppfyller allmennkringkastingspliktene sine. Tilsynet tek utgangspunkt i mellom anna allmennkringkastingsrekneskapane til dei respektive aktørane.

Medietilsynet fører òg tilsyn med andre område innanfor kringkasting, til dømes reklame og sponing, vern av born og unge, med meir. Dei har styresmakt når det gjeld konsesjonar og registreringar for lokalkringkasting og annan type kringkasting.

I tillegg har Medietilsynet ei rolle når det gjeld å innhente og systematisere informasjon om eigartilhøve i media, for å medverke til å skape meir oversikt, merksemd og kunnskap om eigarforholda i norske media med heimel i lov om å vere open om eigarskap i media.

Medietilsynet legg fram årlege rapportar om status og utvikling i det norske mediemangfaldet. Rapportane presenterer mangfaldet av medietilbydarar, breidda i innhaldstilbodet som media tilbyr, og mediebruket til befolkninga.

Mediebruksundersøkingane

Tala som omhandlar bruken av radio og fjernsyn, samt lyd- og videomedia, er henta frå Norsk mediebarometer 2020. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av massemedium. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga på om lag 1 700 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike massemedium.

Talet på fjernsynssjåing som er henta frå Norsk mediebarometer inkluderer sjåarar både på lineær- og direktesendt nett-TV.

Det er nytta kjennemerke for yrkesstatus og utdanning i tabellane 12.1, 12.2, 12.9, 12.10 og 12.11. Sjå delkapittel 9.6 for definisjonar av desse kjennemerka.

Referansar

Kringkastingslova. Lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester (LOV-1992-12-04-127). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-127>

Medietilsynet (2020). *Allmennkringkastingsrapporten 2019*. Henta frå https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/allmennkringkasting/2019_allmennkringkastingsrapporten_tv-2-og-nrk.pdf

Medietilsynet (2021a). *Allmennkringkastingsrapporten for NRK 2020*. Henta frå https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/allmennkringkastingsrapporter/allmennkringkasting2020_nrk.pdf

Medietilsynet (2021b). *Allmennkringkastingsrapporten for TV2 2020*. Henta frå https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/allmennkringkastingsrapporter/allmennkringkasting_tv2_2020.pdf

Statistisk sentralbyrå (2021). Norsk mediebarometer 2020. *Statistiske analyser 2021(166)*. <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/attachment/452390?ts=17912355278>

Meir informasjon

Medienorge: <http://www.medienorge.uib.no>

Radioplay: <http://www.radioplayernorge.no/>

Tabell 12.1. Delen lyttarar som har lytta til ulike avspelingssystem ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. 2007-2020. Prosent

	CD-spelar	Plate-spelar	MP3-spelar	Lydfil på PC	Lydfil på smart-telefon	Lydfil på nettbrett	Nedlasta nettfil	Strøymt nettfil	Lydbok	Podkast
2007	64	4	35	40
2008	65	4	37	44	.	.	18	.	4	.
2009	56	3	42	43	.	.	43	.	5	.
2010	52	2	51	48	.	.	59	.	5	.
2011	47	2	53	50	.	.	51	35	4	.
2012	36	2	46	40	38	10	43	48	5	.
2013	34	1	43	38	50	14	42	55	5	.
2014	28	2	36	35	56	15	35	60	5	.
2015	22	2	24	26	71	13	31	68	5	.
2016	12	4	22	27	75	18	37	70	4	6
2017	11	3	5	16	76	8	31	70	6	13
2018	8	2	5	13	80	6	29	71	5	16
2019	8	2	3	13	82	8	25	71	8	25
2020	6	2	3	13	88	5	20	78	6	21
2020										
Kjønn										
Menn	6	3	3	15	88	5	20	80	4	21
Kvinner	5	1	3	10	88	5	21	76	8	21
Alder										
9-15 år										
16-24 år	3	1	2	9	92	10	26	87	3	8
25-44 år	2	1	3	19	95	2	24	94	3	24
45-66 år	3	2	3	11	93	4	16	77	8	30
67-79 år	10	3	2	12	78	8	21	64	9	15
Utdanning										
Grunnskule	43	2	5	10	40	2	14	36	4	2
Vidaregåande skule										
Universitet/høgskule, kort	6	2	6	18	84	5	26	78	7	19
Universitet/høgskule, lang	9	3	2	14	86	3	17	79	4	22
Landsdel										
Oslo og Viken	5	2	3	12	88	6	18	72	7	26
Innlandet	6	0	1	8	90	4	20	77	13	26
Agder og Sør-Austlandet										
Vestlandet	5	2	2	14	88	6	21	76	5	23
Trøndelag	2	0	2	20	85	6	24	79	3	15
Nord-Noreg	7	0	1	8	90	3	18	79	8	27

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.2. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. 2007-2020. Prosent

	DVD/ Bluray	Harddisk- opptakar	Nedlasta nettfil	Strøymt betalt nettfil ¹	Strøymde arkivprogram ²
2007	76	17
2008	56	18
2009	52	23	42
2010	58	31	23
2011	46	38	29
2012	49	30	25	11	..
2013	23	34	19	42	..
2014	19	21	11	60	..
2015	16	19	13	65	..
2016	6	11	9	70	27
2017	6	18	14	58	52
2018	6	15	15	62	50
2019	3	10	16	63	59
2020	4	22	12	65	55
2020					
Kjønn					
Menn	5	20	11	66	56
Kvinner	4	25	12	64	53
Alder					
9-15 år	4	15	15	68	49
16-24 år	3	10	12	82	65
25-44 år	4	17	10	65	58
45-66 år	6	35	13	56	52
67-79 år	5	60	5	27	25
Utdanning					
Grunnskule	6	20	16	70	56
Vidaregåande skule	4	20	10	63	55
Universitet/høgskule, kort	5	29	10	63	54
Universitet/høgskule, lang	5	26	8	59	66
Landsdel³					
Oslo og Viken	5	22	11	65	53
Innlandet	1	24	14	58	64
Agder og Sør-Austlandet	4	26	11	71	59
Vestlandet	5	18	12	64	51
Trøndelag	6	24	12	62	55
Nord-Noreg	2	26	14	63	61

¹ Inkluderer Netflix. ² Omfattar program som er vist same dag. Frå 2017 inkluderer dette òg program som ikkje vart vist på fjernsyn same dag. ³ Inndelinga av landsdel før 2020 er som følgjande: Oslo og Akershus, Austlandet elles, Agder og Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dermed er 2020- tal for Oslo og Viken, Innlandet og Agder og Sør-Austlandet ikkje samanliknbare med tidlegare år.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.3. NRK P1¹. Sendetid, etter programtype

	2014		2015		2016		2017		2018		2019		2020	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
I alt	8 760	100	8 760	100	8 760	100	8 760	100	8 760	100	8 760	100	8 760	100
Drama	70	1	80	1	71	1	2	0	2	-	7	0,1	3	0
Musikk	1 942	22	1 897	22	1 766	20	2 244	26	2 268	26	2 536	29	2 376	27
Underhaldning	3 126	36	3 256	37	3 123	36	3 492	40	3 478	40	2 810	32	3 599	41
Religion og livsfilosofi	184	2	168	2	238	3	246	3	310	4	251	3	247	3
Samfunnsspørsmål	873	10	869	10	863	10	412	5	381	4	1 030	12	219	3
Nyhende	730	8	684	8	708	8	727	8	672	8	145	2	383	4
Portrett	65	1	46	1	69	1	-	-	-	-	21	0,2	10	0,1
Regionale sendingar	1 328	15	1 404	16	1 264	14	1 271	15	1 306	15	1 513	17	1 488	17
Sport	314	4	254	3	371	4	271	3	226	3	64	1	100	1
Andre program	70	1	6	0	182	1	-	-	119	1	384	4	336	4

¹ Talet på timar heile døgnet. 24 timar i 365 dagar gjev 8 760 timar.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2020.

Tabell 12.4. NRK P2. Sendetid etter programtype

	2014		2015		2016		2017		2018		2019		2020	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
I alt	8 760	100	8 760	100	8 755	100	8 760	100	8 762	100	8 761	100	8 760	100
Drama	224	3	219	3	177	2	234	3	245	3	25	0,3	12	0
Musikk	3 520	40	3 334	38	3 123	36	3 055	35	1 527	17	907	10	866	10
Kunst, kultur, media	1 661	19	1 932	22	2 001	23	1 704	20	2 233	26	1 361	16	1 109	13
Underholdning	77	1	59	1	38	0	57	0,7	-	-	61	1	27	0
Vitskap	192	2	160	2	172	2	223	2	222	3	185	2	136	2
Religion og livsfilosofi	101	1	99	1	91	1	309	4	533	6	621	7	272	3
Samfunnsspørsmål	1 957	22	2 090	24	2 136	24	2 181	25	2 548	29	2 444	28	2 835	32
Nyhende	621	7	631	7	632	7	709	9	1 087	12	2 121	24	2 173	25
Portrett	125	1	107	1	62	1	173	2	199	2	588	7	930	11
Regionale sendingar inkl. Såmi Radio	101	1	108	1	92	1	22	0,3	-	-	5	0,1	43	1
Andre program	181	2	21	0	220	2	52	0,6	168	2	443	5	357	4

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten for NRK 2020.

Tabell 12.5. NRK P3. Sendetid¹, etter programtype

	2014		2015		2016		2017		2018		2019		2020	
	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent	Timar	Pro-sent
I alt	8 758	100	8 760	100	8 760	100	8 760	100	8 759	100	8 761	100	8 760	100
Musikk	5 776	66	5 930	68	5 636	64	6 116	70	6 920	79	6 673	76	6 718	77
Kunst, kultur, media	203	2	201	2	195	2	179	2	88	1	123	1	123	1
Nyhende	147	2	142	2	135	2	134	1,5	118	1	67	1	-	-
Underholdning	2 161	25	2 051	23	2 155	25	1 697	20	1 511	17	1 693	19	1 672	19
Aktualitet og samfunn	349	4	318	4	316	4	504	6	102	1	11	0	36	0
Sport	-	-	-	-	37	0	-	-	-	-	-	-	-	-
Andre program	122	1	118	1	269	3	102	1	20	0	194	2	211	2

¹ P3 går i samsending med P1 om natta.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten for NRK 2020.

Tabell 12.6. NRK. Sendetid¹, etter fjernsynskanal og programtype. 2020

	NRK1		NRK2		NRK3		NRK Super	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Riksprogram i alt	8 107	100	7 524	100	2 704	100	5 285	100
Barneprogram	-	-	-	-	-	-	5 285	100
Drama	1 270	16	974	13	1 386	51	-	-
Fritid/hobby/livsstil	1 127	14	1 190	16	397	15	-	-
Sport	580	7	296	4	45	2	-	-
Underholdning	576	7	460	6	164	6	-	-
Nyhende	2 996	37	1 070	14	3	0	-	-
Generell fakta/samfunn	577	7	1 179	16	350	13	-	-
Natur og vitenskap	388	5	1 067	14	156	6	-	-
Musikk	323	4	738	10	125	5	-	-
Kunst og kultur	245	3	476	6	63	2	-	-
Religion/filosofi	25	0	74	1	15	1	-	-

¹ Dei regionale sendingane er ikkje med i sendetida. ² Alle program på NRK Super er barneprogram. Denne oversikta er grunna i prosentoverslag frå NRK sin årsrapport.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten for NRK 2020.

Tabell 12.7. TV2 hovudkanal. Sendetid, etter programtype. 2020.

	Timar	Prosent
I alt	6 468	100
Barn	88	1
Drama	2 122	33
Informasjon og samfunnsstoff	1 579	24
Dokumentar	213	3
Natur og klima	16	0
Nyhende og vær	470	7
Religion	15	0
Sport	301	5
Underholdning	1 660	26
Anna	88	0

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten for TV2, 2020.

Tabell 12.8. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. Prosent

	Radio				Fjernsyn			
	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt
2003	100	62	8	30	100	77	13	10
2004 ¹	100	55	3	42	100	63	6	32
2005	100	56	4	42	100	74	7	23
2006	100	57	5	38	100	71	8	22
2007	100	61	4	35	100	69	7	24
2008	100	63	6	31	100	76	7	18
2009	100	56	4	39	100	72	9	19
2010	100	62	5	33	100	75	9	16
2011	100	60	5	34	100	69	12	19
2012	100	59	6	35	100	73	15	12
2013	100	58	7	35	100	70	17	13
2014	100	66	9	25	100	71	16	13
2015	100	61	8	31	100	67	19	14
2016	100	63	8	30	100	67	16	17
2017	100	60	6	34	100	69	15	23
2018	100	63	8	29	100	67	20	14
2019	100	61	7	32	100	66	18	15
2020	100	63	5	32	100	64	18	17

¹ Ved overgangen til 2004 gjennomførte NRK følgende praksis: Ein stilte strengare krav til kva som vart rekna som bokmål og kva som vart rekna som nynorsk. Dersom det som skulle registrerast ikkje var tydeleg nok, vart det plassert i dialektkategorien.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS

Tabell 12.9. Lyttar- og sjåardelar for ulike radio- og fjernsynskanalar ein gjennomsnittsdag. Prosent

	2002	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Radio																		
NRK P1	26	29	26	24	25	26	23	23	24	26	25	23	20	20	19	14	14	15
NRK P1+	2	2	2	3	3	3	3
NRK P2	5	4	4	4	3	5	4	4	6	5	7	6	5	7	5	5	6	6
NRK P3	6	5	5	6	5	7	6	7	7	9	10	12	11	10	7	6	5	4
NRK P13	1	1	1	1	1	1
Radio P4	21	16	17	17	16	13	17	18	15	16	15	19	16	18	13	10	8	11
Radio Norge	.	6	5	5	5	3	8	8	8	8	9	11	9	10	7	4	3	4
Lokalradio	14	11	9	10	11	8	7	8	6	6	6	5	5	5	6	8	5	5
Andre kanalar	3	2	3	3	3	6	3	4	5	4	4	5	5	6	8	10	9	8
DAB-radio	13	13	19	24	25	33	38	38	39
Fjernsyn																		
NRK1	52	53	51	47	47	44	43	44	45	40	40	35	35	34	32	29	28	32
NRK2	7	8	8	5	5	5	6	7	7	5	7	6	6	7	4	4	3	4
NRK3 Super	21	2	4	5	6	4	5	4	3	4	2	3	2	1
TV2	56	52	50	51	49	44	41	40	40	37	36	38	28	31	28	26	22	21
TV2 Nyhetskanalen	2	3	3	3	3	3	2	3	4	2	3	2	2	2
TVNorge	18	18	19	18	19	16	13	13	14	12	13	14	11	12	9	11	5	6
TV3	13	14	13	11	12	11	11	12	11	8	8	6	4	6	3	3	3	3
Svensk TV3	2	1	1	1	1	1	1	1
Lokal TV4	1	1	0	1	1	0	1
TV2 Zebra	2	2	1	1	2	1	1	1	1	0	0
TVN Fem	2	1	2	1	1	1	1	1	1	1	0
Viasat 4	6	4	4	1	1	2	1	1	2	1	1
Andre kanalar	12	12	13	15	17	22	23	18	20	18	18	16	14	16	18	17	10	8

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.10. Del i befolkninga som høyrer på radio ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, yrkesstatus og landsdel. Prosent

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Prosentdel i alt	56	55	60	59	64	59	59	54	50	48	49
Kjønn											
Menn	56	57	60	60	65	60	60	54	53	49	48
Kvinner	55	52	60	58	62	57	58	55	47	47	50
Alder											
9-15 år	33	31	36	31	42	28	29	25	25	29	29
16-24 år	46	48	43	40	55	47	44	37	33	29	27
25-44 år	59	57	64	61	65	62	62	60	51	49	48
45-66 år	65	59	72	71	72	71	70	64	61	60	63
67-79 år	55	64	66	72	69	65	62	66	62	62	64
Utdanning											
Grunnskule	46	50	55	56	60	56	48	50	43	37	37
Vidaregåande skule	59	56	62	61	68	64	68	62	56	56	52
Universitet/høgskule, kort	61	60	66	67	70	67	65	62	56	55	60
Universitet/høgskule, lang	64	65	72	66	67	68	61	56	55	53	58
Yrkesstatus¹ (16-79 år)											
Yrkesgruppe 1-2	67	63	72	68	68	68	65	63	57	56	61
Yrkesgruppe 3	62	55	70	68	68	73	70	63	60	58	60
Yrkesgruppe 4-5	55	58	59	59	66	57	63	55	51	43	42
Yrkesgruppe 6-9	64	57	71	69	79	70	68	71	57	64	44
Elevar og studentar	45	50	35	34	49	49	39	32	28	27	30
Trygda og pensjonistar	53	61	67	69	69	57	64	62	56	56	64
Landsdel²											
Oslo og Viken	55	51	56	57	58	55	59	51	45	43	46
Innlandet	57	54	62	62	69	59	60	59	53	5	51
Agder og Sør-Austlandet	58	54	58	58	64	62	63	56	48	48	55
Vestlandet	53	56	61	61	62	58	53	50	49	49	48
Trøndelag	59	58	62	60	66	65	61	47	55	53	59
Nord-Noreg	51	58	63	55	64	60	53	64	54	50	44

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå delkapittel 9.6. ² Inndeling av landsdel for 2020 er som følgjande: Oslo og Akershus, Austlandet elles, Agder og Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dermed er tala for 2020 ikkje samanliknbare med tidlegare år. Tala i tabellen er likevel framstilt etter den nye inndeling for å få til ein oversiktleg tabell. Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.11. Del i befolkninga som ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning yrkesstatus og landsdel. Prosent

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Prosentdel i alt	82	81	77	74	74	67	67	62	60	48	48
Kjønn											
Menn	83	81	76	76	73	66	68	62	58	49	47
Kvinner	81	81	77	73	74	68	66	61	63	46	49
Alder											
9-15 år	82	89	83	82	70	67	67	67	61	46	37
16-24 år	79	74	67	60	56	53	54	42	40	34	26
25-44 år	80	76	71	70	71	63	62	54	49	35	36
45-66 år	84	83	80	79	80	74	73	69	70	60	63
67-79 år	90	91	88	86	91	86	81	83	86	72	75
Utdanning											
Grunnskule	86	82	81	78	74	67	62	54	55	41	37
Vidaregåande skule	85	82	74	74	74	70	72	69	62	56	55
Universitet/høgskule, kort	79	80	78	75	77	69	67	61	63	49	51
Universitet/høgskule, lang	75	77	75	71	74	60	66	51	58	45	50
Yrkesstatus¹ (16-79 år)											
Yrkesgruppe 1-2	78	81	76	74	76	68	68	58	60	47	49
Yrkesgruppe 3	81	76	73	72	71	71	69	56	55	46	55
Yrkesgruppe 4-5	82	81	76	75	73	68	61	58	56	40	41
Yrkesgruppe 6-9	85	79	71	70	72	62	69	68	58	55	38
Elevar og studentar	79	75	67	62	57	59	50	41	42	32	23
Trygda og pensjonistar	88	90	88	86	90	82	81	79	81	65	75
Landsdel²											
Oslo og Akershus	80	76	76	71	68	65	65	57	54	44	46
Austlandet elles	86	83	79	76	79	72	70	65	64	44	54
Agder og Rogaland	80	82	73	76	69	63	68	61	57	53	56
Vestlandet	82	84	79	78	74	67	69	62	62	56	45
Trøndelag	84	82	78	68	79	72	67	60	64	45	53
Nord-Noreg	83	83	72	75	75	65	62	70	64	48	42

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå delkapittel 9.6. ² Inndeling av landsdel for 2020 er som følgjande: Oslo og Akershus, Austlandet elles, Agder og Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dermed er 2020- tal for Oslo og Viken, Innlandet og Agder og Sør-Austlandet ikkje samanliknbare med tidlegare år. Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.12. Fjernsynssjåing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjøardelar i prosent

	NRK1	NRK2	NRK3 Super ¹	TV2	Nyhetskanalen ¹	TVNorge	TV3
2004	53	8	.	52	.	18	14
2005	51	8	.	50	.	19	13
2006	47	5	.	51	.	18	11
2007	47	5	1	49	2	19	12
2008	44	5	2	44	3	16	11
2009	43	6	4	41	3	13	11
2010	44	7	5	40	3	13	12
2011	45	7	6	40	3	14	11
2012	40	5	4	37	3	12	8
2013	40	7	5	36	2	13	8
2014	35	6	4	38	3	14	6
2015	35	6	3	28	4	11	4
2016	34	7	4	31	2	12	6
2017	32	4	2	28	3	9	3
2018	29	4	3	26	2	11	3
2019	28	3	2	22	2	5	3
2020	32	4	1	21	2	6	3

¹ Gjeld frå september 2007.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2020, Statistisk sentralbyrå.

13. Idrett og friluftsliv

13.1. Medlemskap


1,75 millionar ordinære medlemskap i Norges idrettsforbund i 2020

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) er Noregs største friviljuge organisasjon rekna i medlemskap. Medlemskap er i denne samanhengen summen av medlemmer i kvar einskild klubb og ikkje talet på personar som totalt er medlemmer i den organiserte idretten. Meir om friviljug arbeid finn ein i kapittel 2.

Medlemskapstala i NIF per 31. desember 2020 viser at det var drygt 1,75 millionar ordinære medlemskap dette året. Det er ein nedgang på 178 000, eller 9 prosent. Den store nedgangen i talet på medlemskap må sjåast i samheng med koronapandemien. Ein må heilt tilbake til 2007 for å finne like låge medlemstal som i 2020. Figur 13.1 syner at talet på medlemskap gjekk ned for både menn og kvinner i alle aldersgrupper i 2020.

Tidleg på 2000-talet var fordelinga mellom kvinner og menn høvesvis 38 og 62 prosent, medan fordelinga dei sju siste åra har vore 41 prosent for kvinner og 59 prosent for menn. Ser ein nærare på tala viser det seg at delen kvinner er lågast i aldersgruppa 20 år og eldre, med 36 prosent. I aldersgruppa 13-19 år var 44 prosent jenter og i aldersgruppa 0-12 år var 47 prosent av medlemskapa jenter.

Figur 13.1. Medlemskap i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, etter kjønn og alder. 2016-2020



Kjelde: Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

Alle idrettskrinsane hadde nedgang i medlemskap i 2020. Størst var nedgangen i Nordland idrettskrins med 19 prosent. Til samanlikning var det berre 5 prosent nedgang i Oslo, og 6 prosent nedgang i Viken.

Troms og Finnmark idrettskrins var i 2020 den idrettskrinsen med høgaste del kvinnelege medlemskap med 44 prosent. Vestfold og Telemark og Viken idrettskrins hadde den lågaste kvinnedelen med høvesvis 38 og 39 prosent.

957 000 medlemskap i Norsk Friluftsliv i 2020

Nordmenn er glade i å gå på tur, vere ute i friluft og halde på med ulike friluftslivsaktivitetar, sjå delkapittel 13.2. Mange held på med friluftslivsaktivitetar uorganisert, men det blei òg registrert meir enn 957 000 medlemskap i Norsk Friluftsliv i 2020, om lag det same som førre år. Talet på lokallag gjekk ned med

om lag 500. Noko av nedgangen i lokallag skyldast endring i teljemåte, sjå tabell 13.2.

Sjølv om 2020 var prega av koronapandemien, var det fleire av medlemsorganisasjonane som opplevde medlemsvekst. Størst vekst i talet på medlemskap var det i Norges turmarsjforbund og Norsk Kennel Klub, med høvesvis 9 300 og 8 200 fleire medlemmer i 2020 samanlikna med 2019.

Den største nedgangen i talet på medlemskap siste året finn ein i Norges Røde Kors, med ein nedgang på 9 800 medlemskap.

Den Norske Turistforening (DNT) er framleis den største organisasjonen i Norsk Friluftsliv med nærare 314 000 medlemskap fordelt på 141 foreiningar og lokallag. Tabell 13.2 viser meir detaljerte tal frå Norsk Friluftsliv.

13.2. Friluftsliv og aktivitet

Færre går på ski

Nordmenn er aktive idretts- og friluftsmenneske. Det viser tala frå Norsk Friluftsliv, NIF og Levekårsundersøkinga gjort i 2020 for Statistisk sentralbyrå. Sjølv om deltaking på fleire av dei tradisjonelle friluftslivaktivitetane har gått ned dei siste åra, viser tala frå undersøkinga at om lag åtte av ti nordmenn gjekk tur i skog og fjell, medan drygt tre av ti har vore på kortare skiturar dei siste tolv månadene.


Levekårsundersøkinga er ei årleg undersøking, som inneheld ein fast kjerne av spørsmål samt temabolkar med varierende tema. Tema vert gjentekne med ein syklus på tre år. I 2020 var tema friluftsliv, organisasjonsaktivitet, politisk deltaking og sosialt nettverk. Du kan lese meir om levekårsundersøkinga under delkapittel 13.5.

Tal frå Levekårsundersøkinga 2020 viser at mange tradisjonelle friluftslivsaktivitetar har fått lågare oppslutning dei siste åra. Skigåing er ein av aktivitetane som har gått mest ned sidan 2011. I 2011 hadde 42 prosent av dei spurde vore på ein kortare skitur dei siste tolv månadene, medan 29 prosent hadde vore på ein lengre skitur. I 2020 gjekk desse tala ned til høvesvis 33 og 21 prosent. Noko av nedgangen i delen som gjekk på ski kan skyldast mindre snø enn vanleg vinteren 2019/2020, samt koronapandemien, som kom i den same perioden.

Samtidig gjekk òg delen som deltar på typiske sommaraktivitetar ned ved undersøkinga i 2020. I 2020 var det 29 prosent som hadde deltatt på bær eller sopptur dei siste tolv månadene, samanlikna med 37 prosent i 2011. 37 prosent av dei spurde i 2020 hadde deltatt på fisketur, samanlikna med 45 prosent i 2011.

Har det noko å seie kor i landet du bur for kor aktiv du er i friluftslivet? Figur 13.2 viser at personar i Nord-Noreg og Trøndelag oftast går på lengre fotturar i skog og fjell. Folk som bur i Nord-Noreg er oftast på bær- eller sopptur og på jakt og fiske. I Agder og Sør-Austlandet finn vi dei som oftast har vore på tur i motorbåt, seglbåt, kano, kajakk eller robåt. 80 prosent av dei spurde som bur i Oslo og Viken har gått kortare spaserturar dei siste tolv månadene. Oslo og Viken samt Agder og Sør-Austlandet er dei landsdelane der flest av dei spurde har bada i salt- eller ferskvatn dei siste tolv månadene, med 75 prosent.

Sjå tabell 13.3 for å lese meir om delen personar som i løpet av dei siste 12 månadene har delteke i ulike friluftslivaktivitetar etter kjønn, alder og utdanning.

Figur 13.2. Personar som dei siste 12 månadene har drive med ulike friluftslivaktivitetar etter landsdel, 2020. Prosent

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

13.3. Idrettsanlegg og friluftslivområder

58 300 idrettsanlegg i drift i 2020

Tala frå Idrettsanleggsregisteret i tabell 13.4 viser at det i alt var 58 300 eksisterande anlegg som var i drift i 2020. Dette er ein auke på totalt 810 anlegg frå 2019. Talet på nasjonalanlegg er sju anlegg, det same som året før.

I tabellen kan vi sjå at det vart registrert totalt 38 323 ordinære idrettsanlegg i 2020. Dette er ein auke på 92 ordinære idrettsanlegg frå 2019. Kategorien andre anlegg vart endra i Idrettsanleggsregisteret i 2017 og inkluderer no berre interkommunale anlegg. Anlegg som ikkje fell inn under denne kategorien har vorte innordna i anten ordinære anlegg eller nærmiljøanlegg. Denne endringa førte til at talet på andre anlegg minka med 639, medan talet på nærmiljøanlegg auka med 250 i 2017. Nærmiljøanlegg omfattar mellom anna ulike typar utandørs aktivitetsanlegg og fleirbruksområde, som til dømes balløkker/ballbingar og nærmiljøkart.

Talet på fleirbrukshaller og alpinbakkar aukar

Talet på fleirbrukshaller har auka med 143 sidan 2015. Frå 2019 til 2020 auka talet på fleirbrukshaller med 36. Totalt var det 1 194 fleirbrukshaller i bruk i 2020. I tabell 13.5 er det verd å merke seg at grupperinga skuleanlegg, som omfattar gymnastikksalar, er fjerna som eigen kategori. Mange av anlegga som tidlegare høyrde til denne kategorien har vorte innordna under kategorien fleiraktivitetssalar. I 2020 var det 2 791 fleiraktivitetssalar, 27 færre enn i 2019.

Talet på alpinbakkar auka med 24 i perioden 2015-2020. I 2020 var det to fleire alpinbakkar samanlikna med året før. Totalt var det 599 alpinbakkar i drift i 2020.

I perioden frå 2015 til 2020 var det ein nedgang på 9 symjebasseng totalt. I 2020 var det to færre symjebasseng enn i 2019, sjå fleire tal i tabell 13.5.

Turstiar innanfor kategorien friluftsliv auka med 200 i perioden 2015-2020. Totalt var det 3 333 turstiar i heile Noreg som har motteke spelemidlar i 2020.

3 245 mil med maskin-
preparerte skiløyper i
kommunane

Tal frå KOSTRA (KOSTRA, sjå delkapittel 1.3 og 1.4) gjev mellom anna oversikt over areal for friluftslivsområder i kommunane, og areal for lek og rekreasjon. Tabell 13.6 gjev ei oversikt over talet på rekreasjons- og friluftslivsområder i tettstader i åra 2015-2020. Tabellen viser òg talet på kilometer av turstiar og skiløyper i kommunane. Totalt var det 52 200 kilometer med turstiar og løyper tilrettelagd for bruk om sommaren. Samstundes viser tala at det er om lag 32 400 kilometer maskinpreparerte skiløyper rundt omkring i kommunane.

13.4. Finansiering

KOSTRA-tala viser at fylkeskommunane til saman hadde 398 millionar kroner i netto driftsutgifter til idrett i 2020. Kommunane (medrekna Oslo) brukte til saman 4,8 milliardar kroner i netto driftsutgifter til idrett og idrettsanlegg. Dette er 34 prosent av utgiftene som kommunane bruker til kulturføremål, ein auke på 80 millionar kroner frå året før. Brutto investeringsutgifter for idretten har auka over fleire år, men i 2020 gjekk investeringsutgiftene ned med 126 millionar kroner samanlikna med 2019. I 2020 låg brutto investeringsutgifter for kommunane til idrett på om lag 5,5 milliardar kroner, sjå tabell 13.7 og tabell 1.2.1.

Speleoverskotet frå Norsk Tipping til idrettsformål utgjorde 2,9 milliardar kroner i 2020, det same som i 2019, sjå tabell 1.1.2 for detaljar.

13.5. Om statistikken

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) er det øvste organet i Noregs største interesseorganisasjon. I 2020 var det over 1,75 millionar ordinære medlemskap fordelt på 7 845 idrettslag (eksklusive bedriftsidrettslag).

Idrettsregistreringa

Alle opplysningane og tala i statistikken er grunna i elektroniske rapportar frå kvar einskild klubb som er medlem av NIF, og frå kvar sær-idrettsgruppe i klubben. Rapporteringa er per 31. desember i rapporteringsåret og vert avslutta ved utgangen av april året etter rapporteringsåret. Medlemskap er i denne publikasjonen framleis summen av medlemmer i kvar einskild klubb, og ikkje talet på personar som totalt er medlemmer i den organiserte idretten. Talet på personar er lågare fordi mange er medlemmer i fleire klubbar. Tala i denne publikasjonen omfattar berre statistikk over medlemskap for dei ordinære idrettskretsane. Tal for bedriftsidretten og aktivitetstala er ikkje med i statistikken.

Vi gjer merksam på at medlemskapstala frå og med 2015 ikkje kan samanliknast direkte med tidlegare år på grunn av omlegging til nytt registreringssystem. Samstundes med endra rapporteringstidspunkt gjekk NIF over til eit samordna rapporteringssystem i 2016 der ein legg opp til å registrere medlemmer på individnivå. Etter dette skal alle idrettslaga registrere organisasjonsopplysningar og medlemsopplysningar (fødselsdato, kjønn, adresse og så vidare).

Norsk friluftsliv

Norsk Friluftsliv vart stifta i 1989 og er ein fellesorganisasjon for 18 norske friviljuge friluftslivsorganisasjonar med meir enn 957 000 medlemskap og om lag

4 700 lokale lag og foreiningar (2020). Organisasjonane har individuelle medlemskap og er opne for alle. Medlemskapstalet i Norsk Friluftsliv er summen av medlemskap i medlemsforeiningane. Talet på einsskilde personar vil vere lågare fordi fleire er medlemmer av fleire foreiningar.

Norsk Friluftsliv arbeider mellom anna for å fremja eit allsidig, einskilt og naturvenleg friluftsliv i tråd med norsk friluftslivstradisjon. Norsk Friluftsliv fremjar friluftsliv for alle gjennom tradisjonelle og nye aktivitetsformer, og fremjar saker av felles interesse for organisasjonane overfor styresmakta og andre aktuelle målgrupper og er slik ein svært viktig bidragsytar til idrettspolitikken målsetjing om «idrett og fysisk aktivitet for alle». Norsk Friluftsliv har òg som mål å fremje allemannsretten (retten til fri ferdsel i norsk natur) og allmentas tilgang til og bruk av naturen (Norsk Friluftsliv 2020).

Levekårsundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje år ei utvalsundersøking, der personar over 16 år busett i Noreg vert spurde om bruken av ulike fritidstilbod. Levekårsundersøkinga EU-SILC vert gjennomført årleg. Frå og med 2011 utgjør undersøkinga ein årleg fast kjerne av spørsmål og temabolkar med varierende tema. Tema vert gjentekne med ein syklus på tre år. I 2011, 2014, 2017 og 2020 var tema deltaking på ulike friluftaktivitetar, medan tema i 2013, 2016 og 2019 var deltaking i ulike treningsaktivitetar (Statistisk sentralbyrå 2020).

Anleggsregisteret.no

Anleggsregisteret.no er Kulturdepartementets register over idrettsanlegg og søknader om spelemidlar. Anleggsregisteret vart oppretta i 1992, og sidan har opplysningar om anlegg for idrett og friluftsliv vorte registrerte løpande. Anleggsregisteret omfattar anlegg og tiltak for friluftsliv, frå dei store anlegga som er bygde og utforma for internasjonale meisterskap til små balløkker/ballbingar og skileikanlegg. Anleggsregisteret.no inneheld eit nettgrunna søknadssystem for spelemidlar til idrettsanlegg, eit register over alle idrettsanlegga i Noreg, og ein kartfunksjon som viser den grafiske plasseringa til anlegga i standard kart (Anleggsregisteret 2020). Det er opp til kvar einsskilde kommune å oppdatere opplysningane i registeret for anlegg innanfor eigen kommune. Oppdatering av registeret skjer kontinuerleg. Ein kan søkje i det nye anleggsregisteret og hente ut data frå 1.10.2017.

Anlegga for friluftsliv er òg registrerte så langt det er funne formålstenleg. Alle anlegga og tiltaka for friluftsliv som har fått tilskot av spelemidlane, er registrerte. Data brukt i tabellane 13.4 og 13.5 tek utgangspunkt i status «eksisterande» i registeret. Anlegga er registrerte med desse data: anleggsnummer i registeret, namnet på anlegget, anleggsstad (idrettspark eller liknande), kva for ein kommune anlegget ligg i, anleggskategori (til dømes: fotballanlegg, kart, friluftsliv), anleggstype (til dømes: grasbane, orienteringskart, badeplass), karakteristiske mål, anleggsklasse (til dømes: nasjonalanlegg, kommuneanlegg/ordinære anlegg, nærmiljøanlegg), plassering (kartkoordinatar i økonomisk kartverk) og eventuelt ombyggingsår, eigar, tildelte spelemidlar og året for tildelinga.

Frå 2016 til 2017 reviderte Anleggsregisteret sin praksis for inndeling i kategoriar og grupper, samt rapportering av tal. Fleire av tala for anleggstypar vil dermed ikkje vere direkte samanliknbare med tal frå tidlegare år.

Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for utandørs, eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg i nærleiken til bustad- og/eller aktivitetsområde. Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, framfor alt for born og ungdom, men òg for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behovet for anlegg til organisert idrettsleg

aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett. Nærmiljøanlegg kan plasserast i tilknytning til eit skuleanlegg og/eller eit idrettsanlegg. (Kulturdepartementet 2021).

Referansar

Anleggsregisteret. (u.å.). Henta 12. november 2021 frå <https://www.anleggsregisteret.no/>

Kulturdepartementet (2021). *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2021* (V-0732-B). www.idrettsanlegg.no

Norsk Friluftsliv. (u.å.) *Vårt oppdrag*. Henta 12. november 2021 frå <https://norskfriluftsliv.no/om-oss/vart-oppdrag/>

Statistisk sentralbyrå. (2020). Idrett og friluftsliv, levekårsundersøkelsen. <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/fritid>

Meir informasjon

Kulturdepartementet. (2012). *Universell Utforming av idretts- og nærmiljøanlegg* (V-0511). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/idrett/publikasjoner-om-idrettsanlegg/id86915/>

Kulturdepartementet. (2019). *Idrettspolitikken*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/idrett/id2001187/>

Statistisk sentralbyrå. (2020, 28. oktober). *Skigåing har blitt mindre populært*. Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/skigaing-har-blitt-mindre-populaert>

Tabell 13.1. Talet på idrettslag og medlemskap, etter idrettskrins

	Talet på lag	Medlemskap ¹								
		I alt	Menn			Kvinner				
			I alt	0-12 år	13-19 år	20- år	I alt	0-12 år	13-19 år	20- år
2001	7 136	1 430 597	880 658	214 268	151 983	514 407	549 939	162 050	105 199	282 690
2002	7 292	1 534 868	945 645	238 936	169 299	537 410	589 223	182 895	118 250	288 078
2003	7 531	1 579 550	975 016	250 267	176 490	548 259	604 534	190 571	122 714	291 249
2004	7 633	1 649 311	1 008 923	258 629	182 892	567 402	640 388	204 094	131 704	304 590
2005	7 791	1 675 737	1 018 786	265 888	187 810	565 088	656 951	211 619	136 842	308 490
2006	7 870	1 701 153	1 028 524	271 278	186 601	570 645	672 629	220 699	138 241	313 689
2007	7 725	1 738 086	1 047 103	275 608	188 242	583 253	690 983	222 743	139 818	328 422
2008	7 760	1 770 720	1 059 933	276 787	188 906	594 240	710 787	226 673	141 748	342 366
2009	7 813	1 758 229	1 050 413	281 904	186 578	581 931	707 816	233 203	140 594	334 019
2010	7 894	1 771 961	1 062 766	287 429	185 076	590 261	709 195	236 332	137 743	335 120
2011	7 894	1 791 297	1 072 816	289 917	187 875	595 024	718 481	240 661	139 443	338 377
2012	7 929	1 864 031	1 115 241	299 625	189 071	626 545	748 790	252 763	139 322	356 705
2013	7 967	1 868 840	1 114 735	304 231	187 500	623 004	754 105	258 189	138 997	356 919
2014	7 953	1 908 896	1 135 179	314 081	185 991	635 107	773 717	269 786	140 950	362 981
2015 ²	7 819	1 888 180	1 122 159	304 703	185 824	631 632	766 021	263 119	141 538	361 364
2016	7 736	1 921 019	1 133 921	301 518	189 282	643 121	787 098	269 688	147 065	370 345
2017	7 641	1 926 301	1 136 761	303 893	189 584	643 284	789 540	272 303	147 772	369 465
2018	8 013	1 938 518	1 139 836	301 808	189 005	649 023	798 682	273 667	149 121	375 894
2019	7 990	1 930 165	1 136 749	296 873	187 219	652 657	793 416	268 973	150 301	374 142
2020	7 845	1 752 330	1 036 886	274 602	169 635	592 649	715 444	242 123	133 664	339 657

Idrettskrins

2020

Agder	458	91 209	53 288	14 396	8 775	30 117	37 921	13 250	7 275	17 396
Innlandet	710	123 260	72 567	17 653	11 921	42 993	50 693	15 927	9 370	25 396
Møre og Romsdal	466	80 701	46 538	11 531	7 740	27 267	34 163	10 768	6 850	16 545
Nasjonale/regionale idrettslag ³	4	119	29	16	8	5	90	38	35	17
Nordland	530	60 083	34 374	9 268	6 149	18 957	25 709	8 535	5 311	11 863
Oslo	573	263 364	157 969	42 567	24 282	91 120	105 395	32 859	17 115	55 421
Rogaland	571	139 677	82 324	27 229	13 517	41 578	57 353	25 809	11 084	20 460
Troms og Finnmark	584	80 366	45 242	10 918	6 722	27 602	35 124	11 074	6 213	17 837
Trøndelag	823	185 073	105 201	26 130	17 059	62 012	79 872	23 733	14 107	42 032
Vestfold og Telemark	610	121 231	74 948	16 213	12 617	46 118	46 283	13 373	9 303	23 607
Vestland	1 012	200 896	115 491	32 746	19 782	62 963	85 405	30 603	16 841	37 961
Viken	1 504	406 351	248 915	65 935	41 063	141 917	157 436	56 154	30 160	71 122

¹ Medlemskapsoversikta viser summen av medlemmer i kvar einiskild klubb, ikkje talet på personar totalt som er medlem i den organiserte idretten. Dette talet vil vere mykje lågare fordi mange har medlemskap i fleire klubbar. Det er enno ikkje mogleg å registrere eit totalt tal på einiskilde medlemmer i den organiserte idretten. ² Tala for 2015, 2016, 2017 og 2019 er korrigerde i høve til tidlegare offentleggjorde tal. ³ Fire idrettslag høyrer ikkje med i nokon idrettskrins.

Kjelde: Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité.

Tabell 13.2. Norsk Friluftsliv. Lokallag og medlemskap

	2016		2017		2018		2019		2020	
	Lokal-lag	Medlem-skap	Lokal-lag	Medlem-skap	Lokal-lag	Medlem-skap	Lokal-lag	Medlem-skap	Lokal-lag	Medlem-skap
Heile landet	5 092	913 081	5 047	941 752	5 091	950 825	5 254	957 245	4 775	957 947
Den Norske Turistforening ¹	355	290 790	365	308 408	377	315 833	377	318 713	141	313 990
Forbundet Kysten	126	10 270	126	10 085	122	10 280	121	9 895	121	9 760
Skiforeningen ²	9	72 864	9	72 805	9	72 260	9	70 703	9	67 736
Norges Jeger- og Fiskerforbund	573	114 368	573	112 428	573	110 800	573	108 494	561	110 050
Norges turmarsjforbund ^{3 8}	535	41 578	536	41 687	532	40 186	532	40 186	520	49 500
KFUK-KFUM-speidarane	222	10 956	228	10 958	230	10 219	265	10 017	230	9 274
Norges Klatreforbund	202	20 541	210	23 038	215	24 522	219	27 831	220	25 988
Norsk orientering ³	369	24 064	365	24 101	365	24 209	365	24 439	365	23 497
Norges Padleforbund	124	18 977	125	21 505	130	21 464	133	21 464	133	22 341
Norges Røde Kors ⁴	380	154 613	383	164 490	383	159 583	371	166 049	387	156 214
Norges Seilforbund ⁵	130	23 544	123	23 550	117	23 556	118	23 062	117	23 846
Norges speiderforbund	465	18 849	453	19 090	450	18 465	450	18 544	412	18 009
4H Norge ³	577	14 888	486	14 111	503	14 127	523	11 702	506	11 083
Syklistenes landsforening	15	9 847	14	9 868	14	9 648	16	9 536	16	9 781
Kristen Idrettskontakt	211	15 100	245	14 935	248	15 237	360	15 600	334	12 175
Norsk Kennel Klub ⁶	799	71 918	806	70 693	806	72 010	806	72 010	650	80 186
Det norske skogselskap ⁷	17	8 412	17	8 426	16	9 000	16	8 867
Norges Sopp- og Nyttevekstforbund ⁹	37	5 650

¹ Frå 2016 inkludert Barnas turlag. Frå 2020 ny teljemeate for lokallag, tel no foreningar og lokallag som har hatt aktivitet i statistikkåret. ² Har avvikande teljingsår, 1.9-31.8. ³ Endra namn i 2014. ⁴ Frå mai 2016 gjeld medlemskapet i Norsk Friluftsliv heile Norges Røde Kors og inkluderer lag og medlemskap for Norges Røde Kors Hjelpekorps som tidlegare var oppført som eigen gruppe. ⁵ Nytt medlem i 2016. ⁶ Frå 2016 ny teljemeate, tel no unike personar som har betalt kontingent, mot tidlegare tald medlemskap. ⁷ Nytt medlem i 2017. ⁸ Manglar totaltal i 2019, for dette året er det difor nytta dei same tala som året før. ⁹ Nytt medlem i 2020.

Kjelde: Norsk Friluftsliv.

Tabell 13.3. Personar som i løpet av dei siste 12 månader har delteke på ulike friluftslivaktivitetar, etter år, kjønn, alder, utdanning og landsdel. Prosent

	Vore på lengre fottur i skogen eller på fjellet	Vore på kortare fottur i skogen eller på fjellet	Vore på kortare spaser-tur	Vore på bær- eller sopp-tur	Vore på jakt-tur	Vore på fiske-tur	Vore på kano/ kajakk/ robåt	Vore på motor-tur eller segl-båt	Vore på tur med sykkel i naturen	Vore på ridetur i natur-omgivar	Vore på lengre skitur i skogen eller på fjellet	Vore på kortare skitur i skogen eller på fjellet	Stått på islagte eller vass-drag	Stått alpint, snow-board eller telemark	Bada i salt- eller fersk-vatn
2011	54	81	.	37	8	45	25	44	42	4	29	42	9	24	71
2014	52	79	85	34	8	43	24	43	40	4	25	39	7	22	70
2017	53	78	84	36	7	42	24	42	35	4	23	34	7	21	66
2020	55	79	77	29	7	37	23	43	36	3	21	33	7	20	71
2020															
Menn	58	79	73	25	11	46	25	47	37	2	24	34	7	24	72
Kvinner	52	80	80	33	3	28	21	39	34	5	19	32	7	16	70
Alder															
16-24 år	62	85	74	21	8	45	36	59	38	8	30	34	17	39	84
25-44 år	63	86	81	27	8	41	27	46	39	5	24	38	11	26	76
45-66 år	58	83	77	34	8	39	22	44	42	2	23	37	4	17	75
67 år eller eldre	28	59	73	30	4	22	10	26	18	0	8	15	0	2	45
Utdanning															
Grunnskule	44	68	69	23	6	36	19	38	28	4	13	20	8	17	61
Vidaregåande skule	50	79	77	27	8	38	21	41	34	3	17	29	6	17	68
Universitet/ høgskule, kort	65	89	82	35	7	37	28	50	43	4	30	45	8	23	81
Universitet/ høgskule, lang	74	90	86	37	8	38	31	52	47	4	39	53	10	30	82
Landsdel															
Oslo og Viken	55	79	80	30	5	30	23	42	38	4	25	35	10	23	75
Innlandet	49	74	71	30	10	35	22	28	43	3	21	39	7	16	64
Agder og Sør-Austlandet	51	81	78	28	8	38	25	50	38	4	18	27	7	17	75
Vestlandet	56	80	77	20	6	41	23	46	30	3	18	27	5	19	70
Trøndelag	57	81	74	37	9	44	23	40	39	4	23	41	9	18	68
Nord-Noreg	57	79	69	47	11	50	21	44	35	5	21	39	4	16	59

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.4. Talet på idrettsanlegg, etter klassifikasjon og fylke

	I alt	Nasjonal-anlegg ¹	Ordinære idrettsanlegg	Nærmiljø-anlegg	Andre anlegg ²
2004	40 122	5	28 489	11 628	..
2005	42 526	5	30 146	12 375	..
2006	43 718	5	30 479	13 234	..
2007	43 911	5	30 343	13 563	..
2008	44 168	5	30 417	13 746	..
2009	49 326	5	34 150	14 769	401
2010	50 990	5	35 616	15 027	341
2011	52 223	5	35 974	15 881	361
2012	53 423	5	36 202	16 434	779
2013	54 051	5	36 452	16 838	752
2014	54 938	5	36 802	17 376	746
2015	55 532	6	36 960	17 818	746
2016	56 033	6	37 149	18 147	731
2017	56 151	7	37 655	18 397	92
2018	56 966	7	38 005	18 846	100
2019	57 496	7	38 231	19 157	101
2020	58 306	7	38 323	19 839	137
2020					
Viken	10 996	1	7 224	3 758	13
Oslo	2 337	3	1 321	1 013	..
Innlandet	6 721	3	4 812	1 889	17
Vestfold og Telemark	4 699	..	3 164	1 518	17
Agder	4 837	..	2 922	1 902	13
Rogaland	4 479	..	2 637	1 814	28
Vestland	7 231	..	4 421	2 804	6
Møre og Romsdal	4 426	..	3 124	1 294	8
Trøndelag - Trööndelage	5 903	..	4 072	1 803	28
Nordland - Nordlännda	3 619	..	2 478	1 136	5
Troms og Finnmark	3 049	..	2 140	907	2
Romsa ja Finnmarku					
Svalbard	9	..	8	1	..

¹ Nasjonalanlegga er Holmenkollen Ski nordiske greiner, Holmenkollen Skiskyting, Ullevål Stadion, Vikingskipet, Kvittfjell, Hafjell (nytt i 2015) og Vikersund.

² T.o.m. 2016 inkluderer dette fylkesanlegg, riksanlegg, interkommunale anlegg og ikkje oppgitt anleggsklasse. Frå 2017 gjeld tala berre interkommunale anlegg. Dei andre kategoriane har vorte innordna enten i ordinære anlegg eller i nærmiljøanlegg.

Kjelde: Anleggsregisteret.no, Kulturdepartementet.

Tabell 13.5. Tal på idrettsanlegg og innbyggjarar per anlegg for nokre utvalde anleggskodar og år¹

Type anlegg	2016		2017 ²		2018		2019		2020	
	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg	Einingar	Innbyggjarar per anlegg
Skianlegg	3 649	1 441	1 228	4 312	1 235	4 320	1 246	4 308	1 250	4 308
Alpinbakkar	572	9 193	582	9 099	588	9 073	597	8 991	599	8 989
Hoppbakkar	649	8 102	646	8 198	647	8 245	649	8 271	651	8 271
Skiløyper ³	2 428	2 166
Friluftsliv	3 508	1 499	6 417	825	6 515	819	6 561	818	6 695	804
Tursti	3 171	1 658	3 185	1 663	3 248	1 642	3 271	1 641	3 333	1 616
Turkart	337	15 603	394	13 441	401	13 304	404	13 286	414	13 006
Tur-/skiløyper ³	.	.	2 838	1 866	2 866	1 861	2 886	1 860	2 948	.
Fotballanlegg	4 546	1 157	4 578	1 157	4 607	1 158	4 637	1 158	4 679	1 151
Fotballbaner	4 476	1 175	4 507	1 175	4 526	1 179	4 552	1 179	4 583	1 175
Fotballhallar	70	75 119	71	74 586	81	65 861	85	63 148	96	59 089
Friluftsanlegg	884	5 948	947	5 592	942	5 663	933	5 753	925	5 821
Fast dekke	156	33 707	219	24 181	229	23 296	231	23 236	232	23 209
Grusdekke	354	14 854	351	15 087	339	15 737	331	16 216	317	16 986
Delanlegg	374	14 060	377	14 047	374	14 264	371	14 468	376	14 321
Hestesportanlegg	361	14 566	382	13 863	389	13 714	390	13 763	412	13 069
Ridebaner	228	23 063	248	21 353	252	21 170	253	21 216	269	20 017
Ridehallar	133	39 536	134	39 520	137	38 940	137	39 179	143	37 654
Isanlegg	77	68 290	121	43 765	123	43 372	126	42 600	130	41 420
Ishallar	50	105 166	51	103 836	52	102 592	53	101 275	55	97 901
Hurtigløpsbaner (kunstis)	14	375 594	52	101 839	53	100 656	53	101 275	53	101 596
Bandybaner (kunstis)	13	404 486	18	294 201	18	296 376	20	268 379	22	244 753
Idrettshallar og aktivitetssalar⁴	1 019	5 160	3 950	1 341	3 952	1 350	3 976	1 350	3 985	1 351
Fleirbrukshallar	1 019	5 160	1 114	4 754	1 140	4 680	1 158	4 635	1 194	4 510
Fleiraktivitetssalar ⁴	.	.	2 836	1 867	2 812	1 897	2 818	1 905	2 791	1 929
Skuleanlegg	2 541	2 069
Gymnastikksalar ⁴	2 541	2 069
Nærmiljøanlegg	13 295	396	12 744	416	12 925	413	13 056	411	13 280	405
Balløkker/ballingar	5 837	901	7 804	679	7 858	679	7 900	679	7 949	677
Aktivitetsanlegg ⁵	6 215	846
Fleirbruksområde ⁵	.	.	3 690	1 435	3 793	1 406	3 868	1 388	4 041	13 328
Skulekart/nærmiljøkart	1 243	4 230	1 250	4 236	1 274	4 187	1 288	4 167	1 290	4 174
Symjehallar	999	5 264	1 001	5 290	1 006	5 303	1 012	5 304	1 009	5 337
Symjebasseng	936	5 618	937	5 652	939	5 681	944	5 686	942	5 716
Utandørs symjeanlegg	63	83 465	64	82 744	67	79 623	68	78 935	67	80 367
Golfbaner	138	38 104	139	38 098	139	38 380	142	37 800	138	39 019
18 hol	57	92 251	45	117 680	45	118 550	50	107 352	50	107 692
9 hol	70	75 119	74	71 562	74	72 091	76	70 626	72	74 786
6 hol	11	478 029	20	264 781	20	266 738	16	335 474	16	336 536
Orientering	3 451	1 524	3 448	1 536	3 464	1 540	3 472	1 546	3 453	1 559
Orienteringskart	3 427	1 534	3 448	1 536	3 464	1 540	3 472	1 546	3 453	1 559
Skiorienteringskart ⁶	24	219 097

¹ Gjeld eksisterande anlegg i drift per februar. ² Anleggsregisteret vart endra og omstrukturerte i 2017 og tala kan ikkje fullt ut samanliknast med tidlegare år.

³ Frå 2017 er skiløyper slått saman med turløyper og høyrer til kategorien friluftsanlegg. Tidlegare høyrde skiløyper til skianlegg. ⁴ Frå 2017 er ikkje skuleanlegg og gymnastikksalar lengre eigne kategoriar. Ny kategori er fleiraktivitetssalar. ⁵ Frå 2017 er aktivitetsanlegg erstatta og oppdelt. Ny kategori er fleirbruksområde. ⁶ Skiorienteringskart er slått saman med orienteringskart frå 2017.

Kjelde: Anleggsregisteret.no, Kulturdepartementet.

Tabell 13.6. Friluftsområder for rekreasjon og friluftsliv i tettstad etter tilgjengelege områder og år¹

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Rekreasjons- og friluftslivsområder tilrettelagt etter prinsipp om universell utforming. Einingar	2 214	2 209	2 180	2 276	1 398	1 430
Samla lengde skiløyper planlagt maskinpreparert, gitt normale snøforhold. Kilometer	29 977	24 664	27 979	30 519	31 725	32 449
Samla lengde av turvegar, turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk. Kilometer	44 439	39 426	42 502	46 685	51 274	52 241

¹ Tala viser totalen av det som er rapportert, inkludert områder med kommunalt driftsansvar.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 13.7. Netto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for kommunekonsern til idrett, etter fylke

	Netto driftsutgifter funksjon 380 Idrett	Netto driftsutgifter funksjon 381 Idrettsanlegg	Netto driftsutgifter funksjonen 380 og 381, idrett. Prosent av totale netto driftsutgifter til kulturformål	Brutto investeringsutgifter funksjon 380 Idrett	Brutto investeringsutgifter funksjon 381 Idrettsanlegg
	Millionar kroner		Prosent	Millionar kroner	
2008	1 316,9	718,8	27,3	1 020,3	1 503,2
2009	945,5	1 210,1	28,0	703,1	2 605,6
2010	801,8	1 796,3	30,5	357,4	3 077,9
2011	823,9	1 837,1	29,9	315,2	2 809,4
2012	937,4	1 926,6	30,5	357,8	2 536,4
2013	944,8	2 137,0	31,4	243,5	2 428,3
2014	876,0	2 373,3	31,3	246,3	2 591,1
2015	936,7	2 434,7	31,9	222,7	2 621,0
2016	941,5	2 773,3	32,9	285,0	3 035,0
2017	1 100,6	3 700,3	39,5	209,6	3 700,0
2017	1 100,6	3 700,3	39,5	209,6	3 700,0
2018	1 123,1	3 167,1	33,2	333,9	4 032,2
2019	1 368,8	3 381,8	33,7	167,3	5 469,5
2020	1 320,4	3 510,2	33,9	196,9	5 314,0
2020					
Viken	244,7	777,0	36,0	15,8	1 574,3
Oslo	135,7	626,9	32,0	0,0	911,7
Innlandet	101,7	201,9	32,5	0,5	246,8
Vestfold og Telemark	85,1	208,4	29,9	20,9	107,8
Agder	38,6	197,2	28,4	8,2	258,0
Rogaland	171,1	347,7	36,8	23,9	376,5
Vestland	147,6	429,4	33,8	66,1	547,4
Møre og Romsdal	49,5	139,4	35,1	22,9	209,7
Trøndelag - Trööndelage	191,7	264,9	36,5	4,8	799,2
Nordland - Nordlännda	70,3	144,7	31,1	20,8	63,5
Troms og Finnmark					
Romsa ja Finnmarku	84,4	172,7	37,2	12,9	219,2

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

14. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja


Dette kapittelet omtalar endringar og utvikling i medlemstalet og andre aktivitetar i Den norske kyrkja, samstundes med endringar i medlemstalet til trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. Frå 1. januar 2017 var det endringar i høve mellom kyrkje og stat.

14.1. Nokre resultat

13 prosent av befolkninga var medlem i eit trus- og livssynssamfunn

Statistikken over medlemmer i trus- og livssynssamfunn viser at det per 1. januar 2020 var 697 000 medlemmer i trus- og livssynssamfunn som er utanfor Den norske kyrkja og som får statstilskot (SSB, 2021, 27. september). Det vil seie at 12,9 prosent av befolkninga var medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja i 2020 og samanlikna med 2019 var det 18 800 fleire medlemmer. 6,9 prosent av Noregs befolkning var medlemmer i kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, medan 3,4 prosent av befolkninga var medlemmer av islamske trussamfunn og 1,8 prosent i livssynssamfunn, sjå figur 14.1 og tabellane 14.1 og 14.2.

Figur 14.1. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn



¹ Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. ² Omfattar bahá'í, hinduisme, jødedom, sikhisme og andre trusretningar. To samfunn er ikkje representerte i statistikken i 2012, eitt under jødedom og eitt under sikhisme. Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Framleis flest medlemmer i kristne trussamfunn

Av alle trus- og livssynssamfunna utanfor Den norske kyrkja som får statstilskot, har dei kristne trussamfunna flest medlemmer med 373 000 personar. Desse utgjorde 53 prosent av alle medlemmene utanfor Den norske kyrkja per 1. januar 2020. Frå 2019 til 2020 var det ein auke på 6 800 medlemmer i kristne samfunn, sjå tabell 14.2. Størst del av medlemmene i dei kristne trussamfunna utanfor Den norske kyrkja, 44 prosent, høyrde til Den romersk-katolske kyrkja. Det er på same nivå som året før, sjå tabell 14.3.

Det var òg Den romersk-katolske kyrkja som hadde størst auke i talet på medlemmer frå 2019 til 2020 med 4 400 nye medlemmer. Den største relative auken finn vi hos Den islandske Evangeliske-Lutherske kyrkjelyd i Noreg som auka sine medlemstal med 7 prosent, sjå tabell 14.3.


Islamske trussamfunn held fram å vekse

Islam er den nest største religionen i Noreg, målt i talet på medlemmer i islamske trussamfunn som dei får statstilskot for. Per 1. januar 2020 var det 182 800

medlemmer i islamske samfunn i Noreg mot 175 500 medlemmer året før, ein auke på 4 prosent. Muslimane utgjorde 3,4 prosent av befolkninga i Noreg. Til samanlikning var det 99 000 medlemmer i islamske samfunn i 2010, som svarar til 2 prosent av Noregs befolkning.

Medlemstalet i fleire av dei andre religionane har halde seg på om lag det same nivået gjennom fleire år. I 2020 så vel som i 2019 utgjorde buddhisme 3,1 prosent, medan hinduisme og sikhisme stod for høvesvis 1,7 og 0,6 prosent av medlemstala utanfor Den norske kyrkja. Livssynssamfunn hadde 99 500 medlemmer, eller 14,3 prosent, av medlemstala utanfor Den norske kyrkja i 2020. Dette var ein marginal auke på 0,1 prosentpoeng frå året før, sjå tabell 14.1.

Figur 14.2. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter fylke. Prosent



¹ Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Oslo fylke har høgast del av medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk

Talet på medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja fordeler seg ulikt mellom fylka. Høgast del i 2020 var i Oslo der 22 prosent av befolkninga, eller 156 200 personar, var medlemmer i eit trus- eller livssynssamfunn. Lågast del var det i Nordland med 6,6 prosent av befolkninga, sjå figur 14.2 og tabell 14.2.

9,6 prosent av befolkninga i Oslo var medlemmer i eit islamsk trussamfunn, medan 8,3 prosent var medlemmer i eit kristent samfunn utanfor Den norske kyrkja og 2,8 prosent medlemmer i eit livssynsamfunn. Lågaste talet på medlemmer i eit islamsk trussamfunn hadde Møre og Romsdal og Nordland med 1 prosent av befolkninga kvar. Trøndelag hadde lågast del medlemmer i kristne samfunn utanfor Den norske kyrkja i 2020 med 3,8 prosent. Viken var det fylket som hadde høgast del i kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, med 8,3 prosent, sjå tabell 14.2.

3,6 millionar medlemmer i
Den norske kyrkja

I 2020 var 67,7 prosent av Noregs befolkning medlemmer i Den norske kyrkja. Totalt var det 3 656 000 medlemmer per 31. desember 2020, sjå tabell 14.2. Sett i høve til befolkninga i dei ulike fylka, hadde Nordland og Innlandet høgast del medlemmer med høvesvis 79 og 78 prosent.


Det var færre som melde seg ut av kyrkja i 2020 samanlikna med 2019. Det var 12 700 utmeldingar i 2020 mot 19 000 året før og det kom flest utmeldingar i Oslo bispedøme. Det var samstundes Oslo bispedøme som òg hadde flest innmeldingar, med 400. På landsbasis var det 2 300 personar som melde seg inn i kyrkja, ein nedgang frå 3 400 året før, sjå tabell 14.4.

Lågare dåpstal ...

Det har i mange år vore ein nedgang i talet som døyper seg i Den norske kyrkja og i 2020 var det 23 800 døypte, noko som var 4 200 færre enn året før. Nedgangen på 15 prosent frå 2019 til 2020 kan òg forklarast med at det har vore restriksjonar som følgje av koronapandemien, sjå figur 14.3 og tabell 14.4.

Talet på døypte vart i 2016 endra til å omfatte totaltal på døypte rapportert gjennom kyrkjeboka, ikkje som tidlegare då årsstatistikken viste utførde dåpshandlingar i soknet. Sjølv om talet ikkje direkte kan samanliknast med tidlegare år på grunn av endra definisjon, kan vi konstatere at talet på døypte går nedover.


Figur 14.3. Den norske kyrkja. Talet på døypte¹ og konfirmerte



¹ Endra definisjon på døypte i 2016.

Kjelde: Den norske kyrkje, Statistisk sentralbyrå.

Prosentdelen døypte i høve til talet på fødte var i 2020 på 45 prosent, ned frå 51 prosent i 2019. Frå 2005 har prosentdelen døypte i høve til talet på fødte gått ned frå 76 prosent, sjå figur 14.4.

Figur 14.4. Den norske kyrkja. Døyp¹ og konfirmerte.² Prosent

¹ Døyp¹ i prosent av talet på fødte: Døypstala frå og med 2016 viser totalt tal døyp¹ i soknet og kan ikkje samanliknast direkte med tidlegare år; tidlegare døypstalar omfatta utførte døypshandlingar i soknet aggregert til kommunenivå og vidare til bispedømenivå og landstal, medan nytt døypstal omfatar døyp¹ i soknet aggregert opp.

² Døyp¹ som vel konfirmasjon 15 år seinare: Med atterhald om at desse døyp¹ personane ikkje er heilt dei same 15 år seinare.

Kjelde: Den norske kyrkje, Statistisk sentralbyrå.

Døypstala varierer noko frå bispedøme til bispedøme. Bjørgvin hadde flest døyp¹ i 2020 med 3 400, dernest kom Stavanger med 2 800 døyp¹. Lågast tal hadde Sør-Hålogaland bispedøme med 1 100 døyp¹.

... og færre kyrkjelege konfirmasjonar

Talet på konfirmerte har ikkje gått ned i same grad som døypstala og ser ikkje ut til å vere råka så hardt av restriksjonane som følgje av koronapandemien. Det var 33 100 som valde kyrkjeleg konfirmasjon i Den norske kyrkja i 2020, ein nedgang på 1 400 konfirmasjonar samanlikna med året før. Flest konfirmasjonar finn vi i Bjørgvin og Borg bispedøme med høvesvis 4 900 og 4 200. Nord-Hålogaland hadde lågast tal i 2020 med 1 600 konfirmerte.

I 2020 var delen av 15-åringane som konfirmerte seg kyrkjeleg på 52,3 prosent, ned frå 54,4 i 2019. Konfirmasjonsprosenten på landsbasis i 2005 var på 66,3 prosent, sjå figurane 14.3 og 14.4.

Ifølgje tabell 14.4 vart 43 000 personar døyp¹ i Den norske kyrkja i 2005. Ser vi 15 år seinare, i 2020, var desse i konfirmasjonsalder og som nemnd over valde 33 100 personar å konfirmere seg i 2020. Med atterhald om at desse personane ikkje er heilt dei same som i 2005, i hovudsak grunna inn- og utvandring, viser tala at 77 prosent av dei som vart døyp¹ i 2005 valde kyrkjeleg konfirmasjon i 2020. Tilsvarande tal var 44 000 døyp¹ i 2004 og 78 prosent av desse vart konfirmerte i 2019.

Færre deltek på gudsteneste


2020 var eit spesielt år grunna koronapandemien og dei ulike nasjonale og regionale restriksjonane fekk betydning for mange aktivitetar, òg for aktivitetane i Den norske kyrkja, både i omfang og form. Under koronapandemien vart gudstenester strøymde på internett i større grad enn tidlegare, sidan fysisk oppmøte ikkje var mogleg. Til dømes ser vi at dette fekk stor betydning for deltaking på gudstenestene. I 2020 var det til saman 2,4 millionar deltakarar på gudstenester mot 5,2 millionar deltakarar i 2019. Utanom desse følgde 1,5 millionar deltakarar gudstenester via direktestrøyming. Vidare var det heile 11 700 færre gudstenester,

ein 19 prosent nedgang frå året før. Sidan 2013 har talet på deltakarar på gudstenestene vore under 6 millionar. Både talet på gudstenester og deltakarar på gudstenestene har gått ned dei siste åra. Deltakinga på gudstenestene på søndagar og helgedagar hadde ein nedgang på heile 55 prosent, eller 2,9 millionar deltakarar. Totalt var nær 1,9 millionar personar til stades på dei 38 000 gudstenestene som vart haldne på søndagar og helgedagar i løpet av 2020, sjå tabell 14.5.

I 2005 var det totale besøket på gudstenestene 6,7 millionar fordelt på 70 000 gudstenester. Gudstenestedeltakinga har gått ned kvart år sidan 2005, med unntak av i 2011. Talet på gudstenester er redusert kvart år i same tidsrom, og deltaking per gudsteneste har hatt ein nedgang frå 95,8 deltakarar i 2005 til 48,7 i 2020. Det låge talet per gudsteneste i 2020 må, som nemnt over, sjåast i samanheng med både stengde kyrkjer og restriksjonar på kor mange deltakarar som kunne samlast fysisk.

Figur 14.5 gjev eit bilete på talet på deltakarar per gudsteneste på søndagar og helgedagar i gjennomsnitt i dei ulike bispedøma. Der kjem det òg klart fram resultatane frå den heilt spesielle situasjonen vi hadde i 2020.

Figur 14.5. Den norske kyrkja. Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar og helgedagar i gjennomsnitt, etter bispedøme



Kjelde: Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

34 600 gravferder

KOSTRA-tala for Den norske kyrkja viser òg kor mange gravferder i regi av Den norske kyrkja som vert gjennomførte kvart år. Tala viser at det vart rapportert knapt 34 600 kyrkjelege gravferder i 2020, ein marginal nedgang frå det føregåande året. Dette svarer til om lag 85 prosent av talet på dei som døyde i 2020. Frå 2015 har denne delen gått ned med 5 prosentpoeng. Fleire detaljar om kyrkjelege handlingar finst i tabell 14.4.

Færre vigslar

Koronarestriksjonane kan nok òg ha verka inn på vigslane i Den norske kyrkja. I 2020 var det 4 400 par som vart vigde, viser tal frå kyrkjelydane, medan totalt tal på inngåtte ekteskap var 16 200. Nedgangen for kyrkjelege vigslar var på 29 prosent og for vigslar totalt i Noreg på 19 prosent samanlikna med 2019. Ekteskap inngått i Den norske kyrkja, utgjorde 27 prosent av alle dei inngåtte ekteskapa i 2020, ned frå 31 prosent året før.

Befolkningstala i høve til folkeregisteropplysningane (SSB, 2021, 8. mars) viser ein vigselfdel på 28 prosent i Den norske kyrkja. Desse tala er dermed noko høgare då handlingar utanfor sokna (til dømes vigslar ved institusjonar, feltprestekorpset og anna som har eiga kyrkjebok-føring) er tekne med. Vigslar utførte i utlandet er òg rekna med i desse tala.

*Sysseletta
i Den norske kyrkja auka*

2020-tala viser at 65 årsverk var lønte av sokna og 4 434 årsverk var lønte av fellestråda. Presteskapet med 1 455 årsverk var lønte av bispedøma. Til saman var talet på sysseletta i 2020 på 5 954 årsverk og ligg dermed 160 årsverk over tilsvarende tal i 2019, sjå tabell 14.6.

*Statlege og kommunale
utgifter til Den norske kyrkja
og trus- og livssynssamfunn*

Frå 1. mai 2019 vart ansvaret for Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn overført til Barne- og familiedepartementet (BFD). Dei statlege utgiftene til desse formåla i 2020 vil difor gå fram av Prop. 1 S for BFD.

For kyrkjebygg og gravplassar er det kommunane som har finansieringsansvaret. Kommunane hadde i tillegg finansieringsansvar for kyrkjelege tenester lokalt etter kyrkjelova § 15, og for andre trus- og livssynssamfunn etter lov om trudomsamfunn og ymist anna § 19 og lov om tilskot til livssynssamfunn § 3. Vi gjer lesaren merksam på at frå 1. januar 2021 er ny lov om tros- og livssynssamfunn trådt i kraft, men den gjer seg gjeldande først for statistikkåret 2021.

Dei statlege utgiftene til Den norske kyrkja går fram av tabell 14.7. I 2020 vart det løyvd 2,2 milliardar kroner til dette føremålet. Tilskot til trussamfunn m.m. utgjorde 401 millionar kroner.

Kommunane sine utgifter i 2020 til Den norske kyrkja og andre religiøse føremål finn ein i tabell 14.8 som er grunna i KOSTRA-rapporteringa.

Driftsutgifter i kommunane til Den norske kyrkja og til gravplassar og krematorium (rekneskapsfunksjon 390 og 393) var på til saman 3,3 milliardar kroner. Dette svarer til 0,9 prosent av totale netto driftsutgifter i kommunane. Fordi det er få kommunar som har forvaltningsansvaret for gravplassar og krematorium, har ein valt å sjå desse to funksjonane under eitt, sjå tabell 14.8.

Innanfor tilskot til trus- og livssynssamfunn (rekneskapsfunksjon 392) var netto driftsutgifter 444 millionar kroner i 2020, ein auke på 34 millionar frå 2019. Til samanlikning var driftsutgifter i kommunane til andre trus- og livssynssamfunn på 211 millionar kroner i 2010. Så i løpet av ein tiårs-periode har kommunane sine driftsutgiftene til andre trus- og livssynssamfunn meir enn dobla seg.

*4,9 milliardar kroner i
driftsinntekter for
kyrkjelege fellestråda*

I 2020 forvalta dei kyrkjelege fellestråda driftsinntekter på 4,9 milliardar kroner, 61 millionar meir enn året før, sjå tabell 14.9. Driftsutgiftene i dei kyrkjelege fellestråda gjekk noko ned og frå 2019 til 2020 og ende på nærare 4,7 milliardar kroner i 2020.

14.2. Om statistikken

Trus- og livssynssamfunn

Hovudføremålet med statistikken om trus- og livssynssamfunn er å synleggjere talet på medlemmer i dei trussamfunna og livssynssamfunna utanfor Den norske kyrkja som søker om statstilskot. Statistikken over trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja byggjer på oppgåver frå statsforvaltarane, over dei samfunna som har motteke statstilskot. Frå 2005 vert medlemslistene til trus- og livssynssamfunna som søker om statstilskot via statsforvaltarane, sende til Brønnøysundregistra (BR) for kontroll. Medlemslistene vert kontrollerte for dobbeltmedlemskap mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna. SSB får oppgåve over talet på medlemmer frå BR.

Alle trus- og livssynssamfunn som er godkjende hjå statsforvaltaren og som får statstilskot for rapporterte tal på medlemmer i samfunnet, er med i statistikken. Eininga i statistikken er det einskilde samfunn. Nokre nye samfunn kjem til i statistikken kvart år, medan andre samfunn som har vore med tidlegare/andre år, ikkje alltid er representerte året etter. Statistikken inneheld ikkje opplysningar om talet på kyrkjelydar.

*Den norske kyrkja –
årsstatistikk*

Frå og med statistikkåret 2005 skjer rapporteringa av årsstatistikk for Den norske kyrkja på elektronisk skjema til SSB. Innsamlinga av statistikken var til og med 2011 eit samarbeid mellom SSB og ansvarleg departement. Frå 2012 er ansvaret for kyrkjestatistikken overført til Kyrkjerådet. Føremålet med statistikken er å gi informasjon om verksemda i kyrkjelydane.

Statistikken omfattar alle dei geografiske sokna i Den norske kyrkja, unntateke av Svalbard. Det vert samla opplysningar om kyrkjelege handlingar⁶, gudstenester, opplæring og diakoni, barnehage- og skulekontakt, kyrkjemusikk og kulturarbeid, friviljug arbeid og ofringar. Ein person kan delta på fleire gudstenester. Kvart besøk blir rekna som ein deltakar på gudstenesta.

I 2016 vart det tatt i bruk eit nytt digitalt system for inn- og utmelding i Den norske kyrkja, og frå same år vert opplysningar om innmelde, utmelde og døypte innhenta direkte frå Kyrkjerådet. Frå 2016 er det òg ein ny definisjon for talet på døypte; tidlegare dåpstal omfatta utførte dåpshandlingar i soknet aggregert til kommunenivå og vidare til bispedømenivå og landstal, medan nytt dåpstal omfattar døypte i soknet aggregert opp. Delen døypte av talet på fødde på nasjonalt nivå er noko lågare i 2016 i høve til kva det ville vore etter gammal definisjon.

I hovudsak skal årsstatistikken rapportere om verksemd i soknet og som presten, soknerådet og dei tilsette har ansvaret for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, er ikkje med i denne statistikken.

Fellesråda

Dei kommunale løyvingane til kyrkja vert i hovudsak forvalta av dei kyrkjelege fellestråda. Rekneskapsstatistikk for dei kyrkjelege fellestråda vart for første gong henta inn for rekneskapsåret 1997. I 2004 gjekk fellestråda og sokna over til å føre rekneskapane etter ny kontoplan. Statistikken vert publisert årleg på nasjonalt nivå. I tabell 14.9 følgjer oversikt over utgifter og inntekter for fellestråda fordelte på ulike føremål.

A-ordninga

Frå og med 2015-årgangen har all registergrunna personellstatistikk A-ordninga som datakjelde i staden for Aa-registeret (SSB, 2014, 24. januar). Sysselsette og årsverk lønte av sokn, kyrkjelege fellestråd og bispedøme er henta frå KOSTRA-kyrkje.

SSB har tatt i bruk ein ny metode som gir betre informasjon om arbeidstid frå og med 2015. Den nye metoden får konsekvensar for utrekninga av årsverk, som er basert på avtalt stillingsprosent. Les meir om den nye metoden her: <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/ny-metode-gir-bedre-informasjon-om-arbeidstid>. Tal for åra 2015 til 2019 vart oppdatert i mars 2020.

⁶ Talet på kyrkjelege vigslar i denne statistikken avvik noko frå talet på kyrkjelege vigslar som byggjer på folkeregisteropplysningar i Befolkningsstatistikken til Statistisk sentralbyrå, ekteskap og skilsmisser.

Rekneskapsfunksjonar – kommunar I KOSTRA-rapporteringa av rekneskapane til kommunane omfattar kyrkje og andre religiøse føremål desse rekneskapsfunksjonane:

- 390 Den norske kyrkja
- 392 Tilskot til trus- og livssynssamfunn
- 393 Gravplassar og krematorium

For rekneskapsomgrep nytta i KOSTRA, sjå delkapittel 1.5. Omgrep og definisjonar.

Referansar

Statistisk sentralbyrå. (2014, 24. januar). A-ordningen – én datakilde for tre etater. Henta frå <http://www.ssb.no/omssb/om-oss/nyheter-om-ssb/a-ordningen-en-datakilde-for-tre-etater>

Statistisk sentralbyrå. (2021, 8. mars). Ekteskap og skilsmisser. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/barn-familier-og-husholdninger/statistikk/ekteskap-og-skilsmisser>

Statistisk sentralbyrå. (2021, 15. juni). Den norske kirke. Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/religion-og-livssyn/statistikk/den-norske-kirke>

Statistisk sentralbyrå. (2021, 25. juni). Kyrkjelege fellesråd, rekneskap. Henta frå <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kommunale-finanser/statistikk/kyrkjelege-fellesrad-rekneskap>

Statistisk sentralbyrå. (2021, 27. september). Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. Henta frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/religion-og-livssyn/statistikk/trus-og-livssynssamfunn-utanfor-den-norske-kyrkja>

Meir informasjon

Barne- og familiedepartementet (BFD): <https://www.regjeringen.no/no/tema/tro-og-livssyn/tros-og-livssynssamfunn/id2000112/>

Den norske kyrkja: <http://www.kirken.no>

Levekårsundersøkingane: <https://www.ssb.no/orgakt>

Tabell 14.1. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 1. januar. Absolutte tal og prosent

	2015		2016		2017		2018		2019		2020	
	Abso- lutte tal	Prosent av alle	Abso- lutte tal	Prosent av alle	Abso- lutte tal	Prosent av alle	Abso- lutte tal	Prosent av alle	Abso- lutte tal	Prosent av alle	Abso- lutte tal	Prosent av alle
Medlemmer i alt	558 977	100,0	622 042	100,0	619 222	100,0	655 236	100,0	678 433	100,0	697 257	100,0
Baha'i	1 134	0,2	1 149	0,2	1 146	0,2	1 115	0,2	1 118	0,2	1 091	0,2
Buddhisme	17 977	3,2	18 817	3	17 351	2,8	20 077	3,1	21 044	3,1	21 555	3,1
Hinduisme	8 181	1,5	8 882	1,4	8 965	1,4	10 427	1,6	11 405	1,7	12 153	1,7
Islam	141 027	25,2	148 189	23,8	153 067	24,7	166 861	25,5	175 507	25,9	182 826	26,2
Jødedom	747	0,1	770	0,1	769	0,1	789	0,1	809	0,1	794	0,1
Kristendom	296 521	53	349 083	56,1	339 492	54,8	355 070	54,2	365 851	53,9	372 651	53,4
Sikhisme	3 429	0,6	3 545	0,6	3 654	0,6	3 704	0,6	3 984	0,6	4 080	0,6
Livssynssamfunn	88 216	15,8	89 758	14,4	92 919	15	95 030	14,5	96 276	14,2	99 468	14,3
Andre trus- og livssynssamfunn	1 745	0,3	1 849	0,3	1 859	0,3	2 163	0,3	2 439	0,4	2 639	0,4

¹ Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for.

Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.2. Medlemmer¹ i trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, etter religion/livssyn og medlemmer i Den norske kyrkja, etter fylke

	Medlemmer utanfor Den norske kyrkja	Buddhisme	Islam	Kristendom	Annan religion ²	Livssyns- samfunn	Medlemmer ³ i Den norske kyrkja per 31.12.	Befolkninga i Noreg totalt
2006	383 510	9 934	72 023	216 141	8 141	77 271	3 871 006	4 681 134
2007	403 909	10 753	79 068	225 507	8 859	79 722	3 873 847	4 737 171
2008	411 790	11 038	83 684	226 969	9 440	80 659	3 874 823	4 799 252
2009	431 287	12 252	92 744	234 772	10 395	81 124	3 848 841	4 858 199
2010	449 875	13 376	98 953	245 664	8 992	82 890	3 835 477	4 920 305
2011	484 534	14 580	106 735	266 834	11 904	84 481	3 851 145	4 985 870
2012	510 684	15 426	112 236	289 018	9 282	84 722	3 848 295	5 051 275
2013	549 400	16 001	120 882	312 925	13 531	86 061	3 843 721	5 109 056
2014	587 286	17 087	132 135	337 316	14 304	86 444	3 835 973	5 165 802
2015	558 977	17 977	141 027	296 521	15 236	88 216	3 799 366	5 213 985
2016	622 042	18 817	148 189	349 083	16 195	89 758	3 758 070	5 258 317
2017	619 222	17 351	153 067	339 492	16 393	92 919	3 740 920	5 295 619
2018	655 236	20 077	166 861	355 070	18 198	95 030	3 724 857	5 328 212
2019	678 433	21 044	175 507	365 851	19 755	96 276	3 686 715	5 367 580
2020	697 257	21 555	182 826	372 651	20 757	99 468	3 649 292	5 391 369
2020								
Viken	45 553	1 571	13 620	25 086	548	4 728	203 528	300 112
Oslo	152 733	4 120	64 882	57 259	7 262	19 210	326 915	693 491
Innlandet	15 695	571	3 045	8 664	204	3 211	154 524	197 920
Vestfold og Telemark	13 403	489	3 005	7 126	166	2 617	150 713	189 365
Agder	41 716	1 170	13 011	20 705	1 880	4 950	190 851	285 336
Rogaland	60 117	1 954	11 742	37 850	1 384	7 187	333 178	479 891
Vestland	53 499	1 590	7 837	34 543	1 327	8 202	383 488	528 129
Møre og Romsdal	21 304	855	2 635	14 546	533	2 735	208 168	265 638
Trøndelag	35 912	1 504	7 017	17 479	830	9 082	354 414	467 139
Nordland - Nordlånnda	15 855	393	2 593	9 375	138	3 356	193 498	242 473
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	11 361	291	2 170	6 292	131	2 477	128 239	166 602
Uoppgjevne/busett i utlandet ⁴	1 132	42	518	441	21	110	6 865	-

¹ Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. ² Omfattar baha'i, hinduisme, jødedom, sikhisme og andre trusretningar.

³ Omfattar medlemmer og tilhøyrige. ⁴ Inkluderer ikkje medlemmer i Den norske kyrkja busette i utlandet.

Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå og Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.3. Medlemmer¹ i kristne trussamfunn utanfor Den norske kyrkja. Per 1. januar

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kristne trussamfunn	245 664	266 834	289 018	312 925	337 316	296 521	349 083	339 492	355 070	365 851	372 651
Adventistsamfunnet	5 136	5 066	4 884	4 841	4 806	4 785	4 778	4 695	4 648	4 634	4 642
Dei frie evangeliske forsamlingar	3 492	3 395	3 137	3 443	3 258	3 230	3 318	3 169	3 264	3 183	3 127
Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja i Noreg	19 503	19 614	19 507	19 552	19 557	19 499	18 908	19 469	19 215	19 500	19 313
Den finske kyrkjelyden i Noreg	4 169	4 146	4 193	3 440	4 348	4 355	4 117	1 290	2 187	2 198	2 180
Den Islandske Evangeliske Lutherske menighet i Noreg	5 422	5 946	5 983	6 634	6 740	6 516	6 830	1 066	2 740	5 619	6 008
Den kristelige menighet	6 879	7 110	7 319	7 259	7 750	7 997	8 177	8 417	8 235	8 513	8 726
Den ortodokse kyrkja	8 492	9 894	11 205	12 959	14 765	17 476	20 202	21 993	25 843	27 034	28 544
Den romersk-katolske kyrkja	66 972	83 018	102 286	121 130	140 109	95 655	144 856	152 022	157 220	160 884	165 254
Det Evangelisk-Lutherske kyrkjesamfunn	3 213	3 213	3 209	3 209	3 189	3 158	3 177	3 172	3 176	3 151	3 139
Det norske Baptistsamfunn	9 749	9 922	9 999	10 213	10 283	10 296	10 367	10 510	10 711	10 731	10 823
Det Norske Misjonsforbund	8 729	9 091	9 336	9 589	10 136	10 406	10 598	10 843	10 959	11 087	11 223
Jehovas vitner i Noreg	11 640	11 739	11 903	12 049	12 130	12 304	12 413	12 479	12 566	12 680	12 661
Kristensamfundet	2 578	2 585	2 567	2 544	2 540	2 527	2 550	2 483	2 481	2 455	2 428
Kristne senter	3 266	3 252	3 157	3 172	3 145	3 136	3 001	2 965	2 938	2 924	2 968
Metodistkyrkja i Noreg	11 082	11 055	10 761	10 715	10 684	10 566	10 531	10 432	10 320	10 190	10 000
Pinserøysla	39 923	39 599	39 108	39 412	39 398	39 149	39 431	39 263	40 056	40 632	40 725
Svenska kyrkan i Noreg	14 626	17 376	19 950	20 901	21 573	22 006	21 689	9 483	12 332	13 264	13 108
Andre kristne trussamfunn	20 793	20 813	20 514	21 863	22 905	23 460	24 140	25 741	26 179	27 172	27 782

¹ Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for.

Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.4. Den norske kyrkja. Kyrkjelege handlingar¹, etter bispedøme

	Talet på personar					
	Døypete ²	Konfirmerte	Vigslar	Gravferder	Innmelde	Utmelde
1996	50 067	39 122	13 837	41 352	1 071	5 000
1997	50 294	39 083	14 049	42 417	1 392	4 955
1998	48 462	37 870	13 189	42 002	871	4 831
1999	48 049	37 408	12 744	42 436	943	4 416
2000	48 023	37 330	14 041	41 369	843	4 519
2001	46 135	37 427	12 091	41 313	1 239	3 866
2002	44 136	38 250	12 690	41 531	854	3 759
2003	43 916	40 183	11 440	40 115	856	3 603
2004	44 008	41 600	10 710	38 491	877	4 475
2005	43 016	42 110	10 189	37 683	1 178	6 038
2006	43 255	42 587	9 594	37 897	1 132	8 134
2007	42 916	42 472	10 358	38 805	956	8 312
2008	42 599	41 655	10 536	38 832	955	7 036
2009	41 920	41 885	10 009	38 290	1 788	10 792
2010	41 100	41 981	9 549	38 290	1 101	6 570
2011	39 958	42 556	8 598	37 906	1 755	7 047
2012	38 357	41 186	8 898	37 673	1 161	5 258
2013	36 572	40 054	8 221	37 243	1 063	5 464
2014	35 051	40 253	8 006	36 430	1 047	11 003
2015	34 116	39 527	7 834	36 797	1 938	15 486
2016	32 561	37 420	7 535	36 150	3 147	41 024
2017	30 331	35 519	7 331	35 998	2 443	15 424
2018	28 597	35 248	7 048	35 683	2 096	11 877
2019	28 011	34 513	6 214	34 765	3 353	19 037
2020	23 822	33 083	4 394	34 605	2 343	12 653
2020						
Oslo	2661	2727	369	3634	398	2275
Borg	2602	4241	466	4537	261	1493
Hamar	1852	2617	358	3600	168	647
Tunsberg	1966	2843	412	3543	248	1125
Agder og Telemark	2174	2862	561	3296	289	1257
Stavanger	2767	3623	491	2769	206	1303
Bjergvin	3435	4944	558	4189	275	1782
Møre	1552	2209	276	1981	98	578
Nidaros	2460	3572	388	2998	193	1190
Sør-Hålogaland	1120	1799	239	2149	103	483
Nord-Hålogaland	1233	1646	276	1909	104	520

¹ Statistikken omfattar ikkje kyrkjelege handlingar i utlandet eller ved institusjonar (sjukehus, fengsel), kyrkje for høyrselsskadde, feltprestkorpsset o.a. som har eiga kyrkjebokføring. ² Frå 2016 endra definisjon på døypete.

Kjelde: Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.5. Den norske kyrkja. Gudstenester og deltakarar på gudstenester, etter bispedøme

	Gudstenester		Deltakarar		Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar/helgedagar i snitt	Talet på deltakarar via direktestrømming ¹
	I alt	Av dette gudstenester på søndagar/helgedagar	I alt	Av dette deltakarar på gudstenester søndagar/helgedagar		
1996	73 149	52 476	7 234 642	5 471 186	104,3	.
1997	72 659	53 707	7 182 081	5 392 558	100,4	.
1998	72 094	52 948	7 080 758	5 479 949	103,5	.
1999	71 235	52 246	6 869 729	5 298 655	101,4	.
2000	71 300	51 729	6 928 579	5 318 513	102,8	.
2001	70 630	51 529	6 678 321	5 169 015	100,3	.
2002	69 949	50 904	6 709 633	5 156 170	101,3	.
2003	69 896	50 559	6 742 174	5 185 894	102,6	.
2004	69 643	50 415	6 769 080	5 211 881	103,4	.
2005	70 070	52 045	6 716 051	5 389 181	103,5	.
2006	69 050	52 049	6 582 921	5 291 092	101,7	.
2007	67 562	51 429	6 432 108	5 177 754	95,2	.
2008	67 455	50 948	6 330 752	5 069 341	99,5	.
2009	66 803	49 926	6 224 424	4 968 006	99,5	.
2010	65 652	49 684	6 100 985	4 896 115	98,5	.
2011	65 580	49 002	6 265 261	4 985 031	101,7	.
2012	64 852	48 579	6 017 018	4 771 622	92,8	.
2013	64 048	48 302	5 952 894	4 723 224	97,8	.
2014	63 022	47 601	5 892 110	4 668 388	98,1	.
2015	61 908	46 574	5 770 032	4 563 916	98,0	.
2016	62 509	46 418	5 685 138	4 418 539	95,2	.
2017	61 000	45 500	5 454 826	4 194 793	92,2	.
2018	60 396	45 122	5 318 193	4 076 209	90,3	.
2019	60 166	44 803	5 249 069	3 994 221	89,2	.
2020	48 483	38 024	2 360 703	1 927 050	50,7	1 450 824
2020						
Oslo	3 977	2 834	222 630	175 706	62,0	.
Borg	5 115	4 266	230 737	192 760	45,2	.
Hamar	4 531	3 640	185 048	149 648	41,1	.
Tunsberg	4 098	3 272	184 650	158 443	48,4	.
Agder og Telemark	5 396	4 436	291 345	244 598	55,1	.
Stavanger	4 587	3 756	289 015	251 714	67,0	.
Bjergvin	6 802	5 399	320 675	265 805	49,2	.
Møre	3 040	2 356	163 250	127 841	54,3	.
Nidaros	4 877	3 331	221 329	164 779	49,5	.
Sør-Hålogaland	2 834	2 275	117 080	92 367	40,6	.
Nord-Hålogaland	3 226	2 459	134 944	103 389	42,0	.

¹ Deltakarar via direktestrømming er berre registrert for 2020 og inkluderer dei som såg minst 85 prosent av ein direktestrøymt gudsteneste.

Kjelde: Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.6. Sysselsette og årsverk lønte av sokn, kyrkjelege fellesråd og bispedøme

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Sysselsette i årsverk lønte av sokn, kyrkjelege fellesråd og bispedøme, totalt ¹	5 491	5 601	5 923	5 859	5 751	5 707	5 794	5 954
- av sokn	56	61	86	91	84	85	98	65
- av kyrkjelege fellesråd	4 083	4 156	4 447	4 406	4 332	4 276	4 360	4 434
- av bispedøma (presteskap)	1 352	1 384	1 390	1 362	1 335	1 346	1 336	1 455
Talet på sysselsette								
- i sokn	139	163	237	246	223	247	249	177
- i kyrkjelege fellesråd ²	5 943	6 017	7 694	7 195	6 956	7 218	7 509	6 851
- i bispedøma (presteskap)	1 433	1 493	1 498	1 458	1 460	1 589	1 472	1 588

¹ Tabellen er oppdatert tilbake til 2015 med sysselsette i årsverk då det blir nytta ein ny metode som gir betre informasjon om arbeidstid, sjå avsnitt 14.2. Om statistikken. ² Tala for sysselsette i fellesråda 2015 omfattar sysselsette i samband med kyrkjevalet 2015.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.7. Utgifter til Den norske kyrkja og tilskot til trussamfunn m.m. Rekneskapstal. Løyvingar. Millionar kroner og prosent

	Den norske kyrkja	Prosent av departementet sine utgifter	Tilskot til trussamfunn m.m.	Prosent av departementet sine utgifter
2005	1 206,3	19,9	118,0	1,8
2006	1 293,7	19,0	120,1	1,8
2007	1 352,9	18,5	146,7	2,0
2008	1 434,1	18,1	156,4	2,0
2009	1 611,5	17,7	178,1	2,0
2010	1 524,8	19,8	185,3	2,3
2011	1 672,0	18,9	215,3	2,5
2012	1 656,3	18,3	221,2	2,5
2013	1 714,1	.	245,8	2,5
2014	1 913,4	15,4	283,9	2,3
2015	2 050,3	16,0	282,9	2,2
2016	2 040,9	15,3	307,8	2,5
2017	2 487,7	18,2	336,2	2,5
2018	2 310,0	16,4	359,3	2,5
2019	2 416,0	15,3	402,0	2,5
2020	2 198,3	6,0	401,0	1,1

Kjelde: Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet og Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Tabell 14.8. Netto drifts- og investeringsutgifter¹ for kommunar² til Den norske kyrkja, andre religiøse føremål og kyrkjegardar, gravlundar, krematorium

	Funksjon 390 Den norske kyrkja og funksjon 393 kyrkjegardar, gravlundar, krematorium			Funksjon 392 Tilskot til trus- og livssynssamfunn		
	Totalt til Den norske kyrkja og gravplassar og krematorium	Netto driftsutgifter til Den norske kyrkja og gravplassar og krematorium prosent av totale driftsutgifter	Investeringsutgifter til Den norske kyrkja og gravplassar og krematorium	Netto driftsutgifter	Netto driftsutgifter i prosent av totale driftsutgifter	Investeringsutgifter
		Mill. kr	Prosent		1 000 kr	
2009	2 239,6	1,2	869 589	175 958	0,1	1 226
2010	2 324,4	1,2	813 100	210 600	0,1	1 600
2011	2 455,7	1,1	804 342	220 612	0,1	11 358
2012	2 572,5	1,0	793 827	244 407	0,1	6 100
2013	2 664,1	1,0	889 600	292 902	0,1	3 800
2014	2 784,7	1,0	915 872	312 627	0,1	282
2015	2 876,2	1,0	830 122	296 965	0,1	1 750
2016	2 951,8	1,0	983 054	335 252	0,1	268
2017	3 040,9	1,0	958 561	361 791	0,1	181
2018	3 190,6	1,0	998 470	410 744	0,1	1 180
2019	3 239,6	1,0	1 166 460	409 326	0,1	0
2020	3 290,6	0,9	1 004 370	443 707	0,1	1 083
2020						
Viken	665,8	0,9	218 086	103 672	0,1	0
Oslo	228,5	0,5	76 968	81 340	0,2	0
Innlandet	248,4	1,0	49 672	23 254	0,1	0
Vestfold og Telemark	276,2	1,1	77 953	36 450	0,1	0
Agder	214,8	1,1	73 245	43 926	0,2	0
Rogaland	318,0	1,1	198 657	43 725	0,1	0
Vestland	464,8	1,1	144 332	51 047	0,1	58
Møre og Romsdal	195,7	1,1	12 164	15 817	0,1	0
Trøndelag - Trööndelage	306,2	1,1	90 444	22 538	0,1	0
Nordland - Nordlännda	193,5	1,1	36 457	11 188	0,1	1 025
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmärku	178,7	1,0	26 392	10 750	0,1	0

¹ Oppdaterte tal for 2015, tidlegare var ikkje interkommunale selskap medrekna. ² I 2010 er det eit estimat for alle kommunar

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå

Tabell 14.9. Kyrkjelege fellesråd, rekneskapsstatistikk¹. Inntekter og utgifter

	2018					2019					2020				
	Drifts- inntekter i alt		Drifts- ut- gifter		Investe- rings- utgifter	Drifts- inntekter i alt		Drifts- ut- gifter		Investe- rings- utgifter	Drifts- inntekter i alt		Drifts- ut- gifter		Investe- rings- utgifter
	Mill.kr	Prosent	Mill.kr	Prosent		Mill.kr	Prosent	Mill.kr	Prosent						
Driftsinntekter i alt	4 688	.	.	.	4 886	4 940	
Utgifter i alt	4 562	1 080	100	100	4 766	1 085	100	100	4 656	1 120	100	100	.		
Kyrkjeleg administrasjon	1 281	25	28	2	1 356	26	28	2	1 309	21	28	2	.		
Kyrkjer	1 561	669	34	62	1 594	660	33	61	1 558	716	33	64	.		
Gravstader	836	378	18	35	896	392	19	36	906	374	19	33	.		
Anna kyrkjeleg verksemd	797	8	17	1	833	7	18	1	815	9	18	1	.		
Barnehagar ²	87	0	2	0	87	.	2	0	67	.	1	.	.		

¹ Fellesråd med manglande rapportering er det estimert verdiar. ² Omfattar fellesråda som har ansvar for barnehagar.

Kjelde: Kyrkjelege fellesråd, rekneskap, Statistisk sentralbyrå.


15. Kulturskular og Den kulturelle skulesekken

15.1. Kulturskular

95 000 elevar
i kulturskular

I 2020 var det 95 000 elevar i kommunale kulturskular og ein nedgang i høve til året før då talet var 100 000. Talet på elevar i kommunale kulturskular nådde toppen i 2011. Sidan har talet på elevar gått ned frå år til år, med unntak frå ein liten auke mellom 2017 og 2018 og mellom 2018 og 2019, sjå tabell 15.1. Fylkesvise tal viser at Viken hadde flest kulturskule-elevar i 2020, medan Nordland hadde færrest med høvesvis 17 900 og 4 200 elevar, sjå figur 15.1.

Figur 15.1. Elevar i kommunale kulturskular, etter fylke. 2020



Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

I 2020 var 13 prosent av alle born mellom 6 og 15 år elevar i kulturskular, same som dei tre føregåande åra. Delen elevar i kulturskular varierte i kvart fylke. Møre og Romsdal hadde den største delen med 20 prosent og dernest Trøndelag med 19 av alle unge i alderen 6 til 15 år. Lågast del hadde Oslo med 10 prosent, sjå tabell 15.1.

Frå og med 2020 er det ny kommune- og fylkesinndeling i Noreg og tal frå kommune- og fylkeskommunenivå vil ikkje fullt ut kunne samanliknast med tidlegare år. Les meir om dette i Om statistikken.

Fordelinga av elevar i kulturskulen var i 2020 lik som i tidlegare år. Det vil seie at elevar under grunnskulealder utgjorde 5 prosent av elevane på kulturskular i 2020, medan 86 prosent var i grunnskulealder og 9 prosent var over grunnskulealder. Det var fleire jenter enn gutar i alle dei tre aldersgruppene, slik det òg har vore dei føregåande åra. Tala på jenter og gutar i kulturskulen er på høvesvis 61 600 og 33 700 i 2020. Samanlikna med tala i 2019 er dette ein nedgang tilsvarande 4 prosent for jenter og 6 prosent for gutar, sjå tabell 15.3.

Færre elevplassar

I 2020 var det i alt 119 000 elevplassar på kommunale kulturskular. Talet gjekk ned med 5 700 frå året før, sjå tabell 15.2. Vi gjer merksam på at ein elev i kulturskulen kan ha fleire plassar.

Populær musikkundervisning Det var i 2020 flest deltakarar med musikkundervisning, ein trend vi har sett også i føregåande år. 27 prosent av elevane deltok på musikkundervisning. Det er likevel ein nedgang på 5 prosentpoeng frå året før, sjå tabell 15.4. På landsbasis i skuleåret 2020/21 var 3 av 5 elevar innom musikkundervisning og vi ser at det i alle fylka var flest på musikkundervisning. Sju av ti elevplassar på kulturskular i Trøndelag var innanfor musikk, sjå tabell 15.2.

Etter musikkundervisning var det flest elevplassar innanfor dans. Desse elevplassane utgjorde 20 prosent av alle elevplassane i dei kommunale kulturskulane. Vestfold og Telemark, samt Troms og Finnmark hadde høgast del elevplassar i dans med høvesvis 33 og 30 prosent. I Vestland var 9 prosent av elevplassane innanfor dans i 2020.

15.2. Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) skal sikre at alle born og unge i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa får oppleve profesjonell kunst og kultur i skulen. Det er Kulturtanken som koordinerer, forvaltar, kvalitetssikrar og utviklar DKS på nasjonalt nivå, og tilskot delast ut til kommunar og fylkeskommunar som organiserer tilboda til born og unge. Meir om organiseringa av DKS er omtalt i delkapittel 15.3.

33 300 arrangement i grunnskulen og 2 500 i den vidaregåande skulen Samla i grunnskulen var det 33 300 einskildarrangement i 2020. Dette er ein nedgang i høve til året før med heile 13 000 arrangement. Ei forklaring er at det har vore mindre aktivitet grunna koronapandemien. Dei fleste arrangementa var innanfor litteratur og visuell kunst med høvesvis 6 300 og 5 800 arrangement. Totalt deltok meir enn 1,3 millionar elevar på arrangementa, noko som gjev eit snitt på 40 elevar per arrangement, sjå tabell 15.4.

